

Utval: Fylkestinget
Møtestad: Hotel Grand Terminus, Bergen
Dato og tid: 8. desember 2015 kl. 11.00-17.40
 9. desember 2015 kl. 09.00-17.55

Følgjande faste medlemmer møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Anne Gine Hestetun	Fylkesordfører	A
Sveinung Valle	Medlem	A
Siri Klokkestuen	Medlem	A
Rasmus Laupsa Rasmussen	Medlem	A
Kari Sørensen Bernardini	Medlem	A
Atle Kvåle	Medlem	A
Mari Klokkestuen Kjellesvik	Medlem	A
Emil Lennart Pålikoff Gadolin	Medlem	A
Kine Bratli Dale	Medlem	A 09.12. frå kl. 11.00
Helge Nævdal	Medlem	A
Synnøve Solbakken	Medlem	A
Espen Berntsen	Medlem	A
Linda Haugland Jondahl	Medlem	A
Roald Kvamme	Medlem	A 09.12. forfall 12.30-13.30
Katrin Innvær Ankervold	Medlem	A
Per Lerøy	Medlem	A
Kjell Gitton Håland	Medlem	A
Gunn Berit Lunde Aarvik	Medlem	A
Kjetil Hestad	Medlem	A
Terje Søviknes	Medlem	Frp
Silje Hjemdal	Medlem	Frp
Roald Stenseide	Medlem	Frp 08.12: til kl. 15.15
Sigbjørn Framnes	Medlem	Frp
Gustav Bahus	Medlem	Frp 08.12. til kl. 13.15
Gunnar Bakke	Medlem	Frp 08.12.
Renate Møgster Klepsvik	Medlem	Frp
Tom-Christer Nilsen	Medlem	H
Mona Louise Røsvik Strømme	Medlem	H
Silja Ekeland Bjørkly	Medlem	H
Nils Marton Aadland	Medlem	H 08.12. til kl. 14.00
Inge Reidar Kallevåg	Medlem	H
Stein Inge Ryssdal	Medlem	H
Ragnhild Hus Fagerbakke	Medlem	H
Olav Kvinge	Medlem	H
Iiril Kirstine Schau Johansen	Medlem	H 09.12. til kl. 16.00
Dan Stian Femoen	Medlem	H
Svein Kolbein Halleraker	Medlem	H 09.12. til kl. 16.00
May Eva Sandvik	Medlem	H
Astrid Aarhus Byrknes	Medlem	KrF
Pål Kårbø	Fylkesvaraordfører	KrF
Beate Husa	Medlem	KrF
Tor André Ljosland	Medlem	KrF
Tom Sverre Tomren	Medlem	MDG
Natalie Antonia Golis	Medlem	MDG
Øyvind Strømmen	Medlem	MDG
Terje Kollbotn	Medlem	Rødt
Nils T Bjørke	Medlem	Sp

Benthe Enes Bondhus	Medlem	Sp	
Jon Askeland	Medlem	Sp	09.12.
Sara Hamre Sekkingstad	Medlem	Sp	
Aud Karin Oen	Medlem	SV	
Marthe Hammer	Medlem	SV	
Daniel Charles Hextall	Medlem	SV	09.12. til kl. 13.30
Anne Beth Njærheim	Medlem	V	09.12: til kl. 13.45
Geir Kjell Andersland	Medlem	V	09.12.
Geir Angeltveit	Medlem	V	09.12. til kl. 17.30

Følgjande medlem hadde meldt forfall for heile tinget:

Namn	Funksjon	Representerer
Gro Berge	Medlem	A

Følgjande varamedlemmer møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Gro Berge	Åse Gunn Husebø	A 08. og 09.12.
Elizabeth Toft Erichsen	Geir Kjell Andersland	V 08.12.
Alexander Fosse Andersen	Jon Askeland	Sp 08.12.
Anita Garlid Johannessen	Gustav Bahus	Frp 08.12. frå kl. 13.15
Rosalind Fosse	Roald Stenseide	Frp 08.12. frå kl. 16.15
Kirsten Syljeseth	Nils Marton Aadland	H 08.12. frå kl. 14.00
Øyvind Hardeland	Kine Bratli Dale	A 09.12. kl. 09.00-11.00
Kari Foseid Aakre	Roald Kvamme	A 09.12. kl. 12.30-13.30
Einar Horvei	Daniel Charles Hextall	SV 09.12. frå kl. 13.30
Elizabeth Toft Eriksen	Anne Beth Njærheim	V 09.12. frå kl. 13.45
Ingrid Handeland	Geir Kjell Andersland	V 09.12. frå kl. 17.30
Rosalind Fosse	Roald Stenseide	Frp 09.12.
Anita Garlid Johannessen	Gunnar Bakke	Frp 09.12. frå kl. 09.50
John Helge Gullaksen	Irl Schau Johansen	H 09.12. frå kl. 16.00
Christer Lilleskare	Svein Halleraker	H 09.12. frå kl. 16.00

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Rune Haugsdal	Fylkesrådmann
Ingrid Holm Svendsen	Fylkesdirektør økonomi og organisasjon
Svein Heggheim	Fylkesdirektør opplæring
Håkon Rasmussen	Fylkesdirektør samferdsel
Per Morten Ekerhovd	Kst. fylkesdirektør kultur og idrett
Bård Sandal	Fylkesdirektør regional utvikling
Arne Åsan	Fylkestannlege
Janne Værnø	Kommunikasjonsdirektør
Bjarte Brask Eriksen	Seniorrådgjevar, kommunikasjonsseksjonen
Jan Erik Angelskår	Rådgjevar, IT-seksjonen
Sigrud H. Aardal	Seniorrådgjevar, komm.seksjonen/fylkessekretariatet
Anita Fjellheim	Spesialkonsulent, komm.seksjonen/fylkessekretariatet
Gro Stien Thorvaldsen	Seniorrådgjevar, komm.seksjonen/fylkessekretariatet

Anne Gine Hestetun

Dan Femoen

Marthe Hammer

Gro Stien Thorvaldsen
sekretær

Sakliste

Utvalls- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off.
PS 86/15	Godkjenning av møteinnkalling		
PS 87/15	Referatsaker (meldingar)		
PS 88/15	Interpellasjonar/spørsmål		
RS 21/15	Markedsføring av fagopplæring og skoler med vekt på rekruttering til yrkesfag	2015/9024	
RS 22/15	Oppfølging av skulebruksplanen – Sak 78/15 Opplærings- og helseutvalet	2014/10030	
RS 23/15	Svar på spørsmål vedk. private vidaregåande skular	2015/12062	
RS 24/15	Melding om fritt skuleval over fylkesgrensa mellom Hordaland og Rogaland	2014/23406	
RS 25/15	Status for planarbeid for Fv. 276 Garnes - Indre Arna	2015/1799	
RS 26/15	Oppløysing av Bystasjonen AS - Overføring til Hordaland fylkeskommune	2014/14130	
RS 27/15	Årsmelding for Hordaland fylkeseldreråd 2014	2014/557	
RS 28/15	Henvendelser knytt til sak dimensjonering av Studiespesialiserande (ST) i Bergen	14/10030	
RS 29/15	Henvendelser knytt til sak dimensjonering av Studiespesialiserande (ST) i Bergen - Fana gymnas fra Anne Storjo-hann Posner med vedlegg	15/12329	
RS 30/15	Henvendelser knytt til sak dimensjonering av Studiespesialiserande (ST) i Bergen – Fana gymnas – frå Kristin Om	15/12329	
PS 89/15	Dimensjonering av Studiespesialiserande (ST) i Bergen	2014/10030	
PS 90/15	Forvaltningsrevisjon av rusførebyggande tiltak i vidaregåande skular	2014/24576	
PS 91/15	Revisjon av lokal forskrift om inntak og formidling	2015/10391	
PS 92/15	Tilstandsrapport vidaregåande opplæring 2014/15	2015/1090	
PS 93/15	Bergen katedralskole - godkjenning av forprosjektet	2014/10285	
PS 94/15	Godkjenning av 2 prosjektrekneskavar i skulesektoren.	2015/11425	
PS 95/15	Årsbudsjett 2016 / økonomiplan 2016-2019	2015/5430	
PS 96/15	Tilskot til ordning med politisk rådgjevar for fylkesordførar	2015/10429	
PS 97/15	Val til styre, råd, utval og nemnder for perioden 2015 - 2019. Utsette val.	2015/8173	
PS 98/15	Regionalt forskingsfond Vestlandet - val av fondsstyre for perioden 2016 – 2019	15/11723	
PS 98/15	Resterande val til styre, råd og utval valperioden 2015-2019	2015/8173	
PS 99/15	Nytt val til kontrollutvalet 2015-2019	2015/8173	
PS 100/15	Handlingsprogram 2016 - 2019 Kollektivstrategi for Hordaland	2014/278	
PS 101/15	Fylkesvegane - Plan- og byggeprogram 2016	2014/22536	
PS 102/15	Kjøp av bussanlegg i Nordhordland	2015/791	

PS 103/15	Regionalt forskingsfond Vestlandet - fylkestinga si bestillinga for 2016 - 2019	2015/3546
PS 104/15	Klimaplan for Hordaland - Handlingsprogram 2016	2015/10375
PS 105/15	Regional plan for vassregion Hordaland 2016 - 2021	2014/16490
PS 106/15	Regional plan for vassregion Sogn og Fjordane 2016-2021	2014/21281
PS 107/15	Regional plan for vassregion Rogaland 2016-2021	2014/16587
PS 108/15	Regional plan for vassregion Vest-Viken 2016-2021	2014/16551
PS 109/15	Reklamefinansiert kollektivtransport - status og gjennomgang	14/1328
PS 110/15	Ymse	

PS 86/15 Godkjenning av møteinnkalling

Saksprotokoll i fylkestinget - 08.12.2015

PS 109/15 vert behandla som andre sak etter PS 89/15 den 08.12.2015. PS 95/15 vert behandla 09.12.2015.

Vedtak

Innkallinga vart godkjend.

Saklista vart godkjend med merknadene over.

PS 87/15 Referatsaker (meldingar)

Saksprotokoll i fylkestinget - 08. og 09.12.2015

I samband med RS 23 "Svar på spørsmål vedk. private vidaregåande skular" bad **Terje Kollbotn** om fullgodt svar på spørsmål 2 og 3 i neste møte.

Vedtak

Med merknaden over vart referatsakene 21-30/15 tekne til orientering.

PS 88/15 Interpellasjonar/spørsmål

Saksprotokoll i fylkestinget - 09.12.2015

INTERPELLASJONAR

Aud Karin Oen (SV) hadde sendt slik interpellasjon (1) til fylkesordføraren:

"Global Dignity Day

21. oktober har det vorte arrangert Global Dignity Day (GDD) over heile landet. GDD er initiert frå Kronprins Haakon. Det undrar meg at dette får innpass i norske skular utan kvalitetssikring og politiske vedtak. Er det slik at personar med pengar og makt skal kunna få innpass i den vidaregåande skulen med eit pennestrøk? I Hordaland er der 9 vidaregåande skular som har delteke i følgje BT. Både FN-dagen og Operasjon Dagsverk står i fare for å bytast ut mot dette programmet som ikkje er tilpassa noko læreplan.

Elevar «bekjenner» og fortel «verdighetshistoriar» i plenum. Dette er unge og ofte sårbare menneskje, og ikkje alle forstår konsekvensen av å stå fram og fortelja om djupt personlege erfaringar føre eit stort publikum.

Eit fundamentalt utgangspunkt for eit verdig liv er eit myndig liv. Eit myndig menneskje må sjølv kunna avgjera kva eit verdig liv er og ikkje verte fortalt det av andre. Faren for å tilsløra dei eigentlege problema med samfunnsstrukturar som skapar forskjellar og diskriminering med eit slikt individretta fokus er stort. Elevar på vidaregåande skular i Hordaland må læra om medmenneskelege verdiar og å hjelpa andre, men er dette måten å gjera det på?

Spørsmål til fylkesordføraren:

- Er det rett at 9 vidaregåande skular i Hordaland gjennomfører GDD?
- Kva undervisningstid vert dette teke av?
- Kven bestemmer at skulane skal ha dette opplegget?
- Vil fylkesordføraren kunna stoppa dette?"

Fylkesordføraren svarte slik:

"Global Dignity blei etablert i 2006 av H.K.H. Kronprins Haakon og to andre medlemmer av Young Global Leaders, professor Pekka Himanen og John Bryant. Global Dignity er ein uavhengig, ideell og politisk nøytral organisasjon med tre føremål: Fremje leiarskap basert på verdigheit, stimulere til ein global samtale om verdigheit og engasjere ungdom til å reflektere rundt omgrepet verdigheit gjennom å skape dialog med dei. Global Dignity sin hovudaktivitet er å arrangere Global Dignity Day (GDD) på skular over heile verda. I Norge har 130 000 sekstenåringar vore med sidan skuleopplegget starta opp i 2010.

Spørsmål 1

GDD blir kvart år gjennomført den tredje onsdagen i oktober. Hausten 2015 var det i alt ni skular i Hordaland som gjennomførte GDD. Skulane som deltok i år var Fusa vgs, Os vgs, Os gymnas, Nordahl Grieg vgs, Stend vgs, Garnes vgs, U. Phil vgs, Knarvik vgs og Voss gymnas. I Hordaland har i gjennomsnitt sju skular delteke kvart år sidan 2010.

Spørsmål 2

GDD er eit undervisningsopplegg på to timar for Vg1-elevane, og skulane melder om at gjennomføringa av GDD legg beslag på mellom to og tre undervisningstimar på sjølve dagen. Skulane som deltek på opplegget i Hordaland melder at dei knytter GDD til det kontinuerlege arbeidet med å utvikle eit godt klasse- og skulemiljø. Ein av skulane knytter GDD direkte til handlingsplanen for systematisk arbeid med det psykososiale miljøet (9a).

Spørsmål 3 og 4

Det er opp til skulane sjølve å bestemme om dei ønskjer å delta på GDD. Både leiarar, lærarar og elevråda er med på førebuinga av opplegget. Kvar skule peikar i tillegg ut ein koordinator som har det praktiske ansvaret.

Skuleeigar verken skal eller bør overstyre skulane sin handlingsfridom i høve eksternt samarbeid og ønskjer ikkje å nekte skulane å gjennomføre GDD i framtida."

Iiril Schau Johansen (H) hadde sendt slik interpellasjon (2) til fylkesordføraren:

"Barn som lever i fattigdom

Utgangspunktet for denne interpellasjonen er «Barn som lever i fattigdom, Regjeringens strategi (2015-2017)»:

https://www.regjeringen.no/contentassets/ff601d1ab03d4f2dad1e86e706dc4fd3/barn-som-lever-i-fattigdom_q-1230-b.pdf

Strategien inneheld ei rekkje tiltak som kan vere med på å hjelpe born som er i ein utsett situasjon som følgje av at familien deira har svak økonomi eller andre utfordringar.

Ein del av strategien tek føre seg kor viktig det er å kunne delta i den sosiale fellesskapen som ulike fritidsaktivitetar innanfor kultur og idrett skapar. Å ikkje få vere med, skapar einsemd. Einsemd er helseskadeleg.

Strategien inneheld og ei rekkje meir generelle tiltak som kan vere med på å støtte familiar som er i ein vanskeleg situasjon.

Eg vil be om at Regjeringa sin strategi mot barnefattigdom blir lagt fram for Utval for kultur, idrett og regional utvikling som eiga sak, slik at utvalet kan ta stilling til om det er tiltak i strategien som Hordaland fylkeskommune kan gjere seg nytte av.

Ei aktuell problemstilling kan vere om lag og organisasjonar som får løyvingar frå fylkeskommunen, skal oppmodast til å halde av nokre gratisplassar innanfor aktivitetane sine til barn og unge med svak familieøkonomi, eller med særskilt trong for integrering. Det kan og vere aktuelt å sjå på om det finst tilskotsordningar som fylkeskommunen kan søkje direkte på innanfor ulike område. Fylkeskommunen bør i tillegg vurdere å ta initiativ til at strategien sine tilskotsordningar retta direkte mot t.d. idrettslag blir betre kjende.

Strategien gjev eit godt og oversiktleig utgangspunkt for ei brei drøfting av kva vi kan gjere for å bøte på barnefattigdom. Målet med denne interpellasjonen, er å få til ein politisk dugnad der vi i fellesskap kan kome fram til gode løysingar for Hordaland på dette området.

Vil fylkesordføraren ta initiativ til at Regjeringa sin strategi mot barnefattigdom blir lagt fram for Utval for kultur, idrett og regional utvikling som eiga sak, slik at utvalet kan ta stilling til om det er tiltak i strategien som Hordaland fylkeskommune bør vurdere å gjere seg nytte av?"

Fylkesordføraren svarte slik:

"I mai 2015 kom Regjeringa sin strategi mot barnefattigdom (2015-2017) – Barn som lever i fattigdom.

Arbeidet med strategien er koordinert av Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet, i samarbeid med Helse- og omsorgsdepartementet, Arbeids- og sosialdepartementet, Kunnskapsdepartementet, Kulturdepartementet og Kommunal- og moderniseringsdepartementet. Friviljuge organisasjonar og KS har gjeve innspel undervegs. Det same har born gjennom egne høyringar, arrangert av Redd Barna og via Barneombodet.

Fylkeskommunane og kommunane har ikkje fått tilsendt strategien på høyring og har heller ikkje delteke i utarbeidinga. Den er dermed ikkje gjeve lokal- eller regionalpolitisk forankring, men må sjåast som regjeringa sin eigen strategi i perioden 2015-2017. Slik sett vil den verke styrande for departementa sin innsats, men er ikkje ein politikk som gjev nasjonale føringar for offentlege styremakter, slik til dømes ei Stortingsmelding gjer.

Ansvar for oppfølging av fleire av tiltaka i strategien har fylkesmennene fått. Fylkesmannen i Hordaland forvaltar deler av dei statlege midlane som er knytte til gjennomføringa av strategien. Til dømes er Askøy, Bergen, Fjell, Kvinnherad og Ullensvang tildelt skjønsmidlar for fem år frå 2015. Det første året har kommunane fått 6,5 millionar for kartlegging av born og fattigdom og skulering av offentleg tilsette og andre. Seinare skal det leggjast fram ein tiltaksplan for å sikre at born som lever i fattigdom ikkje vert stigmatiserte.

Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet (Bufdir) har fått ansvar andre tilskotsordningar. Gjennom Nasjonal tilskotsordning mot barnefattigdom har Bufdir fordelt 134 millionar kroner til 425 tiltak som skal motverke og dempe fattigdomsproblem blant born og unge. Både friviljuge organisasjonar, kommunar og private aktørar tek i mot støtte frå tilskotsordninga.

Fylkeskommunane er ikkje tildelt ansvar for gjennomføring av strategien. Det er likevel lett å peike på områder der fylkeskommunen kan bidra. Både som tenesteproducent og som regional styresmakt har fylkeskommunen oppgåver på sentrale felt i iverksetjinga av strategien. Som skuleeigar med ansvar for å innrette vidaregåande skular og opplæring i Hordaland, vil fylkeskommunen spele ei nøkkelrolle. Kultur- og idrettsfeltet har i tillegg vist seg som eit særskilt viktig område dersom ein har som mål å skape eit ope og inkluderande samfunn der deltaking for born og unge ikkje er avhengig av foreldreinntekt, sosial bakgrunn eller bumiljø. I si portefølje har fylkeskommunen ei rekkje ordningar og tiltak som fremjer brei deltaking i varierte kultur, idrett og friluftslivstilbod. Transportordningar og kulturprogramma i skulane er velkjende verkemiddel. Den tidlegare regionale ordninga med kulturkort var etablert for å fremje unge si deltaking på alt frå konsertar, kino til idrettsarrangement. Staten avvikla tilskota til ordninga og den vart dermed lagt ned.

Med grunnlag i denne vurderinga rår fylkesordføraren til at Regjeringa sin strategi mot barnefattigdom vert lagt fram for både utval for opplæring og helse og for utval for kultur, idrett

og regional utvikling som eiga sak og at ein tek stilling til korleis fylkeskommunen kan arbeide med born og unge som le-ver i fattigdom."

Iril Schau Johansen (H) og **Silje Hjemdal** (Frp) hadde sendt slik interpellasjon (3) til fylkesordføraren:

"Brukarkvoter i Transportordninga for funksjonshemma i Hordaland

Retningslinjer for Transportordninga for funksjonshemma i Hordaland vart revidert i fjor, og ny utgåve vart gjeldande frå 1. november 2015.

Under punkt sju «Brukarkvoter» står det at «brukarar inntil vidare vil få tildelt følgjande kvoter ...»

Desse kvotene er no som følgjer:

Brukarar over 67 år kr. 4.500,- pr. år

Brukarar under 67 år kr. 5.500,- pr. år

Blinde/sterkt svaksynte (under visus 0,1) kr. 7.500,- pr. år

Rullestolbrukarar med manuell rullestol kr. 7.500,- pr. år

Rullestolbrukarar med elektrisk rullestol eller som treng spesialbil kr. 9.500,- pr. år

Gjeldande kvoter har vore uendra sidan 2007, og det kan vere grunn til å sjå nærare på om desse no bør aukast eller indeksregulerast. Dersom ordninga ikkje vert nytta fullt ut, og dermed i praksis er overbudsjettet, kan det vere rom for slik regulering utan at det får innverknad på fylkesbudsjettet.

Vil fylkesordførar ta initiativ til ei sak der kvotene for Transportordninga for funksjonshemma i Hordaland blir gjennomgått, med tanke på ein mogleg auke av brukarkvotene?"

Fylkesordføraren svarte slik:

"Bakgrunn for saka:

Gjeldande beløpskvotar for transportordninga har vore uendra sidan 2007. Det kan vere grunn til å sjå nærare på om desse no bør aukast eller indeksregulast. Dersom ordninga ikkje vert nytta fullt ut, og dermed i praksis er overbudsjettet, kan det vere rom for ein slik regulering utan at det får innverknad på fylkesbudsjettet.

Fylkesordføraren vil ta initiativ til ei sak der vi vil vurdere om kvotene for Transportordninga for funksjonshemma i Hordaland skal gjennomgåast, med tanke på ein mogeleg auke av brukarkvotene.

Fylkesordføraren vil vurdere dette med bakgrunn i følgjande tre punkt :

1. Korleis er transportordninga for funksjonshemma i Hordaland i forhold til andre fylkeskommunar, både når det gjeld beløpskvotar og totalforbruk?
2. Korleis har prisstiging vore når det gjeld prisar for å nytte drosje?
3. Korleis har den generelle prisutviklinga vore i samfunnet elles?"

SPØRSMÅL

Terje Kollbotn (R) hadde sendt slikt spørsmål (1) til fylkesordføraren:

"Transportøkonomisk institutt ønskjer at fleire skal reise kollektivt, og for å få til dette har dei framlegg om auka billettprisar i rushtida. Dette vil ramme folk som skal på jobb og skule, og samstundes svekka verknaden av køprisinga som blir innført frå 1/1- 2016. For at auka bompengar i morgon- og ettermiddagsrushet skal ha ei hensikt, bør ein heller redusera kollektivprisane slik at folk sparer på å reise kollektivt. Køpris er eit verkemiddel for å få fleire til å velje bort privatbilen, men då må det finnast eit godt og rimeleg alternativ.

Folk flest jobbar ikkje fleksitid, og kan ikkje avgjere når skulen startar, og kan difor ikkje velje når dei vil reise til jobb eller skule. Det held ikkje at TØI vil kompensera med lågare prisar på dag- og kveldstid. Eit godt og rimeleg kollektivtilbod bør vere ein naturleg konsekvens av ein villa miljøretta samferdslepolitikk.

Framlegget til budsjett har vorte lagt fram, og der er det framlegg om ein ytterlegare auke i kollektivtakstane.

Mitt spørsmål blir difor:

Meiner fylkesordføraren at framlegget frå transportøkonomisk institutt om auka billettpriser i rushtida er vegen å gå for å få fleire til reise kollektivt? Meiner fylkesordføraren at framlegget om auke er i samsvar med målet om at fleire skal nytta seg av kollektivtransport?"

Fylkesordføraren svarte slik:

"Transportøkonomisk institutt sin rapport "Effektiv prising av kollektivtransport" (1432/2015) omhandlar prinsipp for meir effektiv prising av kollektivtransport i lys av nullvekstmålet for persontrafikken i storbyområde. I høve rapporten er aktuelle strategiar for meir effektiv prising lågare prisar utanom rushperiodar, høgare prisar i rushperiodar og høgare prising av tilbod med høg kvalitet. Effektiv prising er definert i samfunnsøkonomisk forstand, som at takstane i større grad enn i dag skal reflektere faktiske kostnader og trafikantane sin betalingsvilje, samstundes som trafikkinntektene skal verte oppretthaldt og ein skal jobbe for å nå nullvekstmålet for personbiltrafikken i tråd med Nasjonal transportplan 2014-2023.

Bakgrunnen for rapporten er at Samferdselsdepartementet har bedt etatane om «å redegjøre for effekter av mer effektiv prising i kollektivtransporten og tiltak som bidrar til økt betalingsvilje» (Samferdselsdepartementet 2015).

Rapporten må lesast som eit reint fagleg dokument, og ikkje som ei politisk anbefaling. Fylkesordføraren tek dei faglege råda til orientering, men har ikkje tatt stilling til ei eventuell anbefaling av omlegging av prissystemet i kollektivtrafikken i Hordaland i tråd med konklusjonane i rapporten."

På oppfølgingsspørsmål frå Terje Kollbotn svarte fylkesordføraren at prisar er avgjerande for fleire skal reise kollektivt.

Nils Marton Aadland (H) hadde sendt slikt spørsmål (2) til fylkesordføraren:

"Grunngjeve spørsmål om ferjefri E39

Ferjefri E39 er eit svært viktig tiltak for å utvikle Hordaland og heile Vestlandet. Ei av årsakene til at dette prosjektet har hatt ei positiv utvikling dei siste åra er at vi har arbeidd oss fram til ei brei politisk semje rundt dette store tiltaket.

Etter fleire politiske utspel den siste tida knytt til strekninga E39 Stord – Os, har det dessverre oppstått tvil og usikkerhet om det framleis er politisk vilje til å realisere prosjektet.

Planprogrammet for denne strekninga er vedtatt av aktuelle kommunar og Hordaland fylkekesting, og har lagt til grunn for det omfattande planarbeidet som no snart er ferdig.

Eg har registret at den nye politiske leiinga på Stord i sin politiske plattform har sagt at dei vil be staten redusere hastighet, vegbreidde og planløyising for prosjektet «på den delen som går over Stord og øvrige kystlandskap».

Dette synet stadfesta ordføraren på Stord i BT 26.10. I same artikkel uttaler fylkesordføraren at ho ikkje vil svare på om ho vil støtte dette synet, men legg til: «Jeg registrerer hva de sier men jeg mener ikke noe om det nå».

Dette er - for å seie det forsiktig, ei svært overraskande uttale frå fylkesordføraren. Ferjefri E39 er det viktigaste einskildtiltaket for å betra rammevilkåra for nærings- og samfunnsutvikling i heile landsdelen vår. Usikkerhet om dette viktige prosjektet skapar difor uro og bekymring – ikkje berre i Sunnhordland, men i heile Hordaland og Rogaland.

Fylkesordføraren sitt uklære svar på eit så viktig spørsmål er med på å forsterke denne usikkerheten.

I sin politiske plattform er den nye fleirtalskoalisjonen i Hordaland fylkekesting tydeleg på at dei vil prioritere arbeidet med Hordfast. Det er bra.

Spørsmålet mitt er om fylkesordføreren no kan stadfeste at Hordaland fylkeskommune også i det vidare arbeidet vil halde seg til det vedtekne planprogrammet?"

Fylkesordføreren sitt svar var "ja".

Natalie Golis (MDG) hadde sendt slikt spørsmål (3) til fylkesordføreren:

"Ferjeflåten i Hordaland er den største CO2-utsleppskjelda til fylkeskommunen. Difor er ferje anboda den viktigaste oppgåva vår når det gjelder klima for HFK akkurat no.

Utløysing av ferje anbodet som skal leggjast fram for fylkesutvalet i januar skal vere i samsvar med klimaplanen, dvs. at det blir stilt krav om minimum 40 % reduksjon av utslepp innan 2030 i ferje anbodet. Det vil i praksis sei at utsleppsreduksjonen blir frå 2020 når nytt ferje anbod trer i kraft og nye/ oppgraderte ferjer skal setjast i drift.

Stortinget vedtok nettopp 1.12.15:

- "Stortinget ber regjeringen iverksette tiltak som sikrer at alle fylkeskommunale og kommunale ferger og hurtigbåter benytter lav- eller nullutslippsteknologi ved nye anbud og på ruter i egen regi."
- og at "komiteen ønsker å videreføre NOx-fond-ordningen med nye reduksjonsmål for næringen, og ber regjeringen komme tilbake til Stortinget med forslag om dette på egnet måte."

NOx-fondet kan gi støtte til ferje produksjon, men på grunn av at fondets framtid ikkje blir avgjort før etter nyttår, og den eksisterer per dags dato berre ut 2016, kan fondet ikkje støtte anbod med byggeperiode 2018-2020 og drift frå 2020. HFK tar ein økonomisk risiko når NOx-støtte framleis er uavklart når anbodet vert lyst ut. Dermed vil HFK trenge eit garanti-vedtak.

Spørsmål MDG sender inn som grunnlag for fråsegn:

Spørsmål:

1. Kva er status for arbeidet med å løyse NOx-fondets finansiering til dei nye ferje anboda som skal leggjast fram i januar 2016 og kva har fylkesordføreren hatt av dialog vedk. dette med både Skyss og regjeringa?
2. Kan fylkesordføreren stø opp om ei fellesfråsegn på vegner av fylkestinget for å få fortgang i behandlinga i Stortinget for å best mogleg kunne sikra på førehand at fylkesutvalet 26.1.2016 skal kunne vedta eit offensivt og ambisiøst mandat for ferje anboda, som er i tråd med Sttingsvedtaket og eigen klimaplan?"

Fylkesordføreren svarte slik:

"Spørsmål 1

Fylkesrådmannen v/Skyss har hatt dialog med NOx-fondet om usikkerheita knytt til vidareføring av fondet etter 31.12.2017. Skyss har i den samanhengen også sendt eit formelt brev (29.10.2015), der ein ber styret i NOx-fondet vurdere moglegheita til å setje til side midlar slik at operatørar som søker støtte for utløpet av 2017, men får fartøya sine sjøsett i åra 2018-2020, likevel kan motta støtte frå NOx-fondet. Dagleg leiar i NOx-fondet har opplyst at styret tek sikte på å handsame denne førespurnaden i møte 15.12.2015."

Til spørsmål 2 kommenterte fylkesordføreren at ho skal gjere det ho kan for å leggje til rette for så gode rammetilhøve som mogleg.

PS 89/15 Dimensjonering av Studiespesialiserande (ST) i Bergen

Forslag til innstilling

1. Fylkestinget vedtek tilbudsstruktur og dimensjonering på Studiespesialisering i Bergen og på dei nye studieførebuande programma Medier og kommunikasjon og Kunst, design og arkitektur i Hordaland etter forslag A som vist i tabell i under.

Skule	Forslag A		
	KDA	MK	ST
Amalie Skram vgs	0	180	630
Bergen Katedralskole	0	0	648
Fana Gymnas	0	0	0
Fusa vgs	90		
Fyllingsdalen vgs	0	0	360
Garnes vgs	0	0	0
Knarvik vgs	0		
Laksevåg vgs	0	0	0
Langhaugen vgs	0	0	450
Nordahl Grieg vgs	0	180	545
Olsvikåsen vgs	0	0	360
Sotra vgs	0	0	
Sandsli vgs	0	0	450
Stord vgs	0	90	
Årstad vgs	180	0	180
Tertnes vgs	0	0	735
Voss Gymnas	90	0	
Sum	360	450	4358

- Innføringsklassa for minoritetsspråklege på Fana Gymnas og påbygg ved Garnes vgs vert lagt ned. Eventuell oppretting av desse tilboda ved andre skular vert tatt stilling til ved prognoseinntaket.
- Flytting av utdanningsprogrammet Service og samferdsel (SS) frå Nordahl Grieg vgs til Stend vgs vert gjennomført med verknad frå hausten 16/17. IKT servicefag Vg2 på Nordahl Grieg vgs vert lagd ned.

Saksprotokoll i administrasjonsutvalet - 09.11.2015

Sveinung Valle (A) sette på vegner av A, KrF, H og FrP fram slikt forslag:

«Administrasjonsutvalet ønskjer ikkje å gjera realitetsvedtak i saka om dimensjonering av studiespesialiserande så tidleg i den politiske handsaminga av saka.»

Kari Løkensgård Bjørnsvik (Unio) sette fram slikt forslag:

«Det bør setjast av midlar til kompetanseutvikling for lærarar, som ein del av omstillingsprosessen knytt til studiespesialisering i Bergen».

Forslaget frå Kari Løkensgård Bjørnsvik vart omgjort til eit oversendingsforslag på vegner av A, KrF, H, FrP, LO-K, YS-K, Unio og Akademikerne.

Røysting

Valle sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling mot ingen røyster for fylkesrådmannen sitt forslag.

Bjørnsvik sitt forslag vart oversendt til fylkesrådmannen på vegner av forslagsstillarane utan realitetsbehandling.

Innstilling

Administrasjonsutvalet ønskjer ikkje å gjera realitetsvedtak i saka om dimensjonering av studiespesialiserande så tidleg i den politiske handsaminga av saka.

Saksprotokoll i utval for opplæring og helse - 10.11.2015

Representanten **Tor Andre Ljosland** sette fram følgjande forslag på vegner av KRF/AP/SP/SV/R:

«Saka utsettast».

Røysting

Utsetjingsforslaget vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Saka utsettast.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 19.11.2015

Saka var utsett i utval for opplæring og helse, og vart difor ikkje behandla.

Saksprotokoll i utval for opplæring og helse - 03.12.2015

Representanten **Solbjørg Marjala** sette fram følgjande forslag a) frå Raudt:

«Studiespesialiserande

Skole	Elevtall 15/16	Forslag A	Forslag B	Rødts forslag
Amalie Skram	828	630	720	640
Bergen Katedralskole	476	648	648	548
Fana Gymnas	293	0	0	270
Fyllingsdalen vgs.	200	360	360	360
Garnes vgs.	115	0	0	180
Laksevåg vgs.	243	0	180	180
Langhaugen vgs.	438	450	450	450
Nordahl Grieg vgs.	545	545	545	545
Osvikåsen vgs.	220	360	270	270
Sandsli vgs.	431	450	450	450
Tertnes vgs.	329	735	735	635
U. Phil vgs.	232	0	0	0
Årstad vgs.	0	180	180	0
Totalt	4350	4358	4538	4628
Overkapasitet		8	188	178

Medier og kommunikasjon

Skole	Elevtall 15/16	Forslag A	Forslag B	Rødts forslag
Stord vgs.	51	90	90	90
Etne vgs.	6	0	0	0
Voss Husflidskole	39	0	0	0
Nordahl Grieg vgs.	107	180	180	90
Garnes vgs.	70	0	0	90
Amalie Skram vgs.	0	90	90	90
Årstad vgs.	42	0	0	0
Laksevåg vgs.	87	90	90	90
Totalt	402	450	450	450
Overkapasitet		48	48	48

Kunst, arkitektur og design

Skole	Elevtall 15/16	Forslag A	Forslag B	Rødts forslag
Voss Husflidskole	23	0	0	0
Fusa vgs.	55	90	90	90
Knarvik vgs.	21	0	0	0
Tertnes vgs	31	0	0	90
Olsvikåsen vgs.	43	0	90	90
Sotra vgs.	18	0	0	0
Voss Gymnas	0	90	90	90
Årstad vgs.	0	180	90	0
Totalt	191	360	360	360
Overkapasitet		169	169	169

Begrunnelse:

Forslaget til Rødt går inn for å bevare Garnes videregående skole, Fana Gymnas og studiespesialiserende utdanningsprogram ved Laksevåg videregående skole. Videre så innebærer forslaget å beholde Årstad som en ren yrkesskole. KAD legges i forslaget til Olsvikåsen og Tertnes og dermed bevares et fagmiljø i vest og et i nord.

Konsekvenser av forslaget til fylkesrådmannen

Både Fana og Garnes har hatt elevundersøkelser som viser at mange vil velge private skoler om skolen de går på nedlegges. Konsekvensene av nedleggelse vil styrke private skoledrifterne. Det uttrykkes særlig skepsis ovenfor private kommersielle skoledrifter som opererer i markedet for å tjene penger.

Det at private skoler i Bergen tvinger frem nedleggelse av offentlige skoler er en ny problemstilling, og det er viktig at Hordaland fylke som nå står ovenfor problemstillingen ikke gjør forhastede beslutninger som vil få konsekvenser for utdanningssektoren i lang fremtid.

Faglige vurderinger må ligge til grunn

I forslaget kan vi lese at "Denne saka er ei vurdering av tenleg struktur på ST i Bergen. I saka ligg det difor ikkje ei vurdering av fagmiljøet på skulane" Side 4/14. Videregående skoler er kunnskapsinstitusjoner hvor fagmiljøene er grunnmuren. En vurdering av skolestrukturen som utelukker fagmiljøene er lite verd. Til tross for at Fylkesmannen ikke vil ha en faglig vurdering inn i dimensjoneringen av studiespesialisering har fagmiljøene selv gitt oss denne vurderingen. Og den er entydig. Garnes skriver "Me har kompetanse, fagmiljø (sett saman av høgt kvalifiserte lærarar med komplementære dugleikar, og ein etablert kultur for fagleg utveksling og samarbeid). Vi ser heller ikke logikken i å fjerne studiespesialiserende fra Laksevåg videregående skole, samt Design og Håndverk fra Olsvikåsen videregående skole, for å bygge opp et nytt tilbud med Kunst, Design og Arkitektur (KDA) og studiespesialiserende på Årstad videregående, som de senere årene har vært en ren yrkesskole.

Rødt er mot nedleggelse av MK ved Laksevåg videregående skole. Lærerne ved Laksevåg skole skriver i en uttalelse at "Gjennom flere år har mediefaget etablert kontakt med nærmiljøet i Laksevåg bydel. Dette gjelder vårt nære samarbeid med lokale frivillige aktører i Initiativ Laksevåg, Gamle Laksevåg velforening og Indre Laksevåg gjennom tiltaket Områdesatsing i Bergen kommune." Dette vil si at om en fjerner MK ved LVG så vil fylkespolitikeren svekke den nødvendige områdesatsingen som Bergenspolitikeren har vedtatt.

Demografisk materiale og elevprognoser

Det uttrykkes skepsis til det underliggende demografiske materialet og elevprognosene. Både Fana og Arna er bydeler i vekst og man bør ikke legge ned sentrale skoler i disse bydelene med forventet befolkningsøkning. De generelle prognosene viser også en forventet vekst i 2025.

Per i dag vet vi ikke sikkert hvor mange flyktninger Bergen kommune kommer til å bosette i 2016 og 2017. Det vi vet med sikkerhet er at der er politisk flertall for økt bosetting. På www.bergen.kommune.no kan vi lese at: "Fylkesmannen ber Bergen om å øke dette tallet til 720 i 2016 og 830 i 2017 – herav 160 og 250 enslige mindreårige".

Vi kan regne med at Bergen bystyre i alle fall kommer til å bosette det Fylkesmannen ber om og muligens er enda flere. Mange av de som kommer vil være aktuelle for videregående skole. Dette må fylkeskommunen ha inn i sine beregninger for elevgrunnet.

Representanten **Alexander Fosse Andersen** sette fram følgjande forslag på vegner av SP/AP/KRF/SV:

1. "Hordaland fylkeskommune har ein utfordrande økonomisk situasjon. Gjeldsgraden er høg, utan at det har vore teke naudsynte grep dei siste åra for å bremse veksten. Det gjer at vi må snu alle steinar og sikra ei berekraftig drift av fylkeskommunen. På studiespesialiserte program har vi ein stor overkapasitet ved dei vidaregåande skulane våre i Bergen. Samstundes som dette har utvikla seg, har ein dei siste 12 åra tillate ein vekst i dei private kommersielle skulane. Det har bidrege til å auke overkapasiteten. I tillegg har det påført fylkeskommunen økonomiske tap.
2. Fana gymnas vert lagt ned. Elevane ved Fana gymnas vil få eit fullgodt tilbod om utdanning i nærleiken ved Sandsli vgs, Stend vgs, Nordahl Grieg vgs, Langhaugen vgs og sentrumsskulane. Ved Fana gymnas vil ei eventuell vidare drift gjere det naudsynt med investeringar for mellom 210 og 280 millionar.
3. Ut over dette vert fylkesrådmannens forslag B lagt til grunn med følgjande endringar:
 - Garnes vgs vert vidareført, dimensjonert for 90 plassar med ST og 90 plassar MK.
 - ST ved Fyllingsdalen vgs vert dimensjonert for 270 plassar, som i dag.
 - ST ved Laksevåg vgs vert dimensjonert for 270 plassar, som i dag.
4. Fylkeskommunen skal ikkje selje Fana gymnas.
5. Fylkeskommunen skal på sikt byggje ei ny kombinert vidaregåande skule i Arna. Dette skal handsamast i rulleringa av skulebruksplanen.
6. Ved framtidig rullering av skulebruksplanen må ein ta omsyn til søkemønster ved og plassering og dimensjonering av dei nye utdanningsprogramma MK og KDA."

Representanten **Dan Femoen** sette fram følgjande forslag på vegner av H/FRP/V/MDG:

"I sak 71/15 til opplærings- og helseutvalget fremkom det at fylkesrådmannen vil legge opp til rullering av skulebruksplanen. Det tas sikte på at planen kan behandles i fylkestinget juni 2016. Det fremkommer at kriteria for gjeldene skulebruksplan vil bli lagt til grunn. Utvalget er kjent med den overkapasitet som er på ST i Bergen og særlig i Bergen vest. Kapasitet bør tilpassas faktiske elevtall, men bør ses på i en helhetlig plan.

En utbygging av Årstad vgs til å ta inn 180 elever vil stride mot de kriterier som ligger i gjeldene skulebruksplan 1.1.2. «Skoler med studiespesialiserte utdanningsprogram bør ha minst 4 paralleller (helst flere)»

1. Fylkestinget vedtek tilbudsstruktur og dimensjonering på Studiespesialisering i Bergen og på dei nye studieførebuande programma Medier og kommunikasjon og Kunst, design og arkitektur i Hordaland etter forslag som vist i tabell under.

Skule	KDA	MK	ST
Amalie Skram	0	45	630
Bergen kat.	0	0	548
Fana gymnas	0	0	270
Fusa vgs	90		
Fyllingsdalen	0	0	270
Garnes vgs	0	90	150
Knarvik vgs	45	0	
Laksevåg vgs	0	90	180
Langhaugen vgs	0	0	450
Nordahl Grieg vgs	0	90	545
Olsvikåsen vgs	90	0	260
Sotra vgs	0	0	
Sandsli vgs	0	0	450

Stord vgs	0	90	
Årstad vgs	0	0	0
Tertnes vgs	90	0	600
Voss gymnas	45	45	0
SUM	360	450	4353

2. IKT servicefag Vg2 på Nordahl Grieg vgs vert lagd ned.
3. Voksenopplæringen på Bergen handelsgym vurderes flyttet til Årstad vgs."

Representanten **Solbjørg Marjala** sette fram følgjande forslag (b) frå Raudt:

«Hordaland fylkesting ser med bekymring på framveksten av private kommersielle vidaregåande skular i HOr-daland som undergrev elevgrunnlaget i gode offentlege vidaregåande skular. Hordaland fylkesting vil derfor arbeide for å få avvikla desse private kommersielle skulane og istaden styrke det offentlege skuletilbodet i fylket.»

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling fekk ingen røyster og fall.

Marjala sitt forslag (a) fekk 1 røyst og fall.

Marjala sitt forslag (b) fekk 2 røyster (R/SV) og fall.

Femoen sitt forslag vart vedteke med 8 røyster (H/FRP/V/MDG/Raudt) mot Andersen sitt forslag som fekk 7 røyster.

Innstilling

I sak 71/15 til opplærings- og helseutvalget fremkom det at fylkesrådmannen vil legge opp til rullering av skolebruksplanen. Det tas sikte på at planen kan behandles i fylkestinget juni 2016. Det fremkommer at kriteria for gjeldene skolebruksplan vil bli lagt til grunn. Utvalget er kjent med den overkapasitet som er på ST i Bergen og særleg i Bergen vest. Kapasitet bør tilpassas faktiske elevtall, men bør ses på i en helhetlig plan.

En utbygging av Årstad vgs til å ta inn 180 elever vil stride mot de kriterier som ligger i gjeldene skolebruksplan 1.1.2. «Skoler med studiespesialiserende utdanningsprogram bør ha minst 4 paralleller (helst flere)»

1. Fylkestinget vedtek tilbudsstruktur og dimensjonering på Studiespesialisering i Bergen og på dei nye studieførebuande programma Medier og kommunikasjon og Kunst, design og arkitektur i Hordaland etter forslag som vist i tabell under.

Skule	KDA	MK	ST
Amalie Skram	0	45	630
Bergen kat.	0	0	548
Fana gymnas	0	0	270
Fusa vgs	90		
Fyllingsdalen	0	0	270
Garnes vgs	0	90	150
Knarvik vgs	45	0	
Laksevåg vgs	0	90	180
Langhaugen	0	0	450
Nordahl Grieg vgs	0	90	545
Olsvikåsen vgs	90	0	260
Sotra vgs	0	0	
Sandsli vgs	0	0	450
Stord vgs	0	90	
Årstad vgs	0	0	0
Tertnes vgs	90	0	600
Voss gymnas	45	45	0
SUM	360	450	4353

2. IKT servicefag Vg2 på Nordahl Grieg vgs vert lagd ned.

3. Voksenopplæringen på Bergen handelsgym vurderes flyttet til Årstad vgs.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 03.12.2015

Sveinung Valle sette på vegner av A, KrF, Sp og SV fram slikt forslag:

1. "Hordaland fylkeskommune har ein utfordrande økonomisk situasjon. Gjeldsgraden er høg, utan at det har vore teke naudsynte grep dei siste åra for å bremse veksten. Det gjer at vi må snu alle steinar og sikra ei berekraftig drift av fylkeskommunen. På studiespesialiserande program har vi ein stor overkapasitet ved dei vidaregåande skulane våre i Bergen. Samstundes som dette har utvikla seg, har ein dei siste 12 åra tillate ein vekst i dei private kommersielle skulane. Det har bidrege til å auke overkapasiteten. I tillegg har det påført fylkeskommunen økonomiske tap.
2. Fana gymnas vert lagt ned. Elevane ved Fana gymnas vil få eit fullgodt tilbod om utdanning i nærleiken ved Sandsli vgs, Stend vgs, Nordahl Grieg vgs, Langhaugen vgs og sentrumsskulane. Ved Fana gymnas vil ei eventuell vidare drift gjere det naudsynt med investeringar for mellom 210 og 280 millionar.
3. Ut over dette vert fylkesrådmannens forslag B lagt til grunn med følgjande endringar:
 - Garnes vgs vert vidareført, dimensjonert for 90 plassar med ST og 90 plassar MK.
 - ST ved Fyllingsdalen vgs vert dimensjonert for 270 plassar, som i dag.
 - ST ved Laksevåg vgs vert dimensjonert for 270 plassar, som i dag.
4. Fylkeskommunen skal ikkje selje Fana gymnas.
5. Fylkeskommunen skal på sikt byggje ei ny kombinert vidaregåande skule i Arna. Dette skal handsamast i rulleringa av skulebruksplanen.
6. Ved framtidig rullering av skulebruksplanen må ein ta omsyn til søkemønster ved og plassering og dimensjonering av dei nye utdanningsprogramma MK og KDA."

Røysting

Valle sitt forslag vart vedteke som innstilling til fylkestinget med 8 røyster mot 7 røyster (H, Frp, V, MDG) for innstillinga.

Innstilling til fylkestinget

1. Hordaland fylkeskommune har ein utfordrande økonomisk situasjon. Gjeldsgraden er høg, utan at det har vore teke naudsynte grep dei siste åra for å bremse veksten. Det gjer at vi må snu alle steinar og sikra ei berekraftig drift av fylkeskommunen. På studiespesialiserande program har vi ein stor overkapasitet ved dei vidaregåande skulane våre i Bergen. Samstundes som dette har utvikla seg, har ein dei siste 12 åra tillate ein vekst i dei private kommersielle skulane. Det har bidrege til å auke overkapasiteten. I tillegg har det påført fylkeskommunen økonomiske tap.
2. Fana gymnas vert lagt ned. Elevane ved Fana gymnas vil få eit fullgodt tilbod om utdanning i nærleiken ved Sandsli vgs, Stend vgs, Nordahl Grieg vgs, Langhaugen vgs og sentrumsskulane. Ved Fana gymnas vil ei eventuell vidare drift gjere det naudsynt med investeringar for mellom 210 og 280 millionar.
3. Ut over dette vert fylkesrådmannens forslag B lagt til grunn med følgjande endringar:
 - Garnes vgs vert vidareført, dimensjonert for 90 plassar med ST og 90 plassar MK.
 - ST ved Fyllingsdalen vgs vert dimensjonert for 270 plassar, som i dag.
 - ST ved Laksevåg vgs vert dimensjonert for 270 plassar, som i dag.
4. Fylkeskommunen skal ikkje selje Fana gymnas.
5. Fylkeskommunen skal på sikt byggje ei ny kombinert vidaregåande skule i Arna. Dette skal handsamast i rulleringa av skulebruksplanen.
6. Ved framtidig rullering av skulebruksplanen må ein ta omsyn til søkemønster ved og plassering og dimensjonering av dei nye utdanningsprogramma MK og KDA.

Saksprotokoll i fylkestinget - 08.12.2015

Emil Gadolin (A) sette på vegner av A, KrF, Sp og SV fram slikt forslag:

1. "Hordaland fylkeskommune har ein utfordrande økonomisk situasjon. Gjeldsgraden er høg, utan at det har vore teke naudsynte grep dei siste åra for å bremse veksten. Det gjer at vi må snu alle steinar og sikra ei berekraftig drift av fylkeskommunen. På studiespesialiserte program har vi ein stor overkapasitet ved dei vidaregåande skulane våre i Bergen. Samstundes som dette har utvikla seg, har ein dei siste 12 åra tillate ein vekst i dei private kommersielle skulane. Det har bidrege til å auke overkapasiteten. I tillegg har det påført fylkeskommunen økonomiske tap.
2. Fana gymnas vert lagt ned. Elevane ved Fana gymnas vil få eit fullgodt tilbod om utdanning i nærleiken ved Sandsli vgs, Stend vgs, Nordahl Grieg vgs, Langhaugen vgs og sentrumsskulane. Ved Fana gymnas vil ei eventuell vidare drift gjere det naudsynt med investeringar for mellom 210 og 280 millionar.
3. Ut over dette vert fylkesrådmannens forslag B lagt til grunn med følgjande endringar:
 - Garnes vgs vert vidareført, dimensjonert for 90 plassar med ST og 90 plassar MK.
 - ST ved Fyllingsdalen vgs vert dimensjonert for 270 plassar, som i dag.
 - ST ved Laksevåg vgs vert dimensjonert for 270 plassar, som i dag.
4. Fylkeskommunen skal ikkje selje Fana gymnas.
5. Fylkestinget legg til grunn ei administrativ samanslåing av Garnes vgs og Arna vgs, og fylkeskommunen skal på sikt byggje ein ny kombinert vidaregåande skule i Arna. Dette skal handsamast i rulleringa av skulebruksplanen.
6. Ved framtidig rullering av skulebruksplanen må ein ta omsyn til søkemønster ved og plassering og dimensjonering av dei nye utdanningsprogramma MK og KDA.
7. Innføringsklassa for minoritetsspråklege på Fana gymnas og påbygg ved Garnes vgs vert lagt ned. Eventuell oppretting av desse tilboda ved andre skular vert tatt stilling til ved prognoseinntaket.
8. Flytting av utdanningsprogrammet Service og samferdsel (SS) frå Nordahl Grieg vgs til Stend vgs vert gjennomført med verknad frå hausten 16/17. IKT servicefag vg2 på Nordahl Grieg vgs vert lagt ned.
9. Fylkestinget legg til grunn at dagens 2.-klasselevar ved Fana gymnas får gode overgangsordningar til andre skular.
10. Fylkestinget ber rådmannen ivareta og leggja til rette for vidareføring av VTA-plassane ved kantinedrifta på Fana vgs."

Dan Femoen (H) sette på vegner av H og Frp fram slikt forslag:

1. "Saken utsettes.
2. Det skal gjerast en ny ekstern evaluering av kostnader av å rehabilitere Fana gymnas."

Røysting (forslaget om utsetjing)

Femoen sitt forslag fekk 26 røyster (H, Frp, V, MDG, R) og fall.

Terje Kollbotn (R) sette fram slikt forslag (a):

"Endringsframlegg til pkt. 2 i innstillinga:
Fana gymnas vert ikkje lagt ned.
Nærare dimensjonering mellom elevtal og elevplassar i Bergen blir gjort i samband med skulebruksplanen våren 2016."

Terje Kollbotn (R) sette fram slikt forslag (b):

"Tilleggsframlegg (pkt. 7):

Hordaland fylke sting ser med bekymring på framveksten av private kommersielle vidaregåande skular i Hordaland som undergrev elevgrunnetaget i gode offentlege vidaregåande skular.

Hordaland fylke sting vil difor arbeide for å få avvikla desse private kommersielle skulane og i staden styrke det offentlege skuletilbodet i fylket.

- a) Hordaland fylke sting ber om at administrasjonen skaffar full oversikt over eigartilhøve, økonomiske tilhøve og tilsyn ved dei private kommersielle skulane i Hordaland.
- b) Hordaland fylke sting ber kontrollutvalet sjå nærare på kvifor det har skjedd ei omfattande etablering av private kommersielle vidaregåande skular i Bergen som har medført store negative konsekvensar for det offentlege skuletilbodet.
- c) Hordaland ber utval for opplæring og helse om å oppnemne politiske valde representantar i styra for dei private vidaregåande skulane i Hordaland frå år 2016.
- d) Hordaland fylke sting ber partia på Stortinget ta initiativ til å endre friskulelova slik at det blir høve til å inndra konsesjon dersom etableringa medfører negative konsekvensar for det offentlege skuletilbodet."

Terje Kollbotn sette på vegner av R fram slikt oversendingsforslag (c) til kontrollutvalet:

"Hordaland fylke sting ber kontrollutvalet setje i verk ein uavhengig gjennomgang av heile beslutningsgrunnetaget for å leggje ned Fana gymnas. Det gjeld både vurderingane av innsparingspotensialet ved nedleggjing, elevprognosar og skulebyggkostnader."

Daniel Charles Hextall (SV) sette fram slikt forslag:

"Legg til:

Hordaland fylkeskommune er uroa over veksten av kommersielle privatskular i Bergen.

Fylkestinget ber om at det blir teke kontakt med sentrale skulemyndigheter for å finne løysingar på korleis ein kan regulere dette på ein betre måte."

Roald Stenseide (Frp) sette på vegner av H, FRP, V og MDG fram slikt forslag:

"I sak 71/15 til opplærings- og helseutvalget fremkom det at fylkesrådmannen vil legge opp til rullering av skolebruksplanen. Det tas sikte på at planen kan behandles i fylkestinget juni 2016. Det fremkommer at kriteria for gjeldene skolebruksplan vil bli lagt til grunn. Utvalget er kjent med den overkapasitet som er på ST i Bergen og særlig i Bergen vest. Kapasitet bør tilpassas faktiske elevtall, men bør ses på i en helhetlig plan.

En utbygging av Årstad vgs til å ta inn 180 elever vil stride mot de kriterier som ligger i gjeldene skolebruksplan 1.1.2. «Skoler med studiespesialiserende utdanningsprogram bør ha minst 4 paralleller (helst flere)»

1. Fylkestinget vedtek tilbudsstruktur og dimensjonering på Studiespesialisering i Bergen og på dei nye studieførebuande programma Medier og kommunikasjon og Kunst, design og arkitektur i Hordaland etter forslag som vist i tabell under.

Skule	KDA	MK	ST
Amalie Skram	0	45	630
Bergen kat.	0	0	548
Fana gymnas	0	0	270
Fusa vgs	90		
Fyllingsdalen	0	0	270
Garnes vgs	0	90	150
Knarvik vgs	45	0	
Laksevåg vgs	0	90	180
Langhaugen vgs	0	0	450
Nordahl Grieg vgs	0	90	545
Olsvikåsen vgs	90	0	260
Sotra vgs	0	0	
Sandsli vgs	0	0	450
Stord vgs	0	90	
Årstad vgs	0	0	0

Tertnes vgs	90	0	600
Voss gymnas	45	45	0
SUM	360	450	4353

2. IKT servicefag Vg2 på Nordahl Grieg vgs vert lagd ned.
3. Voksenopplæringen på Bergen handelsgym vurderes flyttet til Årstad vgs."

Røysting

Stenseide sitt forslag fekk 25 røyster (H, Frp, V, MDG) og fall.

Gadolin sitt forslag punkt 1 og 3-10 vart vedteke mot 25 røyster (H, Frp, V, MDG).

Gadolin sitt forslag punkt 2 vart vedteke mot 26 røyster (H, Frp, V, MDG, R).

Hextall sitt forslag fekk 4 røyster (SV, R) og fall.

Kollbotn sitt forslag (b) fekk 4 røyster (R, SV) og fall.

Kollbotn sitt forslag (c) vart oversendt på vegner av forslagsstillaren utan realitetsbehandling.

Vedtak

1. Hordaland fylkeskommune har ein utfordrande økonomisk situasjon. Gjeldsgraden er høg, utan at det har vore teke naudsynte grep dei siste åra for å bremse veksten. Det gjer at vi må snu alle steinar og sikra ei berekraftig drift av fylkeskommunen. På studiespesialisierende program har vi ein stor overkapasitet ved dei vidaregåande skulane våre i Bergen. Samstundes som dette har utvikla seg, har ein dei siste 12 åra tillate ein vekst i dei private kommersielle skulane. Det har bidrege til å auke overkapasiteten. I tillegg har det påført fylkeskommunen økonomiske tap.
2. Fana gymnas vert lagt ned. Elevane ved Fana gymnas vil få eit fullgodt tilbod om utdanning i nærleiken ved Sandsli vgs, Stend vgs, Nordahl Grieg vgs, Langhaugen vgs og sentrumsskulane. Ved Fana gymnas vil ei eventuell vidare drift gjere det naudsynt med investeringar for mellom 210 og 280 millionar.
3. Ut over dette vert fylkesrådmannens forslag B lagt til grunn med følgjande endringar:
 - Garnes vgs vert vidareført, dimensjonert for 90 plassar med ST og 90 plassar MK.
 - ST ved Fyllingsdalen vgs vert dimensjonert for 270 plassar, som i dag.
 - ST ved Laksevåg vgs vert dimensjonert for 270 plassar, som i dag.
4. Fylkeskommunen skal ikkje selje Fana gymnas.
5. Fylkestinget legg til grunn ei administrativ samanslåing av Garnes vgs og Arna vgs, og fylkeskommunen skal på sikt byggje ein ny kombinert vidaregåande skule i Arna. Dette skal handsamast i rulleringa av skulebruksplanen.
6. Ved framtidig rullering av skulebruksplanen må ein ta omsyn til søkemønster ved og plassering og dimensjonering av dei nye utdanningsprogramma MK og KDA.
7. Innføringsklassa for minoritetsspråklege på Fana gymnas og påbygg ved Garnes vgs vert lagt ned. Eventuell oppretting av desse tilboda ved andre skular vert tatt stilling til ved prognoseinntaket.
8. Flytting av utdanningsprogrammet Service og samferdsel (SS) frå Nordahl Grieg vgs til Stend vgs vert gjennomført med verknad frå hausten 16/17. IKT servicefag vg2 på Nordahl Grieg vgs vert lagt ned.
9. Fylkestinget legg til grunn at dagens 2.-klasseelevar ved Fana gymnas får gode overgangsordningar til andre skular.
10. Fylkestinget ber rådmannen ivareta og leggja til rette for vidareføring av VTA-plassane ved kantinedrifta på Fana vgs.

PS 90/15 Forvaltningsrevisjon av rusførebyggande tiltak i vidaregåande skular

Forslag til innstilling

På bakgrunn av forvaltningsrevisjonsrapport innan "Rusførebyggjande arbeid i vidaregåande skular", ber fylkestinget fylkesrådmannen syta for å:

1. Utarbeide retningslinjer eller rapporteringskrav for å sikre at skulane kartlegger risiko og utfordringar knytt til rus på sin skule, og følgjer kartlegginga opp som eit ledd i eit systematisk arbeid med arbeid med elevane sitt psykososiale skulemiljø, jf opplæringslova § 9a.
2. Etablere krav om at skulane utarbeider rusførebyggjande planar, og krav til at desse planane blir følgd opp og revidert med jamne mellomrom, jf opplæringslova § 9a og retningslinjer gitt i støttemateriell frå helsedirektoratet om rusførebyggjande arbeid i skulen.
3. Sikre at skulane systematiserer kva tiltak dei nyttar i det rusførebyggjande arbeidet og i oppfølging av enkeltelevar.
4. Sikre at skulane involverer helsesøster i rusførebyggjande arbeid i tilstrekkeleg grad både på skulane og på systemnivå jf rettleiar til forskrift om kommunen sitt helsefremjande og førebyggjande arbeid i helsestasjon og skulehelseteneste.
5. Å utarbeide retningslinjer for samarbeid mellom dei vidaregåande skulane og relevante samarbeidspartnare i det rusførebyggjande arbeidet.
6. Sikre at elevar og føresette blir involvert i det rusførebyggjande arbeidet slik det går fram av Helsedirektoratet sitt støttemateriell for rusførebyggjande arbeid i skulen.
7. Laga ein handlingsplan innan 1.2.2016 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 09.11.2015

Handsaming i møte

Forvaltningsrevisor Marianne Kulstad frå Deloitte presenterte resultatet av den gjennomførte forvaltningsrevisjonen innan «Rusførebyggjande arbeid i vidaregåande skular» og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Kontrollutvalet vil at det i punkt 4 i innstillinga skal setjast inn «...og dei kommunale helsetenestene» etter «.....involverer helsesøster...».

Kontrollutvalet ber om at Deloitte får 15 minuttar til å presentere rapporten for fylkestinget i desember 2015.

Med endringa i punkt 4 vart slik innstilling samrøystes vedteke.

Innstilling

På bakgrunn av forvaltningsrevisjonsrapport innan "Rusførebyggjande arbeid i vidaregåande skular", ber fylkestinget fylkesrådmannen syta for å:

1. Utarbeide retningslinjer eller rapporteringskrav for å sikre at skulane kartlegger risiko og utfordringar knytt til rus på sin skule, og følgjer kartlegginga opp som eit ledd i eit systematisk arbeid med arbeid med elevane sitt psykososiale skulemiljø, jf opplæringslova § 9a
2. Etablere krav om at skulane utarbeider rusførebyggjande planar, og krav til at desse planane blir følgd opp og revidert med jamne mellomrom, jf opplæringslova § 9a og retningslinjer gitt i støttemateriell frå helsedirektoratet om rusførebyggjande arbeid i skulen
3. Sikre at skulane systematiserer kva tiltak dei nyttar i det rusførebyggjande arbeidet og i oppfølging av enkeltelevar
4. Sikre at skulane involverer helsesøster og dei kommunale helsetenestene i rusførebyggjande arbeid i tilstrekkeleg grad både på skulane og på systemnivå jf. rettleiar til forskrift om kommunen sitt helsefremjande og førebyggjande arbeid i helsestasjon og skulehelseteneste
5. Å utarbeide retningslinjer for samarbeid mellom dei vidaregåande skulane og relevante samarbeidspartnare i det rusførebyggjande arbeidet
6. Sikre at elevar og føresette blir involvert i det rusførebyggjande arbeidet slik det går fram av Helsedirektoratet sitt støttemateriell for rusførebyggjande arbeid i skulen
7. Laga ein handlingsplan innan 1.2.2016 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp

tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

Saksprotokoll i fylkestinget - 09.12.2015

Deloitte v/ Marit Brochmann presenterte rapporten "Rusførebyggande arbeid i vidaregåande skular".

Leiaren av kontrollutvalet, **Inge Reidar Kallevåg**, orienterte.

Silje Hjemdal (Frp) sette på vegner av Frp og A fram slikt forslag:

"Tillegg:

Saka vert sendt ungdommens fylkesting for uttale. Ungdommens fylkesting og elevorg. i Hordaland vert inkluderte i arbeidet med handlingsplan."

Fylkesrådmannen sette fram slikt forslag:

"Tidsfristen i punkt 7 vert justert frå 1. februar til 1. mars 2016."

Røysting

Innstillinga med fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Hjemdal sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

På bakgrunn av forvaltningsrevisjonsrapport innan "Rusførebyggande arbeid i vidaregåande skular", ber fylkestinget fylkesrådmannen syta for å:

1. Utarbeide retningsliner eller rapporteringskrav for å sikre at skulane kartlegg risiko og utfordringar knytt til rus på sin skule, og følgjer kartlegginga opp som eit ledd i eit systematisk arbeid med arbeid med elevane sitt psykososiale skulemiljø, jf. opplæringslova § 9a.
2. Etablere krav om at skulane utarbeider rusførebyggande planar, og krav til at desse planane blir følgd opp og revidert med jamne mellomrom, jf. opplæringslova § 9a og retningsliner gitt i støttemateriell frå helsedirektoratet om rusførebyggande arbeid i skulen.
3. Sikre at skulane systematiserer kva tiltak dei nyttar i det rusførebyggande arbeidet og i oppfølging av enkeltelevar.
4. Sikre at skulane involverer helsesøster og dei kommunale helsetenestene i rusførebyggande arbeid i tilstrekkeleg grad både på skulane og på systemnivå jf. rettleiar til forskrift om kommunen sitt helsefremjande og førebyggande arbeid i helsestasjon og skulehelseteneste.
5. Å utarbeide retningsliner for samarbeid mellom dei vidaregåande skulane og relevante samarbeidspartnare i det rusførebyggande arbeidet.
6. Sikre at elevar og føresette blir involvert i det rusførebyggande arbeidet slik det går fram av Helsedirektoratet sitt støttemateriell for rusførebyggande arbeid i skulen.
7. Laga ein handlingsplan innan 01.03.2016 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.
8. Saka vert sendt ungdommens fylkesting for uttale. Ungdommens fylkesting og elevorg. i Hordaland vert inkluderte i arbeidet med handlingsplan.

PS 91/15 Revisjon av lokal forskrift om inntak og formidling

Forslag til innstilling

1. Fylkestinget vedtek lokal forskrift om inntak og formidling slik ho er lagt fram i vedlegg i saka.
2. Dei to forskriftene frå 2014 vert slått saman, og reglane om inntak til IB vert nytt kapittel 2.

3. Ny § 10 andre ledd skal lyde:
«Dersom det melder seg fleire søkjarar enn det er elevplassar, skal elevplassane fordelast etter poengsum utrekna på grunnlag av karakterpoeng frå Vg1.»
4. Lokal forskrift om inntak og formidling trer i kraft 01.01.2016.

Saksprotokoll i utval for opplæring og helse - 10.11.2015

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Innstilling

1. Fylkestinget vedtek lokal forskrift om inntak og formidling slik ho er lagt fram i vedlegg i saka
2. Dei to forskriftene frå 2014 vert slått saman, og reglane om inntak til IB vert nytt kapittel 2.
3. Ny § 10 andre ledd skal lyde:
«Dersom det melder seg fleire søkjarar enn det er elevplassar, skal elevplassane fordelast etter poengsum utrekna på grunnlag av karakterpoeng frå Vg1.»
4. Lokal forskrift om inntak og formidling trer i kraft 01.01.2016.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 19.11.2015

Innstillinga vart samrøystes vedteken som innstilling til fylkestinget.

Innstilling til fylkestinget

1. Fylkestinget vedtek lokal forskrift om inntak og formidling slik ho er lagt fram i vedlegg i saka.
2. Dei to forskriftene frå 2014 vert slått saman, og reglane om inntak til IB vert nytt kapittel 2.
3. Ny § 10 andre ledd skal lyde:
"Dersom det melder seg fleire søkjarar enn det er elevplassar, skal elevplassane fordelast etter poengsum utrekna på grunnlag av karakterpoeng frå Vg1."
4. Lokal forskrift om inntak og formidling trer i kraft 01.01.2016.

Saksprotokoll i fylkestinget - 08.12.2015

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

1. Fylkestinget vedtek lokal forskrift om inntak og formidling slik ho er lagt fram i vedlegg i saka.
2. Dei to forskriftene frå 2014 vert slått saman, og reglane om inntak til IB vert nytt kapittel 2.
3. Ny § 10 andre ledd skal lyde:
"Dersom det melder seg fleire søkjarar enn det er elevplassar, skal elevplassane fordelast etter poengsum utrekna på grunnlag av karakterpoeng frå Vg1."
4. Lokal forskrift om inntak og formidling trer i kraft 01.01.2016.

PS 92/15 Tilstandsrapport vidaregåande opplæring 2014/15

Forslag til innstilling

Fylkestinget tek *Tilstandsrapport vidaregåande opplæring 2014/15 for Hordaland fylkeskommune* til orientering.

Saksprotokoll i yrkesopplæringsnemnda - 30.11.2015

Tilråding frå yrkesopplæringsnemnda:

Fylkestinget tek *Tilstandsrapport vidaregåande opplæring 2014/15 for Hordaland fylkeskommune* til orientering.

Saksprotokoll i utval for opplæring og helse - 03.12.2015

Utvalsleiar **Emil Gadolin** sette fram følgjande forslag:

«Saka vert utsett til neste møte i OPHE».

Røysting

Gadolin sitt utsetjingsforslag vart samrøystes vedteke.

Innstilling

Saka vert utsett til neste møte i OPHE.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 03.12.2015

Saka var utsett i utval for opplæring og helse, og vart difor ikkje behandla.

Innstilling til fylkestinget

Det ligg ikkje føre innstilling frå fylkesutvalet. Saka vart utsett i utval for opplæring og helse. Fylkesutvalet behandla difor ikkje saka.

Saksprotokoll i fylkestinget - 08.12.2015

Saka vart utsett i utval for opplæring og helse, og vart ikkje behandla i fylkesutvalet. Fylkestinget behandla difor ikkje saka.

PS 93/15 Bergen katedralskole - godkjenning av forprosjektet

Forslag til innstilling

Fylkestinget godkjenner forprosjektet og oppstart av byggeprosjektet for Bergen Katedralskole med ei kostnadsramme på 162 mill. kr.

Saksprotokoll i utval for opplæring og helse - 10.11.2015

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Innstilling

Fylkestinget godkjenner forprosjektet og oppstart av byggeprosjektet for Bergen Katedralskole med ei kostnadsramme på 162 mill. kr.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 19.11.2015

Tom-Christer Nilsen sette fram slikt forslag:

"Tar ut klasseromsdelen av investeringen."

Røysting

Nilsen sitt forslag fekk 3 røyster (H) og fall.

Innstillinga vart vedteken som innstilling til fylkestinget mot 3 røyster (H).

Innstilling til fylkestinget

Fylkestinget godkjenner forprosjektet og oppstart av byggeprosjektet for Bergen Katedralskole med ei kostnadsramme på 162 mill. kr.

Saksprotokoll i fylkestinget - 08.12.2015

Tom-Christer Nilsen (H) sette fram slikt forslag:

"Tar ut klasseromsdelen av investeringen."

Røysting

Innstillinga vart vedteken med 45 røyster mot 12 røyster (H) for Nilsen sitt forslag.

Vedtak

Fylkestinget godkjenner forprosjektet og oppstart av byggeprosjektet for Bergen Katedralskole med ei kostnadsramme på 162 mill. kr.

PS 94/15 Godkjenning av 2 prosjektrekneskapar i skulesektoren.

Forslag til innstilling

Fylkestinget godkjenner rekneskapen for 2 prosjekt i skulesektoren.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 19.11.2015

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

Innstilling til fylkestinget

Fylkestinget godkjenner rekneskapen for 2 prosjekt i skulesektoren

Saksprotokoll i fylkestinget - 08.12.2015

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

Fylkestinget godkjenner rekneskapen for 2 prosjekt i skulesektoren.

PS 95/15 Årsbudsjett 2016 / økonomiplan 2016-2019

Forslag til innstilling

1 a) Investeringsbudsjettet for 2016 vert vedteke med slike rammer:	1 000 kr
<hr/>	
Bruk av lånemidlar	1 453 500
Tilskot og refusjonar m.m.	1 745 800
Salsinntekter	5 000
Midlar frå driftsbudsjettet	100 000

SUM INNETEKTER	3 304 300
Disponert slik:	
Bybaneutbygging	560 000
Fylkesvegar	1 703 000
Andre samferdselsføremål	218 300
Kultur	3 000
Tannhelse	25 000
Opplæring	757 000
Fellesfunksjonar	33 000
SUM INVESTERINGSUTGIFTER	3 299 300
Eigenkapitalinnskott KLP	5 000
SAMLA FINANSIERINGSBEHOV	3 304 300

b) Driftsbudsjettet for 2016 vert vedteke med følgjande rammer:

Frie inntekter (skatt, rammetilskott)	6 136 800
Finansutgifter	netto 678 500
Til finansiering av utg. i investeringsbud.	100 000
TIL FORDELING DRIFT	5 358 300

Fordelt slik:	
Politiske organ og administrasjon	netto 190 355
Eigedom	netto 121 000
Regional utvikling	netto 86 057
Samferdsel	netto 1 862 585
Kultur og idrett	netto 187 227
Tannhelse	netto 191 701
Opplæring	netto 2 737 515
Fellesfunksjonar	netto -87 611
FORDELTE PÅ SEKTORANE	netto 5 288 829

Tilleggsløyvingskonto	2 471
Lønsavsetjing	67 000
TIL SEINARE FORDELING	69 471

2. Låneopptak

Fylkestinget godkjenner låneopptak på 1 453,5 mill. kr.

3. Tiltak for å bremsa veksten i lånegjelda

Fylkestinget godkjenner at 50% av framtidige rekneskapsoverskot vert sette av til finansiering av investeringar.

Fylkestinget vil trappa opp avdragsbetalinga inntil ein når nivået på nye låneopptak.

4. Stønad til dei politiske gruppene i fylkestinget og frikjøp

Gruppestønad til fylkestingsgruppene	kr 77 710
Stønad pr. representant i gruppa	kr 43 640

5. Disponering av IT-løyving

Fylkesrådmannen får fullmakt til å inngå kontraktar som disponerer inntil 50% av IT-løyvingane i økonomiplanperioden.

6. Takstane ved den offentlege tannhelsetenesta

Takstane ved den offentlege tannhelsetenesta vert auka med 3,5 % frå 01.01.16.

7. Kollektivtakstane

Kollektivtakstane vert fastsett slik det går fram av budsjetteftet s. 57.
Takstauken vert sett i verk frå 1. februar.

Økonomiplanen for 2016-2019

Fylkestinget godkjenner det utsende forslaget til økonomiplan.

Saksprotokoll i hovudarbeidsmiljøutvalet - 06.11.2015**Vedtak**

Det framlagde årsbudsjettet for 2106 og økonomiplan for 2016-2019 vert teke til etterretning.

Representantane frå arbeidstakarorganisasjonane hadde to merknadar:

1) Arbeidstakarorganisasjonane bed om at det ikkje vert kutta i budsjett for læremiddel i 2016.

2) Arbeidstakarorganisasjonane ber om at 40%-stilling i Opplæringsavdelinga, knytt til førebyggjande arbeid ut mot ungdom ved bruk av stimulerende midler i idretten, vert oppretthalde. Stillinga er eit samarbeid mellom Antidoping Norge, Hordaland Idrettskrets og Hordaland fylkeskommune.

Saksprotokoll i utval for opplæring og helse - 10.11.2015

Representanten **Alexander Fosse Andersen** sette fram følgjande protokollmerknad på vegner av SP/AP/KRF:

«AP, KRF og SP kjem attende med budsjettframlegg i fylkesutvalet. Innan opplæring kjem dei tre partia til å prioritera tiltak for å auka gjennomføring og redusera fråfallet i den vidaregåande skulen.»

Representanten **Roald Stenseide** sette fram følgjande oversendingsforslag på vegner av FRP/H/V:

«OPHE er bekymret over nedtrekket i budsjettet i opplæringssektoren. Utvalget minner om at HFK har som målsetning å minske fråfallet i den vidaregåande skolen. Skal målsetningen oppnås vil tiltak kreve ressurser.

Skolene vil fortsatt ha et stort behov for midler til fornying av simulatorer og annet utstyr. Det bør vurderes å avsette egne midler til fagskolen.

Det må settes av nok ressurser for å få økt lærlinger til offentlig og privat sektor.»

Representanten **Solbjørg Marjala** sette fram følgjande oversendingsforslag på vegner av Raudt:

«Takstene ved de offentlige tannhelsetjenestene blir ikke øket, men opprettholdt på nåværende nivå.»

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Oversendingsforslaga frå Stenseide og Marjala følgjer saka utan realitetsbehandling.

Protokollmerknad frå Andersen følgjer saka.

Forslag til innstilling

1 a) Investeringsbudsjettet for 2016 vert vedteke med slike rammer:

	1 000 kr
Bruk av lånemidlar	1 453 500
Tilskot og refusjonar m.m.	1 745 800
Salsinntekter	5 000
Midlar frå driftsbudsjettet	100 000
SUM INNTEKTER	3 304 300

Disponert slik:

Bybaneutbygging	560 000
Fylkesveggar	1 703 000
Andre samferdselsføremål	218 300
Kultur	3 000
Tannhelse	25 000
Opplæring	757 000
Fellesfunksjonar	33 000
SUM INVESTERINGSUTGIFTER	3 299 300

Eigenkapitalinnskot KLP	5 000
SAMLA FINANSIERINGSBEHOV	3 304 300

b) Driftsbudsjettet for 2016 vert vedteke med følgjande rammer:

Frie inntekter (skatt, rammetilskot)	6 136 800
Finansutgifter	netto 678 500
Til finansiering av utg. i investeringsbud.	100 000
TIL FORDELING DRIFT	5 358 300

Fordelt slik:

Politiske organ og administrasjon	netto 190 355
Eigedom	netto 121 000
Regional utvikling	netto 86 057
Samferdsel	netto 1 862 585
Kultur og idrett	netto 187 227
Tannhelse	netto 191 701
Opplæring	netto 2 737 515
Fellesfunksjonar	netto -87 611
FORDELTE PÅ SEKTORANE	netto 5 288 829

Tilleggsløyvingskonto	2 471
Lønsavsetjing	67 000
TIL SEINARE FORDELING	69 471

2. Låneopptak

Fylkestinget godkjenner låneopptak på 1 453,5 mill. kr.

3. Tiltak for å bremsa veksten i lånegjelda

Fylkestinget godkjenner at 50% av framtidige rekneskapsoverskot vert sette av til finansiering av investeringar.

Fylkestinget vil trappa opp avdragsbetalinga inntil ein når nivået på nye låneopptak.

4. Stønad til dei politiske gruppene i fylkestinget og frikjøp

Gruppestønad til fylkestingsgruppene	kr	77 710
Stønad pr. representant i gruppa	kr	43 640
Frikjøp pr. representant	kr	42 460

5. Disponering av IT-løyving

Fylkesrådmannen får fullmakt til å inngå kontraktar som disponerer inntil 50% av IT-løyvingane i økonomiplanperioden.

6. Takstane ved den offentlege tannhelsetenesta

Takstane ved den offentlege tannhelsetenesta vert auka med 3,5 % frå 01.01.16.

7. Kollektivtakstane

Kollektivtakstane vert fastsett slik det går fram av budsjettheftet s. 57.
Takstauken vert sett i verk frå 1. februar.

Økonomiplanen for 2016-2019

Fylkestinget godkjenner det utsende forslaget til økonomiplan.

Protokollmerknad frå SP/AP/KRF:

AP,KRF og SP kjem attende med budsjettframlegg i fylkesutvalet. Innan opplæring kjem dei tre partia til å prioritera tiltak for å auka gjennomføring og redusera fråfallet i den vidaregåande skulen.

Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 11.11.2015

Innstilling

Utval for miljø og samferdsel tok budsjettframlegget til orientering.

Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 11.11.2015

Kjell Gitton Håland (A) sette på vegner av utvalet fram følgjande forslag til vedtak:

«Utval for kultur, idrett og regional utvikling tek saka til orientering og vil koma attende til budsjett 2016 i fylkesutval og fylkesting.»

Røysting

Håland sitt forslag vart samrøystes vedteke mot fylkesrådmannen sitt forslag som fall.

Vedtak

Utval for kultur, idrett og regional utvikling tek saka til orientering og vil koma attende til budsjett 2016 i fylkesutval og fylkesting.»

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 19.11.2015

Pål Kårbø sette på vegner av KrF, Sp, SV og A fram slikt forslag (a):

"Budsjett for Hordaland fylkeskommune 2016

Fylkestinget vedtek fylkesrådmannen sitt forslag til budsjett med slike endringar:

Verbalpunkt 2016

Klimautfordringa er global, men mange av løysingane finst her lokalt. Vi har eit sjølvstendig ansvar for at Hordaland blir meir miljøvenleg. Ap, KrF, Sp og SV vil difor innan kollektivfeltet

sikra eit meir tenleg tilbod slik at fleire vel å reise kollektivt og let bilen stå. Vi stoppar veksten i prisane ut over prisveksten i samfunnet, sikrar einingstakst for dei reisande frå Arna til Bergen sentrum og set av midlar til endå fleire buss- og baneavgangar i Bergen. Vidare startar vi arbeidet med ein overordna strategi for kollektivtrafikk på sjøen, og vi slår fast at rutene må tilpassast ein ny kvardag etter kvart som nye vegar opnar.

Vi vil ta i bruk fylkeskommunen som ein positiv samarbeidsarena for kommunane, for nabofylka våre og for næringslivet. Vi vil leggja ned dagens fylkeskommune og erstatta den med regionar, med vestlandsfylka som pilotregion. Vi treng sterke kommunar som spelar på lag med næringslivet og utdanningsinstitusjonane på heile Vestlandet.

Idrett og kultur er limet i samfunnet vårt, uavhengig av kvar du bur i fylket vårt. Ap, KrF, Sp og SV har alltid framheva dugnadsarbeid i lag og organisasjonar som ein avgjerande berebjelke i samfunnet vårt. Ulike arenaer for aktivitet er like viktig både sentralt og lokalt.

Fråfall i den vidaregåande skulen er ei omfattande samfunnsutfordring. Ap, KrF, Sp og SV vil vidareutvikla den vidaregåande skulen med utgangspunkt i nærleik, kvalitet i undervisninga og berekraft. Skuletilbodet til ungdommen skal byggja på forutsigbarheit. Likeeins er det viktig å ha omsorg for elevane sine rettigheter og trong for helsetenester. Ap, KrF, Sp og SV vil innføra eit tilbod om skulepsykologar og setja av midlar til elev- og lærlingombod.

Miljø og samferdsel

Ap, KrF, Sp og SV vil syta for at heile Hordaland skal vera eit attraktivt fylke med framtidretta transportløyningar både for folk og næringsliv. Vi skal ha eit kollektivtilbod som er eit reelt alternativ til bilen og eit vegnett som legg til rette for auka verdiskaping.

Kollektivreiser må vera ein viktig berebjelke i transportløyningane i heile Hordaland. Folk må kunna reisa kollektivt til og frå jobb, barnehage og skule. I tettbygde område og spesielt Bergen må vi betra luftkvalitet og redusera køar med å få mange fleire til å reisa kollektivt. Då må vi ha eit kollektivtilbod som er brukarvennleg, bra på kvalitet og rimelig i pris.

Einigstakst NSB Arna-Bergen sentrum

For å sikra at folk som reiser mellom Arna og Bergen sentrum får like rimeleg kollektivtrafikk som bergensarar elles, dekkjer vi inn heile kostnaden med einigstakst på tog mellom Arna og Bergen sentrum. Etter gjennomgang i 2014 var dette tiltaket kostnadsrekna til 6 millionar. Etter ny gjennomgang er tiltaket kostnadsrekna til 12 millionar. Fylkesordføraren og fylkesrådmannen skal ta opp att samtalan med NSB for å prøva å koma til einigheit om ei fordeling av kostnadene knytt til einigstaksten.

Samordning

Det er ei målsetjing å få mest mogeleg aktivitet/tenesteyting ut av kvar fylkeskommunal krone. Dette krev kontinuerleg evne til endring. Samferdselsfeltet i HFK er i dag fragmentert, og delt opp i mange ulike einingar, som krev mykje koordinering på tvers. Det er hensiktsmessig med ein grundig gjennomgang av heile samferdselsfeltet administrativt, og ber fylkesrådmannen leggja fram ei utgreiing som drøftar ulike måtar å organisera feltet på. Målsetjinga må vera å få meir effektiv ressursutnytting, og dermed meir ressursar til tenesteytinga.

Ferjer

Snittalderen på ferjene i Hordaland er over 25 år, og fleire nærmar seg 40 år. Det er heller ikkje alle som stettar krava om universell utforming. Det er difor naudsynt å stilla tydelegare miljøkrav for å få til ei fornying/modernisering av flåten i neste anbodsperiode. Ein bør mellom anna leggja opp til at det kan nyttast hybride løyningar der til dømes batteri og hydrogengass vert ein del av teknologien for å få ned utsleppa.

Ved anbodsinnhenting skal det stillast krav om at også fylkesvegferjesamband skal ha lærlingeplassar.

Fyllestasjon for hydrogen og hydrogenbilar

Hydrogen er ein energiberar som kan produserast frå fornybar energi og nyttast til drivstoff eller som innsatsfaktor i industrien utan utslepp. Utvikling av ei næringskjede for hydrogen i fylket vil vera ein mogleg strategi for å redusera utslepp innan transport. Fylkestinget løyver 4 millionar til etablering av ein fyllestasjon for hydrogen på Danmarks plass. Av dei to millionane som er sett av til innkjøp av el-bilar til fylkeskommunen skal det kjøpast inn to hydrogenbilar.

Omdisponering innanfor Bergensprogrammet

Fylkeskommunen skal gå i dialog med Bergen kommune og Statens Vegvesen og sjå på moglegheitene for omprioriteringar i Bergensprogrammet frå investering til styrking av kollektivtrafikken. Omdisponeringane skal sjåast i eit kort perspektiv, dei skal øyremerkast kollektivtrafikk i Bergensområdet og skal virka fram til neste byggjetrinn av Bybanen er i gang.

Busslinje Varden

Fylkestinget ber Skyss gå i dialog med innbyggjarane på Varden som har engasjert seg for å få tilbake busslinja, for å finna ei minneleg løysing på dei utfordringane som har oppstått ved omlegging av rutestrukturen.

Kollektivtrafikk på sjø

Fylkestinget ber fylkesrådmannen om å laga forslag til ei ny overordna strategi for kollektivtrafikk på sjøen. Fylkestinget ber fylkesrådmannen få vurdert ekstra kapasitet på snøggbåtruta mellom Bergen og Askøy.

Konsekvensar av endra infrastruktur

Ved endring av infrastruktur, som opning av nye vegar som gir kortare køyretid, må Skyss endra rutene fortløpande for å gje dei reisande ein mest mogleg effektiv rutestruktur.

Kollektivknutepunkt

Det er viktig å tilretteleggja for effektive kollektivknutepunkt. Med nye samferdselsløysingar er Jondal eit slikt knutepunkt. Fylkestinget føreset at det vert avsett naudsynte midlar til å ferdigstillare arealet på kaien med servicebygg.

Bysyklar

Fylkestinget ber fylkesrådmannen gå i dialog med Bergen kommune med sikte på å etablera eit samarbeid om etablering av bysyklar i Bergen. Fylkestinget ber fylkesrådmannen koma tilbake med ei sak der ulike modellar for eit slikt samarbeid vert drøfta.

Masfjordbrua

Fylkestinget er positiv til eit forsøk med en konseptutlysing for Masfjordbrua, dvs. ei anbudsutlysing basert på ein rein funksjonsbeskrivelse. Prosjektet vil kunna verta realisert dersom fylkeskommunal eigenandel ikkje vert for mykje utover ferjeavløysing og momskompensasjon i samband med prosjektet. Fylkestinget ber fylkesrådmannen leggja fram ei sak som drøftar dette snarast (1. kv. 2016).

Opplæring og helse

Den vidaregåande skulen er, i tillegg til å gi ungdom avgjerande grunnkompetanse før studiar og arbeidsliv ventar, det viktigaste verktøyet vi har for å utjamna sosiale forskjellar i samfunnet. Ved å gje alle elevar lik rett og lik mogelegheit til å få seg ei utdanning, skapar vi eit samfunn der sosioøkonomisk status ikkje er avgjerande for folk si mogelegheit til å skapa seg det livet dei sjølv ynskjer. I Hordaland har vi ein gjennomføringsgrad i den vidaregåande skulen på rundt 70 %. Fylkeskommunen har eit mål om å auka denne til 80 %, og dette skal også reflekterast i årsbudsjettet.

I Hordaland har vi dyktige lærarar og skuleleiarar som kvar einaste dag gjer ein stor innsats for å gje elevane våre den utdanninga dei har krav på. Dei strukturelle utfordringane vi har, reduserer skulane sin mogelegheit til å gje eit best mogeleg tilbod til elevane. Karakterstyrt inntak og stykkprisfinansiering hemmar kvaliteten i utdanningstilbodet vårt.

Ny budsjettmodell og berekraftig finansiering

Fylkestinget vedtek at fylkesrådmannen skal fremja ei sak der ulike budsjettmodellar for skulane vert drøfta. Vi ber fylkesrådmannen fremja forslag som viser ein meir tenleg finansieringsmodell som ikkje byggjer på marknadsprinsipp, men som har til føremål å sikra fornuftig og berekraftig finansiering av skulane. Det er ein føresetnad at skulane sjølve får koma med innspel.

Gjennomgang av inntakssystemet

Fylkestinget vedtek at fylkesrådmannen skal fremja ei sak om nytt inntakssystem i Hordaland. Karakterar skal ikkje åleine avgjere kva skule ein har mogelegheit til å gå på. Saka skal syna korleis dagens inntakssystem påverkar elevane sitt reisemønster, og i kva grad eit nytt

inntakssystem i kombinasjon med ny budsjettmodell kan bidra til ein meir fornuftig og berekraftig skulestruktur i Hordaland. Berande prinsipp i det nye inntakssystemet skal vera at elevane har rett til å gå på næraste skule som tilbyr ønskt studieretning og at det skal sikrast ei fordeling av elevar med ulikt og normalfordelt karaktersnitt på alle skular. Saka skal handsamast hausten 2016, og nytt inntakssystem skal gjelda frå skuleåret 2017/2018.

Elev- og lærlingombod

Elevar i den vidaregåande skulen er ei av gruppene i samfunnet vårt med dårlegast rettssikkerheit. Elevane har ei rekkje rettigheter og plikter, men har ikkje eit uavhengig organ som sikrar at desse vert oppfylte. Difor skal det, i tillegg til eit mobbeombod, tilsetjast eit uavhengig elev- og lærlingombod. I samheng med tilsetjinga av eit slikt uavhengig ombod skal elevinspektørane si rolle på skulane reviderast slik at det vert ei fornuftig deling mellom ombodet og elevinspektørane sitt ansvarsområde.

Psykisk helse

20 % av born mellom 3 og 18 år har nedsett funksjonsevne på grunn av psykiske lidningar. Halvparten av desse har så alvorlege symptom at det tilfredsstiller krava til ein psykiatrisk diagnose. Meir enn ein av tre sekstenåringar har hatt så mange symptom at dei oppfyller krava til ein psykiatrisk diagnose og 15 til 20 % av alle norske ungdommar har symptom på depresjon. Skulehelsetenesta er eit kommunalt ansvar, men vi budsjetterer med fylkeskommunale midlar for å tilsetja skulepsykologar i dei vidaregåande skulane i Hordaland. Fylkesrådmannen skal så snart som mogleg fremja ei sak for fylkestinget der det vert skissert korleis fylkeskommunen kan samarbeida med kommunane for å få tilsett psykologar ute på skulane.

Alternative vegar til fagbrev

Fylkestinget ber fylkesrådmannen gjennomgå dei ulike løpa innan fagopplæringa for å koma tilbake til fylkestinget med ei sak om korleis vi kan gjera dei løpa med høgast gjennomføringsprosent meir kjent blant søkjarane.

Tiltak for auka gjennomføring på yrkesfag

I Hordaland er det berre om lag ein tredjedel av elevane som byrjar på yrkesfag som fullfører med fagbrev. Nokon av desse fullfører med studiekompetanse, men ein stor del fell frå utan fagbrev og utan studiekompetanse. Fylkestinget set av 4,5 millionar i ein søkbar pott til skular med låg gjennomføringsgrad på yrkesfag. Fylkestinget ber fylkesrådmannen leggja fram ei helheitleg sak som synleggjer naudsynte tiltak og kriterium for tildeling av midlar.

Kultur, idrett og regional utvikling

Kultur og idrett er eit område der små økonomiske midlar gjev store resultat. Det blir utført imponerende mange årsverk i frivillig arbeid over heile Hordaland på dette feltet, noko som gjer oss til eit særdeles aktivt kultur- og idrettsfylke. Fylkestinget vil prioritera auke i tilskot til aktivitetsbaserte tiltak slik at den frivillige innsatsen vert ytterlegare stimulert.

Campus Bergen

Fleirtalspartia ønskjer å etablere eit «campus Bergen» etter modell frå Sogndal for å få eit kompetansesenter der ein samlar idretten, høgskulen, næringsliv, olympiatoppen, Universitet i Bergen og den vidaregåande skulen. Fylkesrådmannen skal setja i gong planlegging og kome tilbake til fylkestinget med ei sak om korleis dette kan organiserast.

Liv og lyst

Fylkestinget legg inn att midlar til lokalsamfunnsutviklingstiltaket "Liv og lyst", og ber fylkesrådmannen gå i dialog med Innovasjon Norge og Fylkesmannen for å gjenoppta samarbeidet om dette.

Generelt

Arealøkonomisering

Fylkestinget ber fylkesrådmannen setja i gang eit arbeid med arealøkonomisering av fylkesbygget og disponerte bygg i nærleiken. Gjennomgangen skal syna dagens husleigekostnad pr. avdeling og faktisk framtidig arealbehov for det enkelte tenesteområdet i fylkeskommunen.

Hotell

Fylkestinget vedtek at Hordaland fylkeskommune berre skal bruke hotell der dei tilsette har tariffavtale.

Fylkesbudsjett 2016:

INNETEKTER DRIFT	MILL.
Driftsfinansiert investering	20
Utdisponerte midlar	19
Omgjering av auka moms på kollektiv	9
Auka billettinntekter som følgje av fleire kollektivreisande	8
Regionalavdeling. Nedtrekk	6
Arealøkonomisering	5
Omorganisering samferdsel	2
TOTALE INNETEKTER DRIFT	69
INNETEKTER INVESTERING	MILL.
Midlar frå disposisjonsfond (eingongsmidlar)	33
Selje bustaden på Nygårdshøyden (eingongsmidlar)	3
TOTALE INNETEKTER INVESTERING	36
UTGIFTER DRIFT	MILL.
Miljø og samferdsel	
Prisvekst. 2,5 vekst og ikkje 4,5 prosent	20
Einingstakst Bergen-Arna	12
Auka ruteproduksjon i Bergen	10
Ferje Kinsarvik-Utne	1,7
Opplæring i trafikktryggleik i vgs	0,2
Opplæring og helse	
Reversere nedtrekk i læremiddel	7
Skolepsykologar. Forsøksprosjekt	5
Tiltak for auka gjennomføring på yrkesfag	4,5
Endre skole-PC-ordninga	1
Ernæring i skolen. Frukost til elevar. Prioritere skolar med fråfall	1
Elev- og lærlingombod	0,65
Raftostiftelsen	0,2
FFO	0,15
Kirkens SOS	0,15
Actis	0,1
SAFO	0,05
Dysleksiforeningen i Bergen og omland	0,01
Kultur, idrett og regional utvikling	
Liv og lyst	0,8
Bokbåten Epos	0,7
Prosjektmidlar folkemusikk	0,4
Fargespill	0,35
Espeland Fangeleir	0,3
Cornerteateret	0,26
Edvard Grieg Kor	0,2
40 prosent stilling til dopingførebyggjande tiltak	0,2
Kultur Vest	0,2
Kystpilgrimsleia	0,2

Kystsovevekene	0,2
Psykiatri, rus, idrett	0,15
Litteraturhuset	0,1
Samhandlingsarena/konferanse Campus Bergen	0,1
Hardanger Musikkfest	0,1
Planmidlar kulturhus Nordhordland	0,1
TOTALE UTGIFTER DRIFT	68,07
UTGIFTER INVESTERING	MILL.
Punktutbetring/trygge skolevegar	31,3
Fyllestasjon for hydrogen	4
Moster Amfi (eingongsmidlar)	0,5
Flygel Kabuso (eingongsmidlar)	0,2
TOTALE UTGIFTER INVESTERING	36
BALANSE"	

Terje Søviknes sette på vegner av Frp, H, V og MDG fram slik protokollmerknad:

"Frp, H, V og MDG kjem attende med eigne budsjettframlegg i fylkestinget 8.-9. desember."

Pål Kårbø sette på vegner av KrF, Sp, A og SV fram slikt forslag (b):

"Tillegg på retningsliner for bruk av partistøttemidlar. Tillegg kulepunkt:

.... eller fylkespartiet"

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag fekk ingen røyster og fall.

Kårbø sitt forslag (a) vart vedteke som innstilling til fylkestinget mot 7 røyster (H, Frp, V, MDG).

Kårbø sitt forslag (b) vart vedteke som innstilling til fylkestinget mot 1 røyst (MDG).

Innstilling til fylkestinget

Budsjett for Hordaland fylkeskommune 2016

Fylkestinget vedtek fylkesrådmannen sitt forslag til budsjett med slike endringar:

Verbalpunkt 2016

Klimautfordringa er global, men mange av løysingane finst her lokalt. Vi har eit sjølvstendig ansvar for at Hordaland blir meir miljøvenleg. Ap, KrF, Sp og SV vil difor innan kollektivfeltet sikra eit meir tenleg tilbod slik at fleire vel å reise kollektivt og let bilen stå. Vi stoppar veksten i prisane ut over prisveksten i samfunnet, sikrar einingstakst for dei reisande frå Arna til Bergen sentrum og set av midlar til endå fleire buss- og baneavgangar i Bergen. Vidare startar vi arbeidet med ein overordna strategi for kollektivtrafikk på sjøen, og vi slår fast at rutene må tilpassast ein ny kvardag etter kvart som nye vegar opnar.

Vi vil ta i bruk fylkeskommunen som ein positiv samarbeidsarena for kommunane, for nabofylka våre og for næringslivet. Vi vil leggja ned dagens fylkeskommune og erstatta den med regionar, med vestlandsfylka som pilotregion. Vi treng sterke kommunar som spelar på lag med næringslivet og utdanningsinstitusjonane på heile Vestlandet.

Idrett og kultur er limet i samfunnet vårt, uavhengig av kvar du bur i fylket vårt. Ap, KrF, Sp og SV har alltid framheva dugnadsarbeid i lag og organisasjonar som ein avgjerande berebjelke i samfunnet vårt. Ulike arenaer for aktivitet er like viktig både sentralt og lokalt.

Fråfall i den vidaregåande skulen er ei omfattande samfunnsutfordring. Ap, KrF, Sp og SV vil vidareutvikla den vidaregåande skulen med utgangspunkt i nærleik, kvalitet i undervisninga og berekraft. Skuletilbodet til ungdommen skal byggja på forutsigbarheit. Likeeins er det viktig å ha omsorg for elevane sine rettigheter og trong for helsetenester. Ap, KrF, Sp og SV vil innføra eit tilbod om skulepsykologar og setja av midlar til elev- og lærlingombod.

Miljø og samferdsel

Ap, KrF, Sp og SV vil syta for at heile Hordaland skal vera eit attraktivt fylke med framtidsretta transportløysingar både for folk og næringsliv. Vi skal ha eit kollektivtilbod som er eit reelt alternativ til bilen og eit vegnett som legg til rette for auka verdiskaping.

Kollektivreiser må vera ein viktig berebjelke i transportløysingane i heile Hordaland. Folk må kunna reisa kollektivt til og frå jobb, barnehage og skule. I tettbygde område og spesielt Bergen må vi betra luftkvalitet og redusera køar med å få mange fleire til å reisa kollektivt. Då må vi ha eit kollektivtilbod som er brukarvennleg, bra på kvalitet og rimelig i pris.

Einingstakst NSB Arna-Bergen sentrum

For å sikra at folk som reiser mellom Arna og Bergen sentrum får like rimeleg kollektivtrafikk som bergensarar elles, dekkjer vi inn heile kostnaden med einingstakst på tog mellom Arna og Bergen sentrum. Etter gjennomgang i 2014 var dette tiltaket kostnadsrekna til 6 millionar. Etter ny gjennomgang er tiltaket kostnadsrekna til 12 millionar. Fylkesordføraren og fylkesrådmannen skal ta opp att samtalanene med NSB for å prøva å koma til einigheit om ei fordeling av kostnadene knytt til einingstaksten.

Samordning

Det er ei målsetjing å få mest mogeleg aktivitet/tenesteyting ut av kvar fylkeskommunal krone. Dette krev kontinuerleg evne til endring. Samferdselsfeltet i HFK er i dag fragmentert, og delt opp i mange ulike einingar, som krev mykje koordinering på tvers. Det er hensiktsmessig med ein grundig gjennomgang av heile samferdselsfeltet administrativt, og ber fylkesrådmannen leggja fram ei utgreiing som drøftar ulike måtar å organisera feltet på. Målsetjinga må vera å få meir effektiv ressursutnytting, og dermed meir ressursar til tenesteytinga.

Ferjer

Snittalderen på ferjene i Hordaland er over 25 år, og fleire nærmar seg 40 år. Det er heller ikkje alle som stettar krava om universell utforming. Det er difor naudsynt å stilla tydelegare miljøkrav for å få til ei fornying/modernisering av flåten i neste anbodsperiode. Ein bør mellom anna leggja opp til at det kan nyttast hybride løysingar der til dømes batteri og hydrogengass vert ein del av teknologien for å få ned utsleppa.

Ved anbodsinnhenting skal det stillast krav om at også fylkesvegferjesamband skal ha lærlingeplassar.

Fyllestasjon for hydrogen og hydrogenbilar

Hydrogen er ein energiberar som kan produserast frå fornybar energi og nyttast til drivstoff eller som innsatsfaktor i industrien utan utslepp. Utvikling av ei næringskjede for hydrogen i fylket vil vera ein mogleg strategi for å redusera utslepp innan transport. Fylkestinget løyver 4 millionar til etablering av ein fyllestasjon for hydrogen på Danmarks plass. Av dei to millionane som er sett av til innkjøp av el-bilar til fylkeskommunen skal det kjøpast inn to hydrogenbilar.

Omdisponering innanfor Bergensprogrammet

Fylkeskommunen skal gå i dialog med Bergen kommune og Statens Vegvesen og sjå på moglegheitene for omprioriteringar i Bergensprogrammet frå investering til styrking av kollektivtrafikken. Omdisponeringane skal sjåast i eit kort perspektiv, dei skal øyremerkast kollektivtrafikk i Bergensområdet og skal virka fram til neste byggjetrinn av Bybanen er i gang.

Busslinje Varden

Fylkestinget ber Skyss gå i dialog med innbyggjarane på Varden som har engasjert seg for å få tilbake busslinja, for å finna ei minneleg løysing på dei utfordringane som har oppstått ved omlegging av rutestrukturen.

Kollektivtrafikk på sjø

Fylkestinget ber fylkesrådmannen om å laga forslag til ei ny overordna strategi for kollektivtrafikk på sjøen. Fylkestinget ber fylkesrådmannen få vurdert ekstra kapasitet på snøggbåtruta mellom Bergen og Askøy.

Konsekvensar av endra infrastruktur

Ved endring av infrastruktur, som opning av nye vegar som gir kortare køyretid, må Skyss endra rutene fortløpande for å gje dei reisande ein mest mogleg effektiv rutestruktur.

Kollektivknutepunkt

Det er viktig å tilretteleggja for effektive kollektivknutepunkt. Med nye samferdselsløysingar er Jondal eit slikt knutepunkt. Fylkestinget føreset at det vert avsett naudsynte midlar til å ferdigstillta arealet på kaien med servicebygg.

Bysyklar

Fylkestinget ber fylkesrådmannen gå i dialog med Bergen kommune med sikte på å etablera eit samarbeid om etablering av bysyklar i Bergen. Fylkestinget ber fylkesrådmannen koma tilbake med ei sak der ulike modellar for eit slikt samarbeid vert drøfta.

Masfjordbrua

Fylkestinget er positiv til eit forsøk med en konseptutlysning for Masfjordbrua, dvs. ei anbudsutlysning basert på ein rein funksjonsbeskrivelse. Prosjektet vil kunna verta realisert dersom fylkeskommunal eigenandel ikkje vert for mykje utover ferjeavløysing og momskompensasjon i samband med prosjektet. Fylkestinget ber fylkesrådmannen leggja fram ei sak som drøftar dette snarast (1. kv. 2016).

Opplæring og helse

Den vidaregåande skulen er, i tillegg til å gi ungdom avgjerande grunnkompetanse før studiar og arbeidsliv ventar, det viktigaste verktøyet vi har for å utjamna sosiale forskjellar i samfunnet. Ved å gje alle elevar lik rett og lik mogelegheit til å få seg ei utdanning, skapar vi eit samfunn der sosioøkonomisk status ikkje er avgjerande for folk si mogelegheit til å skapa seg det livet dei sjølv ynskjer. I Hordaland har vi ein gjennomføringsgrad i den vidaregåande skulen på rundt 70 %. Fylkeskommunen har eit mål om å auka denne til 80 %, og dette skal også reflekterast i årsbudsjettet.

I Hordaland har vi dyktige lærarar og skuleleiarar som kvar einaste dag gjer ein stor innsats for å gje elevane våre den utdanninga dei har krav på. Dei strukturelle utfordringane vi har, reduserer skulane sin mogelegheit til å gje eit best mogeleg tilbod til elevane. Karakterstyrt inntak og stykkprisfinansiering hemmar kvaliteten i utdanningstilbodet vårt.

Ny budsjettmodell og berekraftig finansiering

Fylkestinget vedtek at fylkesrådmannen skal fremja ei sak der ulike budsjettmodellar for skulane vert drøfta. Vi ber fylkesrådmannen fremja forslag som viser ein meir tenleg finansieringsmodell som ikkje byggjer på marknadsprinsipp, men som har til føremål å sikra fornuftig og berekraftig finansiering av skulane. Det er ein føresetnad at skulane sjølve får koma med innspel.

Gjennomgang av inntakssystemet

Fylkestinget vedtek at fylkesrådmannen skal fremja ei sak om nytt inntakssystem i Hordaland. Karakterar skal ikkje aleine avgjere kva skule ein har mogelegheit til å gå på. Saka skal syna korleis dagens inntakssystem påverkar elevane sitt reisemønster, og i kva grad eit nytt inntakssystem i kombinasjon med ny budsjettmodell kan bidra til ein meir fornuftig og berekraftig skulestruktur i Hordaland. Berande prinsipp i det nye inntakssystemet skal vera at elevane har rett til å gå på næraste skule som tilbyr ønskt studieretning og at det skal sikrast ei fordeling av elevar med ulikt og normalfordelt karaktersnitt på alle skular. Saka skal handsamast hausten 2016, og nytt inntakssystem skal gjelda frå skuleåret 2017/2018.

Elev- og lærlingombod

Elevar i den vidaregåande skulen er ei av gruppene i samfunnet vårt med dårlegast rettssikkerheit. Elevane har ei rekkje rettigheter og plikter, men har ikkje eit uavhengig organ som sikrar at desse vert oppfylte. Difor skal det, i tillegg til eit mobbeombod, tilsetjast eit uavhengig elev- og lærlingombod. I samband med tilsetjinga av eit slikt uavhengig ombod skal elevinspektørane si rolle på skulane reviderast slik at det vert ei fornuftig deling mellom ombodet og elevinspektørane sitt ansvarsområde.

Psykisk helse

20 % av born mellom 3 og 18 år har nedsett funksjonsevne på grunn av psykiske lidningar. Halvparten av desse har så alvorlege symptom at det tilfredsstillar krava til ein psykiatrisk diagnose. Meir enn ein av tre sekstenåringar har hatt så mange symptom at dei oppfyller krava til ein psykiatrisk diagnose og 15 til 20 % av alle norske ungdommar har symptom på depresjon. Skulehelsetenesta er eit kommunalt ansvar, men vi budsjetterer med fylkeskommunale midlar for å tilsetja skulepsykologar i dei vidaregåande skulane i Hordaland. Fylkesrådmannen skal så snart som mogleg fremja ei sak for fylkestinget der det vert skissert korleis fylkeskommunen kan samarbeida med kommunane for å få tilsett psykologar ute på skulane.

Alternative vegar til fagbrev

Fylkestinget ber fylkesrådmannen gjennomgå dei ulike løpa innan fagopplæringa for å koma tilbake til fylkestinget med ei sak om korleis vi kan gjera dei løpa med høgast gjennomføringsprosent meir kjent blant søkerane.

Tiltak for auka gjennomføring på yrkesfag

I Hordaland er det berre om lag ein tredjedel av elevane som byrjar på yrkesfag som fullfører med fagbrev. Nokon av desse fullfører med studiekompetanse, men ein stor del fell frå utan fagbrev og utan studiekompetanse. Fylkestinget set av 4,5 millionar i ein søkbar pott til skular med låg gjennomføringsgrad på yrkesfag. Fylkestinget ber fylkesrådmannen leggja fram ei helheitleg sak som synleggjer naudsynte tiltak og kriterium for tildeling av midlar.

Kultur, idrett og regional utvikling

Kultur og idrett er eit område der små økonomiske midlar gjev store resultat. Det blir utført imponerende mange årsverk i frivillig arbeid over heile Hordaland på dette feltet, noko som gjer oss til eit særdeles aktivt kultur- og idrettsfylke. Fylkestinget vil prioritera auke i tilskot til aktivitetsbaserte tiltak slik at den frivillige innsatsen vert ytterlegare stimulert.

Campus Bergen

Fleirtalspartia ønskjer å etablere eit «campus Bergen» etter modell frå Sogndal for å få eit kompetansesenter der ein samlar idretten, høgskulen, næringsliv, olympiatoppen, Universitet i Bergen og den vidaregåande skulen. Fylkesrådmannen skal setja i gong planlegging og kome tilbake til fylkestinget med ei sak om korleis dette kan organiserast.

Liv og lyst

Fylkestinget legg inn att midlar til lokalsamfunnsutviklingstiltaket "Liv og lyst", og ber fylkesrådmannen gå i dialog med Innovasjon Norge og Fylkesmannen for å gjenoppta samarbeidet om dette.

Generelt

Arealøkonomisering

Fylkestinget ber fylkesrådmannen setja i gang eit arbeid med arealøkonomisering av fylkesbygget og disponerte bygg i nærleiken. Gjennomgangen skal syna dagens husleigekostnad pr. avdeling og faktisk framtidig arealbehov for det enkelte tenesteområdet i fylkeskommunen.

Hotell

Fylkestinget vedtek at Hordaland fylkeskommune berre skal bruke hotell der dei tilsette har tariffavtale.

Fylkesbudsjett 2016:

INNTEKTER DRIFT	MILL.
Driftsfinansiert investering	20
Udisponerte midlar	19
Omgjering av auka moms på kollektiv	9
Auka billettinntekter som følgje av fleire kollektivreisande	8
Regionalavdeling. Nedtrekk	6
Arealøkonomisering	5
Omorganisering samferdsel	2
TOTALE INNTEKTER DRIFT	69
INNTEKTER INVESTERING	MILL.
Midlar frå disposisjonsfond (eingongsmidlar)	33
Selje bustaden på Nygårdshøyden (eingongsmidlar)	3
TOTALE INNTEKTER INVESTERING	36
UTGIFTER DRIFT	MILL.
Miljø og samferdsel	
Prisvekst. 2,5 vekst og ikkje 4,5 prosent	20
Einingstakst Bergen-Arna	12
Auka ruteproduksjon i Bergen	10
Ferje Kinsarvik-Utne	1,7

Opplæring i trafikktryggleik i vgs	0,2
Opplæring og helse	
Reversere nedtrekk i læremiddel	7
Skolepsykologar. Forsøksprosjekt	5
Tiltak for auka gjennomføring på yrkesfag	4,5
Endre skole-PC-ordninga	1
Ernæring i skolen. Frukost til elevar. Prioritere skolar med fråfall	1
Elev- og lærlingombod	0,65
Raftostiftelsen	0,2
FFO	0,15
Kirkens SOS	0,15
Actis	0,1
SAFO	0,05
Dysleksiforeningen i Bergen og omland	0,01
Kultur, idrett og regional utvikling	
Liv og lyst	0,8
Bokbåten Epos	0,7
Prosjektmidlar folkemusikk	0,4
Fargespill	0,35
Espeland Fangeleir	0,3
Cornerteateret	0,26
Edvard Grieg Kor	0,2
40 prosent stilling til dopingførebyggjande tiltak	0,2
Kultur Vest	0,2
Kystpilgrimsleia	0,2
Kystsogevekene	0,2
Psykatri, rus, idrett	0,15
Litteraturhuset	0,1
Samhandlingsarena/konferanse Campus Bergen	0,1
Hardanger Musikkfest	0,1
Planmidlar kulturhus Nordhordland	0,1
TOTALE UTGIFTER DRIFT	68,07
UTGIFTER INVESTERING	MILL.
Punktutbetring/trygge skolevegar	31,3
Fyllestasjon for hydrogen	4
Moster Amfi (eingongsmidlar)	0,5
Flygel Kabuso (eingongsmidlar)	0,2
TOTALE UTGIFTER INVESTERING	36
BALANSE"	

Tillegg på retningslinjer for bruk av partistøttemidlar. Tillegg kulepunkt:

.... eller fylkespartiet

Protokollmerknad frå Frp, H, V og MDG

Frp, H, V og MDG kjem attende med eigne budsjettframlegg i fylkestinget 8.-9. desember.

Saksprotokoll i fylkestinget - 09.12.2015

Pål Kårbø (KrF) sette på vegner av KrF, Sp, SV og A fram slikt forslag (a):

"Budsjett for Hordaland fylkeskommune 2016

Fylkestinget vedtek fylkesrådmannen sitt forslag til budsjett med slike endringar:

Klimautfordringa er global, men mange av løysingane finst her lokalt. Vi har eit sjølvstendig ansvar for at Hordaland blir meir miljøvenleg. Ap, KrF, Sp og SV vil difor innan kollektivfeltet sikra eit meir tenleg tilbod slik at fleire vel å reisa kollektivt og let bilen stå. Vi stoppar veksten i prisane ut over prisveksten i samfunnet, sikrar einingstakst for dei reisande frå Arna til Bergen sentrum og set av midlar til endå fleire buss- og baneavgangar i Bergen. Vidare startar vi arbeidet med ein overordna strategi for kollektivtrafikk på sjøen, og vi slår fast at rutene må tilpassast ei ny kvardag etter kvart som nye vegar opnar.

Vi vil ta i bruk fylkeskommunen som ein positiv samarbeidsarena for kommunane, for nabofylka våre og for næringslivet. Vi vil leggja ned dagens fylkeskommune og erstatta den med regionar, med vestlandfylka som pilotregion. Vi treng sterke kommunar som spelar på lag med næringslivet og utdanningsinstitusjonane på heile Vestlandet.

Idrett og kultur er limet i samfunnet vårt, uavhengig av kvar du bur i fylket vårt. Ap, KrF, Sp og SV har alltid framheva dugnadsarbeid i lag og organisasjonar som ein avgjerande bærebjelke i samfunnet vårt. Ulike arenaer for aktivitet er like viktig både sentralt og lokalt.

Fråfall i den vidaregåande skulen er ei omfattande samfunnsutfordring. Ap, KrF, Sp og SV vil vidareutvikla den vidaregåande skulen med utgangspunkt i nærleik, kvalitet i undervisninga og bærekraft. Skuletilbodet til ungdommen skal byggja på forutsigbarheit. Likeeins er det viktig å ha omsorg for elevane sine rettigheter og trong for helsetenester. Ap, KrF, Sp og SV vil innføra eit tilbod om skulepsykologar og setja av midlar til elev- og lærlingombod.

Miljø og samferdsel

Partia vil syta for at heile Hordaland skal vera eit attraktivt fylke med framtidsretta transportløysingar både for folk og næringsliv. Vi skal ha eit kollektivtilbod som er eit reelt alternativ til bilen og eit vegnett som legg til rette for auka verdiskaping.

Kollektivreiser må vera ein viktig berebjelke i transportløysingane i heile Hordaland. Folk må kunna reisa kollektivt til og frå jobb, barnehage og skule. I tettbygde område og spesielt Bergen må vi betra luftkvalitet og redusera køar med å få mange fleire til å reisa kollektivt. Då må vi ha eit kollektivtilbod som er brukarvennleg, bra på kvalitet og rimelig i pris.

Einingstakst NSB Arna-Bergen sentrum

For å sikra at folk som reiser mellom Arna og Bergen sentrum får like rimeleg kollektivtrafikk som bergensarar for øvrig, dekkjer vi inn heile kostnaden med einingstakst på tog mellom Arna og Bergen sentrum. Etter gjennomgang i 2014 var dette tiltaket kostnadsrekna til 6 millionar. Etter ny gjennomgang er tiltaket kostnadsrekna til 10 millionar. Fylkesrådmannen skal ta opp att samtalanene med NSB for å prøve å koma til einigheit om ei fordeling av kostnadene knytt til einingstaksten.

Samordning

Det er ei målsetjing å få mest mogeleg aktivitet/tenesteyting ut av kvar fylkeskommunal krone. Dette krev kontinuerleg evne til endring. Samferdselsfeltet i HFK er i dag fragmentert, og delt opp i mange ulike einingar, som krev mykje koordinering på tvers. Det er hensiktsmessig med ein grundig gjennomgang av heile samferdselsfeltet administrativt, og ber fylkesrådmannen leggja fram ei utgreiing som drøftar ulike måtar å organisera feltet på. Målsetjinga må vera å få meir effektiv ressursutnytting, og dermed meir ressursar til tenesteytinga.

Ferjer

Snittalderen på ferjene i Hordaland er over 25 år, og fleire nærmar seg 40 år. Det er heller ikkje alle som stettar krava om universell utforming. Det er naudsynt å stilla tydelegare miljøkrav for å få til ei fornying/modernisering av flåten i neste anbodsperiode. Ein bør mellom anna legge opp til at det kan nyttast hybride løysingar der til dømes batteri og hydrogengass vert ein del av teknologien for å få ned utsleppa.

Ved anbodsinnhenting skal det stillast krav om at også fylkesvegferjesamband skal ha lærlingeplassar.

Fyllestasjon for hydrogen og hydrogenbilar

Hydrogen er ein energibærer som kan produserast frå fornybar energi og nyttast til drivstoff eller som innsatsfaktor i industrien utan utslepp. Utvikling av ei næringskjede for hydrogen i fylket vil vere ein mogleg strategi for å redusera utslepp innan transport. Fylkestinget løyver 4 millionar til etablering av ein fyllestasjon for hydrogen på Danmarks plass. Av dei to millionane som er sett av til innkjøp av el-bilar til fylkeskommunen skal det kjøpast inn to hydrogenbilar.

Omdisponering innanfor Bergensprogrammet

Fylkeskommunen skal gå i dialog med Bergen kommune og Statens Vegvesen og sjå på moglegheitene for omprioriteringar i Bergensprogrammet frå investering til styrking av kollektivtrafikken. Omdisponeringane skal sjåast i eit kort perspektiv, dei skal øyremerkast kollektivtrafikk i Bergensområdet og skal virka fram til neste byggetrinn av Bybanen er i gang.

Busslinje Varden

Fylkestinget ber Skyss gå i dialog med innbyggjarane på Varden som har engasjert seg for å få tilbake busslinja, for å finna ei minneleg løysing på dei utfordringane som har oppstått ved omlegging av rutestrukturen.

Kollektivtrafikk på sjø

Fylkestinget ber fylkesrådmannen om å laga forslag til ein ny overordna strategi for kollektivtrafikk på sjøen. Fylkestinget ber fylkesrådmannen få vurdert ekstra kapasitet på snøggbåtruta mellom Bergen og Askøy.

Snøggbåttilbodet til Ølen

Fylkestinget bed om at nedlegging av snøggbåttilbodet til Ølen vert utsett til 1. mars slik at avklaring av rammer for mogeleg vidare drift vert klare, i samråd med Rogaland fylkeskommune. Fylkestinget ber om sak til fylkesutvalet om eventuell vidareføring av tilbodet.

Konsekvensar av endra infrastruktur

Ved endring av infrastruktur, som opning av nye vegar som gir kortare køyretid, må Skyss endra rutene fortløpande for å gje dei reisande ein mest mogleg effektiv rutestruktur.

Kollektivknutepunkt

Det er viktig å tilretteleggja for effektive kollektivknutepunkt. Med nye samferdselløysingar er Jondal eit slikt knutepunkt. Fylkestinget føreset at det vert avsett naudsynte midlar til å ferdigstillast arealet på kaien med servicebygg.

Bysyklar

Fylkestinget ber fylkesrådmannen gå i dialog med Bergen kommune med sikte på å etablere eit samarbeid om etablering av bysyklar i Bergen. Fylkestinget ber fylkesrådmannen kome tilbake med ei sak der ulike modellar for eit slikt samarbeid vert drøfta.

Masfjordbrua

Fylkestinget er positivt til eit forsøk med en konseptutlysing for Masfjordbrua, dvs. ei anbudsutlysing basert på ei rein funksjonsbeskriving. Prosjektet vil kunne verta realisert dersom fylkeskommunal eigenandel ikkje vert for mykje utover ferjeavløysing og momskompensasjon i samband med prosjektet. Fylkestinget ber fylkesrådmannen leggja fram ei sak som drøftar dette snarast (1. kv. 2016).

Klimaplan

Klimaplanarbeidet vert styrkt med 2 millionar.

Midlar til punktutbetring/Trygge skulevegar

Fylkestinget set av 31,3 millionar til punktutbetringar på fylkesvegnettet.

Fylkesrådmannen skal til fylkestingsmøtet i mars fremje ei sak med aktuelle vegstrekningar prioritert regionvis, med muligheit for rask realisering. Trafikksikring av skulevegar skal ha høg prioritet.

Opplæring og helse

Den vidaregåande skulen er, i tillegg til å gi ungdom avgjerande grunnkompetanse før studiar og arbeidsliv ventar, det viktigaste verktøyet vi har for å utjamna sosiale forskjellar i samfunnet. Ved å gje alle elevar lik rett og lik mogelegheit til å få seg ei utdanning, skapar vi eit samfunn der sosioøkonomisk status ikkje er avgjerande for folk si mogelegheit til å skapa seg det livet

dei sjølve ynskjer. I Hordaland har vi ein gjennomføringsgrad i den vidaregåande skulen på rundt 70 %. Fylkeskommunen har eit mål om å auka denne til 80 %, og dette skal også reflekterast i årsbudsjettet.

I Hordaland har vi dyktige lærarar og skuleleiarar som kvar einaste dag gjer ein stor innsats for å gje elevane våre den utdanninga dei har krav på. Dei strukturelle utfordringane vi har, reduserer skulane sin mogelegheit til å gje eit best mogeleg tilbod til elevane. Karakterstyrt inntak og stykkprisfinansiering hemmar kvaliteten i utdanningstilbodet vårt.

Ny budsjettmodell og bærekraftig finansiering

Fylkestinget vedtek at fylkesrådmannen skal fremja ei sak der ulike budsjettmodellar for skulane vert drøfta. Vi ber fylkesrådmannen fremja forslag som viser ein meir tenleg finansieringsmodell som ikkje byggjer på stykkprisfinansiering, men som har til føremål å sikre fornuftig og bærekraftig finansiering av skulane. Det er ein føresetnad at skulane sjølve får koma med innspel.

Eit betre inntakssystem i Hordaland

Fylkestinget ber rådmannen gjennomgå gjeldande inntakssystem og vurdere alternativ til det reine karakterstyrte inntaket vi har i dag. Saka skal syna korleis gjeldande inntakssystem påverkar fråfall og motivasjon, reise- og søkemønster, samansettinga av elevar ved dei enkelte skulane og i kva grad eit nytt inntakssystem i kombinasjon med ny budsjettmodell kan bidra til ein meir berekraftig skulestruktur i Hordaland.

Fylkestinget ønskjer å skapa eit større mangfald i elevmassen ved dei enkelte skulane. I tillegg skal ein sikra alle elevane ein skuleplass innan ønskt studieretning, i nærleiken av heimstaden. Fylkestinget ber også fylkesrådmannen vurdere korleis ein kan bruka inntakssystemet til å motverka store variasjonar i status for skulane.

Det er ei målsetting at endå fleire enn i dag får oppfylt sitt førsteval av skule.

Saka skal handsamast hausten 2016, og evt. nytt inntakssystem skal gjelda frå skuleåret 2017/2018. Prinsippet om nærskule skal også utgreiast

Elev- og lærlingombod

Elevar i den vidaregåande skulen er ei av gruppene i samfunnet vårt med dårlegast rettssikkerheit. Elevane har ei rekkje rettigheter og plikter, men har ikkje eit uavhengig organ som sikrar at desse vert oppfylte. Difor skal det, i tillegg til eit mobbeombod, tilsetjast eit uavhengig elev- og lærlingombod. I samheng med tilsetjinga av eit slikt uavhengig ombod skal elevinspektørane si rolle på skulane reviderast slik at det vert ei fornuftig deling mellom ombodet og elevinspektørane sitt ansvarsområde.

Psykisk helse

20 % av born mellom 3 og 18 år har nedsett funksjonsevne på grunn av psykiske lidningar. Halvparten av desse har så alvorlege symptom at det tilfredsstillar krava til ein psykiatrisk diagnose. Meir enn ein av tre sekstenåringar har hatt så mange symptom at dei oppfyller krava til ein psykiatrisk diagnose og 15 til 20 % av alle norske ungdommar har symptom på depresjon. Skulehelsetenesta er eit kommunalt ansvar, men vi budsjetterer med fylkeskommunale midlar for å tilsetja skulepsykologar i dei vidaregåande skulane i Hordaland. Fylkesrådmannen skal så snart som mogleg fremja ei sak for fylkestinget der det vert skissert korleis fylkeskommunen kan samarbeida med kommunane for å få tilsett psykologar ute på skulane.

Alternative vegar til fagbrev

Fylkestinget ber fylkesrådmannen gjennomgå dei ulike løpa innan fagopplæringa for å koma tilbake til fylkestinget med ei sak om korleis vi kan gjere dei løpa med høgast gjennomføringsprosent meir kjent blant søkarane.

Tiltak for auka gjennomføring på yrkesfag

I Hordaland er det berre om lag ein tredjedel av elevane som byrjar på yrkesfag som fullfører med fagbrev. Nokon av desse fullfører med studiekompetanse, men ein stor del fell frå utan fagbrev og utan studiekompetanse. Fylkestinget set av 4,5 millionar i ein søkbar pott til skular

med låg gjennomføringsgrad på yrkesfag. Fylkestinget ber fylkesrådmannen leggja fram ein heilheitleg sak som synleggjer naudsynte tiltak og kriterium for tildeling av midlar.

Kultur, idrett og regional utvikling

Kultur og idrett er eit område der små økonomiske midlar gjev store resultat. Det blir utført imponerende mange årsverk i frivillig arbeid over heile Hordaland på dette feltet, noko som gjer oss til eit særdeles aktivt kultur- og idrettsfylke. Fylkestinget vil prioritera auke i tilskot til aktivitetsbaserte tiltak slik at den frivillige innsatsen blir ytterlegare stimulert.

Campus Bergen

Fleirtalspartia ønskjer å etablere eit «campus Bergen» etter modell frå Sogndal for å få eit kompetansesenter der ein samlar idretten, høgskulen, næringsliv, olympiatoppen, Universitet i Bergen og den vidaregåande skulen. Fylkesrådmannen skal setja i gong planlegging og kome tilbake til fylkestinget med ei sak om korleis dette kan organiserast.

Liv og lyst

Fylkestinget legg inn att midlar til lokalsamfunnsutviklingstiltaket "Liv og lyst", og ber fylkesrådmannen gå i dialog med Innovasjon Norge og Fylkesmannen for å gjenoppta samarbeidet om dette.

Generelt

Arealøkonomisering

Fylkestinget ber fylkesrådmannen setja i gang eit arbeid med arealøkonomisering av fylkesbygget og disponerte bygg i nærleiken. Gjennomgangen skal syna dagens husleigekostnad pr. avdeling og faktisk framtidig arealbehov for det enkelte tenesteområdet i fylkeskommunen.

Hotell

Fylkestinget vedtek at Hordaland fylkeskommune berre skal bruke hotell der dei tilsette har tariffavtale.

Innsparing regional

Fylkestinget ønskjer ein gjennomgang og prioritering av oppgåvene innan regionalavdelinga, med mål om å spare inn 6 millionar kr i driftsutgifter. Fylkestinget ber rådmannen saman med regionalavdelinga vurdere aktuelle tiltak.

Seriøsitetskrav i bygg- og anleggskontraktar

For å motverka utfordringane med arbeidslivskriminalitet i bygg- og anleggsnæringa vil fylkestinget innføra seriøsitetskrav ved eigne bygg- og anleggskontraktar.

Ber rådmannen leggja fram sak korleis dette kan følgjast opp.

Endringar til rådmannen sitt budsjettframlegg for 2016:

INNTEKTER DRIFT	MILL.
Driftsfinansiert investering	10
Udisponerte midlar	19
Belønningsmidlar kollektiv	23
Auka billettinntekter som følgje av fleire kollektivreisande	8,07

Regionalavdeling. Nedtrekk	6
Midlar frå disposisjonsfond til drift	5,5
Arealøkonomisering	5
Omorganisering samferdsel	2
TOTALE INNEKTER DRIFT	78,57
INNEKTER INVESTERING	MILL.
Midlar frå disposisjonsfond til investering	28,5
Selje leiligheit i Daniel Hansens gate 9 (eingangsmidlar)	3
TOTALE INNEKTER INVESTERING	31,5
UTGIFTER DRIFT	MILL.
Miljø og samferdsel	
Prisvekst. 2,5 vekst og ikkje 4,5 prosent	20
Einheitstakst Bergen-Arna	10
Auka ruteproduksjon i Bergen	17
Fyllestasjon for hydrogen	4
Klimaplanen	2
Ferje Kinsarvik-Utne	1,7
Opplæring i trafikktryggleik i vgs	0,2
Opplæring og helse	
Reversere nedtrekk i læremidlar	5
Skulepsykologar. Forsøksprosjekt.	5
Tiltak for auka gjennomføring på yrkesfag	4,5
Ernæring i skulen. Frukost til elevar. Prioritere skular med fråfall.	1
Endringar skule-pc-ordning	1
Elev- og lærlingombod	0,65
Raftostiftelsen	0,2
FFO	0,15
Kirkens SOS	0,15
Actis	0,1
SAFO	0,05
Dysleksiforeningen i Bergen og omland	0,01
Kultur, idrett og regional utvikling	
Lyssetting smelteverkstomtA i Odda	1
Liv og lyst	0,8
Bokbåten Epos	0,7
Moster Amfi	0,5
Prosjektmidlar folkemusikk	0,4
Fargespill	0,35
Espeland Fangeleir	0,3
Cornerteateret	0,26
Edvard Grieg Kor	0,2

40 prosent stilling til dopingforebyggende tiltak	0,2
Kultur Vest	0,2
Kystpilgrimsleia	0,2
Kystsovevekene	0,2
Psykatri, rus, Idrett	0,15
Litteraturhuset	0,1
Samhandlingsarena/konferanse Campus Bergen	0,1
Hardanger Musfikkfest	0,1
Planmidlar kulturhus Nordhordland	0,1
TOTALE UTGIFTER DRIFT	78,57
UTGIFTER INVESTERING	MILL.
Punktutbetring/trygge skulevegar	31,3
Flygel Kabuso	0,2
TOTALE UTGIFTER INVESTERING	31,5"

Pål Kårbø (KrF) sette på vegner av KrF, Sp, A og SV fram slikt forslag (b):

"Tillegg på retningsliner for bruk av partistøttemidler. Tillegg kulepunkt:

.... eller fylkespartiet"

Tom-Christer Nilsen (H) sette fram slikt forslag:

"Budsjet

MERINNTEKTER/MINDREUTGIFTER

Veiavgift gass	25,0
Reklame, forsert innføring	6,0
Nattakst	0,6
Lokalbåt Osterfjorder	1,3
Belønningsmidler (i tråd med statsbudsj)	
Avgrensing elevutgifter til 200' pr elev	12,5
Takst tannhelse	1,5
Fylkesmusikere	3,0
Cornerteateret	0,2
Økt kollektivbruk	8,0
Redusert rente/avdrag	1,0
Udisponert sum i rådmannens forslag	19,0
INNTEKT TOTALT	78,1

MINDREINNTEKTER/MERUTGIFTER

Beholde elbilfordeler	1,0
-----------------------	-----


Redusert takst kollektiv	20,0
Økt rutetilbud	15,0
Økt rutetilbud, belønningsmidler	
Skolebudsjettet utdanningsprogram økes i tråd med prisvekst	26,5
Skolehelsetjeneste	3,0
Sommerskole	0,5
Styrking av forfatterbesøk og kulturtilbud for barn og unge folkebibliotek	1,0
Ferge Austevoll	2,0
UTGIFTER TOTALT	69,0

KAPITALBUDSJETT

Overført fra driftsbudsjettet	9,1
Dekkelegging og mindre utbedringer	-9,1
Redusert investering Katten	15,0
Redusert gjeld	-21,0
Salg av eiendom	6,0
UTGIFTER TOTALT	0,0

TIL KAPITALBUDSJETTET/GJELDSRED.

Inntekt minus utgifter	9,1
------------------------	-----



Inntekter:

Veiavgift gass:

Denne innføres fra 2016. En kan unngå denne avgiften ved å bytte til 50% biogass. Fra høsten 2016 vil der være biogass fra anlegget i Rådalen (ferdigstilles mai 2016). Sammen med import av biogass fra Sverige jfr. Trondheim, kan andelen biogass komme opp i 50% og veiavgiften unngås

Reklame

Reklame for rullende materiell ligger i budsjettet med 0,75 mill. Inntekspotensialet er vurdert til 6-7 mill. Vi ønsker en forsert innføring som realiserer inntekspotensialet i 2016

Nattakst
Nattaksten økes tilsvarende andre takster

Lokalbåt Osterfjorden
Reduserte utgifter

Avgrensing elevutgifter til 200'
Setter makstildeling per elev til 200'

Takst Tannhelse
Betalingssatsene økes

Fylkesmusikere
Ordningen avvikles

Cornerteateret
Gir ikke tilskudd

Økt kollektivbruk
Økte billettinntekter som følge av redusert pris og økt tilbud

Inntekt fra belønningsordningen: Statsbudsjettet gir en økt pott på belønningsordningen
Vi vet ikke i dag hvor mye som kan tilfalle Hordaland/Bergen men forutsetter at det søkes her og at tilgjengelige midler blir brukt til økt rutetilbud

Utgifter

Beholde elbilfordelene:
Ikke innføre betaling for elbiler.

Redusert takst kollektivt:
Ikke mer takstøkning enn prisstigning

Økt rutetilbud
Økt rutetilbud buss og bane

Økning skolebudsjettet
Elevtallet øker i den videregående skolen, og det forventes en stor gruppe asylsøkere i aldersgruppen som er aktuell for videregående opplæring. I tråd med praksis i Hordaland skal disse ha tilbud om videregående opplæring. Skolebudsjettet er derfor ikke realistisk. Her fordeles også nedtrekket på de skoler som har utgifter over 200' per elev.

Skolehelsetjeneste
Området er et kommunalt ansvar, men utfordringene er av en slik art at der må legges inn fylkeskommunale midler til tiltak innen feltet

Sommerskole
Sommerskoletilbudet er et svært vellykket tilbud for økt gjennomføring. Vi ønsker å utvide ordningen for å redusere frafall

Styrking av kulturtilbud for barn og unge
I dag brukes mesteparten av midlene knyttet til bokbåt til drift av båt. Vi ønsker å prioritere kulturtilbudet med forfatterbesøk mm. Dette vil innebære at de midlene som i dag brukes til båtleie og drivstoff brukes til litteraturaktiviteter.

Ferge Austevoll:
Oppfølging av tidligere vedtak i fylkesutvalget

Kapitalbudsjettet

Økt dekkelegging – oppgraderinger

Redusert investering Katten - tar ut klasseromsdelen på grunn av eksisterende kapasitet

Redusert gjeld - gjeldsutviklingen i fylkeskommunen er bekymringsfull, og vi ønsker å redusere den.

Salg av eiendom - Salg av leiligheter i bergen sentrum, Nygård og Nordnes.

Verbalforslag

Det gjennomføres et forsøk med privat rådgivningstjeneste for å få et større, kvalitetssikret mangfold og bedre kvalitet i rådgivingen til elevene.

Kompromisset om statsbudsjettet inneholder også økt tapskompensasjon og mer midler til rassikring, økte midler til regional utvikling, økt lærlingetilskudd mm. Vi forutsetter at en kommer tilbake til dette i en budsjettjustering når den nøyaktige fordelingen av disse midlene er klar."

Terje Søviknes (Frp) sette fram slikt forslag:

"Budsjett 2016 Økonomiplan 2006-19 Hordaland fylkeskommune

- *Kollektivsatsing, 200 fleire daglege avgangar* 20 mill.
- *Prosjekt «Redusert sniking»*
- *Reklamefinansiering kollektiv* 7 mill.
- *Økt fylkesvegvedlikehald – reasfaltering* 20 mill.
- *Investeringar fylkesveier, mindre prosjekt* 15 mill.
- *Enklare utbygging av gang- og sykkelveggar*
- *Tilskot til hydrogenfyllestasjon* 15 mill.
- *Økt kapasitet snøggått Askøy-Bergen* 5 mill.
- *Buffer mot økte flyktningekostnader* 15 mill.
- *Nedlegging Hjeltnes Vidaregåande skule*
- *Sal av Manger folkehøgskule*
- *Utstyr Fagskulane* 15 mill.

GENERELT

FrP legg med dette fram Budsjett 2016/Økonomiplan 2016-19. Framlegget byggjer på fylkesrådmannens budsjettdokument av oktober 2015.

FrP legg vekt på å ikkje svekka netto driftsresultat i driftsbudsjettet. HFK har aukande gjeld, og må skaffa handlingsrom i driftsbudsjettet til framtidig auke i renter og avdrag.

DRIFTSBUDSJETTET

FrPs framlegg til endringar i driftsbudsjettet går fram av tabellen under;

	2016	2017	2018	2019
Udisponerte midler	-19 000			
Miljø og samferdsel				
Inntekter reklame Bybane/Skyss	-7 000	-7 000	-7 000	-7 000
Økt ruteproduksjon	20 000	20 000	20 000	20 000
Økt refusjon veibruksavgift - naturgass	-15 000	-15 000	-15 000	-15 000
Prosjekt "Økt kontroll kollektiv"	5 000	5 000	5 000	5 000
Økte bill.inntekter kontroll - reduksjon snik 30%	-20 000	-20 000	-20 000	-20 000
Økt fylkesveivedlikehold - reasfaltering	15 000	15 000	15 000	15 000
Økt kapasitet snøggått Askøy-Bergen	5 000	5 000	5 000	5 000
Fergesambandet Krokeide-Hufthamar	4 500	4 500		
Tilskudd hydrogenfylllestasjon Danmarks plass	5 000			
Opplæring og helse				
Nedlegging Hjeltnes vidaregåande skule	-5 000	-10 000	-10 000	-10 000
Salg av Manger folkehøgskule	-1 700	-3 400	-3 400	-3 400
Buffer økte flyktningekostnader	10 000			
"Pøbelprosjekt" mot fråfall i vgs.	500	500	500	
Kultur, idrett og regional utvikling				
Museum - løns- og priskompensasjon 2,7%	1 300	1 300	1 300	1 300
Fyllingsdalen teater	500	500	500	500
Oppstart Sunnhordland Maritime Indusrimuseum	500	500	500	500
Litlabø-gruvane	100	100	100	100
Stiftelsen Bryggen	100	100	100	100
Espeland Fangeleir	200	200	200	200
Tellevik kystfort	200	200	200	200
Nedtrekk Musikkføremål (fylkesmusikarordninga)	-1 400	-1 400	-1 400	-1 400
Tour de Fjords (totalt tilskudd kr 500 000)	340	340	340	340
Tilskudd FFO	150	150	150	150
Sum (overskott)	-710	-3 560	-8 060	-8 560

Nedanfor vil vi kommentere nokre av prioriteringane nærare.

Samferdsel

Kollektiv – auka ruteproduksjon

FrP aukar ruteproduksjonen på buss med 20 mill kr, tilsvarande ca 200 nye daglege avgangar. Dette finansierer vi primært med eit eige prosjekt for å få ned snikinga på kollektiv. Kontrollaktiviteten må aukast i kombinasjon med offensive kampanjar for å få folk til å betala for busstilbodet dei nyttar. Kontrollar har vist at snikprosenten i Bergensregionen kan liggja opp mot 10%. Vert denne redusert med 1/3 gjev dette ca 20 mill kr til auka ruteproduksjon.

Kollektiv – reklamefinansiering

FrP legg til grunn at HFK har inngått avtale med JCDecaux om avgrensa reklame på bussar og bybanen – fase 1. Denne gjev HFK ei forventa inntekt på ca 7 mill pr år. I fase 2 er det planlagt å leggja leskur, bysykkklar og bymøblar ut på anbod. Verdien av fase 2 er rekna til 13-30 mill kr årleg. FrP legg til grunn at avgrensa reklame i kollektivsektoren gjev viktige inntekter til HFK, - noko som gjev oss i stand til å auka ruteproduksjonen og betra servicenivået i Bergensregionen.

Fylkesveg – auka reasfaltering

FrP vil oppretthalda eit høgt vegvedlikehald på fylkesvegane våre, og set av 15 mill ekstra til reasfaltering årleg i planperioden.

Tilskot til hydrogenfyllestasjon Danmarks plass

FrP legg inn 5 mill kr i 2016 for å dekkja opp HFK s del av spleiselaget for etablering av hydrogenfyllestasjon på Danmarks plass

Auka kapasitet snøggbåtruta Askøy-Bergen

Kapasitet på snøggbåtruta Askøy-Bergen er sprengt i rushtida. FrP vil be fylkesrådmannen gå i dialog med operatør om å setja inn ny båt/støtte kapasitet i ruta. P.t. legg vi inn kr 5 mill pr år til tiltaket.

Austevollsferga

FrP legg til 2 mill kr til å dekkja opp for manglande finansiering frå næringslivet til B-ferga i 2016 og -17. I tillegg legg vi inn 2,5 mill kr begge år for å kunne setja inn erstatningsferje ved planlagde driftsopphald for B-ferga.

Opplæring og helse

FrP legg til grunn at elevtalet og kostnadsnivået ved Hjeltnes Vidaregåande skule ikkje gjer grunnlag for vidare drift frå hausten 2016. Tilsvarende går vi inn for sal av Mange folkehøgskule.

FrP legg inn 10 mill kr i buffer få å møta forventa auka kostnader med mottak av flyktningar i Hordaland i 2016. Ein må forvente auka kostnader både til tolketeneste, tannbehandling og vidaregåande skule, men det er ikkje lagt inn noko midlar til dette i fylkesrådmannens budsjettframlegg.

FrP legg inn kr 500 000 til eit 3-årig forsøk med eit Pøbelprosjekt i vidaregåande skule retta mot fråfall spesielt på yrkesfag. Evt. kan prosjektet initierast som eit samarbeid også mot Bergen kommune.

Kultur, idrett og regional utvikling

FrP legg inn mindre postar til eit rekkje tiltak under dette tenesteområdet. Viktigast er full kompensasjon for prisstigning til musea våre. Vi legg også inn midlar til t.d. Fyllingsdalen teater, oppstart Sunnhordland maritime industrimuseum og vidareføring av tilskot til Tour des Fjords.

INVESTERINGSBUDSJETT

FrP gjer berre mindre endringar i investeringsbudsjettet for Økonomiplanperioden 2016-19;

	2017	2018	2019	2020
Rehab/ombygg/mindre tilbygg i skulesektoren	-20 000			
Investering utstyr Fagskoler	15 000			
Utbygging Askøy vidaregåande			10 000	20 000
Trygg skuleveg - fylkeveier, mindre investeringer	15 000			
Økt eiendomssalg	-10 000	-10 000	-10 000	-10 000
Sum	-	-10 000	-	10 000

Det vert sett av 15 mill kr i 2016 til satsing på Prosjekt «Trygg skuleveg» - mindre utbetringstiltak på fylkesvegnetter.

På skuleområdet trekk vi ned 20 mill kr på posten til minder utbetringar/utbyggingar i vidaregåande skule, og overfører 15 mill kr til innkjøp av utstyr til Fagskulane.

Mot siste del av økonomiplanperioden legg FrP opp til at i planlegg utbygging ny vidaregåande skule på Askøy. Dette må sjåast nærare på ved rullering av Skulebruksplanen for Hordaland. FrP meiner HFK framleis sit på eigedommar som kan seljast, og legg inn ei forventa salsinntekt på 10 mill kr pr år i økonomiplanperioden.

Masfjordbrua - pilotprosjekt

FrP er positiv til eit forsøk med en konseptutlysning for Masfjordbrua, dvs. ei anbudsutlysning basert på ein rein funksjonsbeskrivelse. Prosjektet vil kunna verta realisert dersom fylkeskommunal eigenandel ikkje vert for mykje utover ferjeavløysing og momskompensasjon i samband med prosjektet. FrP syner til tilsvarande verbalframlegg i budsjettet for 2015, og ber fylkesrådmannen leggja fram ei sak som drøftar dette innan utgangen av 1.kv. 2016.

VERBALFRAMLEGG

FrP set fram to verbalforslag som ein ynskjer separat votering over ved handsaming av budsjettet i fylkestinget.

A. Forsøksprosjekt med enklare utbygging av gang- og sykkelveg på fylkesveg

Samferdsleminister Ketil Solvik-Olsen har tatt initiativ til eit prøveprosjekt med forenkla utbygging av gang- og sykkelveg på riksvegane. Så for meir info.

I tråd med tidlegare debattar i Hordaland fylkesting om vegnormalane og høge kostnader med utbygging av nye fylkesveganlegg finn vi det interessant å etablere eit tilsvarande prøveprosjekt for enklare utbygging av gang- og sykkelvegprosjekt langs fylkesveg i Hordaland. Evt. kan eit prøveprosjekt omfatta utvalde kommunar i fylket

Framlegg til vedtak;

Etter modell av samferdsledepartementets forsøk med enklare utbygging av gang- og sykkelveg langs riksvegane etablerer Hordaland fylkeskommune eit forsøk med enklare utbygging av gang- og sykkelveg langs fylkesveg i Hordaland.

Fylkesrådmannen vert beden om å fremja sak til handsaming i Hordaland fylkesting 1. halvår 2016 med rammer for forsøket.

B. Prosjekt redusert sniking i kollektivtransporten

Kontrollar har vist at snikprosenten på kollektivtransporten i Bergensregionen kan liggja opp mot 10%. Vert denne redusert med 1/3 gjev dette ca 20 mill kr til auka ruteproduksjon. Høg snikprosent er med å undergrava betalingsviljen hos brukarane av kollektivtenestene, og tilbodet vert dårlegare en naudsynt med færre avgangar og høgare billettprisar. Kontrollaktiviteten bør derfor aukast i kombinasjon med offensive kampanjar for å få folk til å betala for busstilbodet dei nyttar. Prosjektet bør vera sjølvfinansierande, og over tid gje auka billettinntekter som kan bidra til å styrkja kollektivtilbodet i Hordaland.

Framlegg til vedtak;

Hordaland fylkesting ber fylkesrådmannen i samarbeid med Skyss om å etablere eit eige prosjekt for å redusere snikprosenten i kollektivtransporten i fylket. Forventa auka billettinntekter skal øyremerkast kollektivtilbod i Hordaland.

Fylkesrådmannen vert beden om å fremja sak til handsaming i Hordaland fylkesting 1. halvår 2016 med rammer for prosjektet."

Tom Sverre Tomren (MDG) sette på vegner av MDG og V fram slikt forslag:

"Grønt skifte på Vestlandet

Budsjettet til fylkeskommunen skal tydeleg prioritere og medverke til det grønne skifte regionalt. Som offentlig forvaltar skal me leggje til rette for: ei engasjert omstilling til eit berekraftig nullutslippssamfunn, eit engasjert og nyskapande næringsliv, engasjerte ungdommar i utdanning, og eit engasjerande og inkluderande kulturliv som sikrar kreativitet, nyskaping og deltaking.

Fylkesrådmannen sitt budsjettframlegg til 2016 syner måtehald og emne til prioritering. MDG og V vil rose fylkesrådmannen, dette er både naudsynt og beundringsverdig. Vi har ved gjentekne høve understreka vår uro over den alarmerande auka i Hordaland fylkeskommune si gjeldsgrad, og vi har peika på tiltak. På investeringsbudsjettet har vi lite slingringsmonn. Vi er, som fylkesrådmannen skriv, langt over det nivået Riksrevisjonen tilrår.

Vi tilrår difor å holde disposisjonsfondet både på drift og investering på eit nivå som gjev fleksibilitet og førebur oss på framtida.

Som del av ei større verd, må regionar og lokalsamfunn vere både handlekraftige og framsynte, budde på framtida. I dette ligg emne til omstilling gjennom å både vere fleksibel og utviklingsorientert. Samstundes som HFK skal levere på sine kjerneoppgåver, må og skal vi være eit spydspiss innanfor klima- og miljøpolitikk og bidra til dei store omstillingane på Vestlandet. For å kunne være ein grøn spydspiss under desse føresetnadene må vi kunne prioritere på ansvarleg, føreseieleg vis.

I forordet til Klimaplan for Hordaland 2014-2030 heiter at «*Klimaplanen skal legges til grunn for andre regionale planer i Hordaland*». I økonomiplanen for 2015-2018 skriv fylkesrådmannen: «*Klimaplanen vert sentral i økonomiplanperioden*». Vi meiner klimaplanen for Hordaland såleis skal ha status som overordna styringsdokument for all regional planlegging, for utvikling og for budsjettarbeidet. Dette betyr at all sakshandsaming og forvaltning skal ha klimamåla som ein viktig del av grunnlaget. Intensjonen bak å ha eit klimabudsjett for alle tiltak er for å kunne måla om tiltaket faktisk førebur oss på framtida, eller om det snarare opprettheld dagens utslepp og utsleppsutvikling.

Transport og kollektiv:

For å nå våre eigne vedtekne klimamål om å senke utsleppa av klimagassar 20% innan 2020, og om at all persontransport skal være 20% elektrisk innan 2020, så er vi nøydde til å opprettholde insentiva til å køyre elektrisk, inkludert støtteordninga på ferje. El-biler i Hordaland har i 2015 nådd ein marknadssdel på 5 %. Ingen andre land i verda har oppnådd slik suksess på området som Noreg. HFK må opprettholde og styrke vår storstilte satsing på støtteordningar til etablering av normalladepunkt, samt sikre den vedtekne satsinga på hurtigladning i alle kommunesentra og regionsentra. Vi legg også inn midlar til kjøp av 11 fylkeskommunale elbilar, jamfør pk. 5.10 i Klimahandlingsplanen for 2016. Vi vil arbeide for at Bygarasjen skal ha gratis parkering for el-biler gjennom hele perioden, og den skal tilbys støtte til etablering av 100 ordinære ladepunkt gjennom klimaplanens handlingsprogram.

Som fylkeskommune har vi eit særskilt ansvar ovenfor transportsektoren, som er eit av dei største utsleppskjeldene i fylket. For å lukkast, trengs omstilling til fornybare energikjelder og nyskapande teknologi, men samstundes ei djuptgåande endring av reisevaner og transportbehov, både til lands og til sjøs. Vi ynskjer at ein revidert samferdselsstrategi vert utarbeidd, med konkrete tidsplanar for å omstilla til eit kollektiv- og transportsystem med nullutslepp i Bergensregionen og resten av fylket. Eit slikt system vil inkludera trolleybusser, batteribusser, hydrogenbusser, og hybrider av desse, i tillegg til bybane, ferje, hurtigbåt m.m. Ny trafikk må koma i form av kollektivtransport, eller i form av gange og sykkel. I fyrste omgang ynskjer me følgjande tiltak:

- Aktiv satsing på innfartsparkering, auka ruteproduksjon også i distrikta.
- Einskapstakst på togstrekninga Arna-Bergen. Me understrekar at dette burde vera eit statleg tiltak, og ikkje eit fylkeskommunalt ansvar, og meiner også at den føreslegne fylkeskommunale innsatsen bør evaluerast etter eit år, for å kartleggja om det har den ynskte effekten på passasjertalet. Evalueringen må sjåast i samanheng med forventa auke i passasjertal grunna innføring av tidsdifferensierte bompengar.
- Prioriterte kollektivfelt på alle innfartsårer inn til sentrum.
- I høve rullering av kollektivplan for Sunnhordland vert det sett av midlar til styrking av ruteproduksjon, både til Sunnhordland og til distrikta elles.
- Venstre/MDG ber administrasjonen om å nytte videokonferanseteknologi til intern møteverksemd. Ved revidering av budsjett ynskjer vi status på hyppigheten av slik bruk.
- Satsing på hydrogen som eit supplement til elektrifisering av bilparken, for å sikre bygging av hydrogenfyllestasjon på Danmarks plass er det sett av 4 mill. i driftsbudsjettet. Desse må kunne overførast til 2017 om finansiering med Enova ikkje løyser seg i 2016.

- Kjøp av 11 fylkeskommunale el-bilar
- Bygge ut trolleybussnettverket
- Fergeanbuda i 2020 lysast ut med krav om nullutslippsteknologi. Prosjektering og planlegging for dette må startast no.
- Satsing på landstraum til skip i Bergen hamn bør vere eit kontinuerleg satsingsområde framover i innværande periode, særleg med tanke på luftforureinings problematikken i Bergen, der skip ved hamn kan utgjere betydelege bidrag til å minske denne.

Regional utvikling:

MDG og Venstre understreker og vil forsterke tydinga av eit omstillingsdyktig regionalt nivå som alliansebyggjar og regional pådrivar for å fremma berekraftig nærings- og samfunnsutvikling både i bergensområdet og i distrikta. Her vil vi prioritere støtte knytt til tiltak som er miljømessig berekraftige, eit rent omstillingskrav er ikkje nok. På sikt ønsker vi at alle tilskot og støtte til næring skal ha eit klårt fokus på grøn omstilling.

For å understreke dette aukar vi i vårt budsjettframlegg avsetjinga av midlar til klimaplanen, direkte knytt til gjennomføringa av fylkets handlingsprogram. Vestlandet står i ein nøkkelposisjon for å kunne verta eit pilotprosjekt for eit nytt regionalt nivå, med regionalutvikling, klima og miljø som hovedfokus.

I tråd med tildelinga av 20 mill frå statleg hald, meiner vi Hordaland er skikka til å tenkje nytt i omstillinga av regioner. MDG og Venstre ynskjer at HFKs regionale næringsstrategi og HNH skal føresetje og prioritere klimarett næringsutvikling og omstillingsemne, med særleg vekt på ny teknologi knytt til fornybar energi, miljønnovasjon innan oppdrettsnæring og maritim sektor, nye produksjonsmetodar, og fokus på foredling, distribusjon og sal av lokalmat og lokale produkt. Vi vil arbeide for å få nye NCE (Norwegian Center of Expertise) til Hordaland. Dette skal være ei prioritert satsing, og vrir fokuset vekk frå olje- og gassrelaterte klynger.

Utdanning:

Framtida ligg hjå ungdommen, som Hordaland skal ivareta, utdanne og inspirere. For å auka verdiskapinga og samstundes løysa klimautfordringa må vi engasjere til nyskaping, entreprenørskap og arbeide aktivt for å motverke fråfallsproblematikken. Venstre og MDG legger inn midlar til fleire lærlingar i HFK.

For å møte ein aukande etterspurnad på yrkesfaglege kompetanse i samfunnet, har vi eit felles mål på tvers av alle politiske parti å bidra til auka status og verdsetjing av yrkesfaglege linjer og hindre dei store fråfalltala. Pilotprosjektet til HFK, Hyssingen produksjonsskule, er eit døme på Hordaland som eit nytenkjande og satsingsvillig fylke, som på sikt forhåpentlegvis kan tene til nasjonal inspirasjon. Her ligg vi i Norge etter internasjonalt.

Nye utdanningsløp og programfag bør vekse frem parallelt med næringas behov. Dette gjeld til dømes maritime og marine fag, nye subseafag, akvakultur og mat- og produksjonsfag og akvakultur.

Det er viktig å utvikle sosialpedagogisk kompetanse i skulane saman med kommunane - og det er statlige midlar tilgjengeleg på området.

Kultur:

Som bakteppe til all menneskeleg aktivitet ligg kultur, og for fylket er det viktig å satse på kultur, idrett og friluftsliv. Fellesskap, dugnadslyst og engasjement er vesentleg både for inkludering, integrering og førebyggjande arbeid. Kultur bidrar til identitetsbygging, kunnskap, historiebevissthet, danning og erkjenning i samfunnet.

Kulturpolitikken må, gjennom Premiss Kultur, aktivt og bevisst tilrettelegge for dette. Kulturformidling til barn og unge skal være et prioritert satsningsområde, og her er den kulturelle skulesekken et viktig virkemiddel. Vestlandet må styrkes som en kulturregion og bidra til en bedre regional fordeling av de statlige kulturmidlene. Hordaland skal styrkes som et nasjonalt og internasjonalt kulturelt tyngdepunkt.

Viktige punkt er :

- Styrke handlingsplanen for museum og arbeide for eit Museumsløft.
- Sikre fortsatt drift av Bokbåten Epos, som er eit kulturelt flaggskip og ein synlig del av ein vestlandsk kulturregion og eit distriktsbibliotek.

- Styrke satsinga på kystkultur, herunder sikre Stiftelsen Kystsogevekene.
- Styrke Hordaland Teater som nynorskarena og som pådriver for å fremme ny dramatikk på nynorsk.
- Vidareutvikle Bergen som nasjonal og internasjonal kulturby. Ein viktig del av dette arbeidet er å sikre at BIT Teatergarasjen og Carte Blanche, to av landets viktigaste kulturtilbod på sine felt, forblir i Bergen og Hordaland.
- Sikre vidare drift av KulturVest, som viktig virkemiddel for en rekke profesjonelle kulturinstitusjonar.
- Satse på bibliotek som eit kulturtilbod med breitt nedslagsfelt og som møtestader for menneske med ulik kulturell og sosial bakgrunn.
- Auke støtta til fylkets to friluftsråd og vidareutvikle det gode samarbeidet mellom råda og fylkeskommunen.
- Vere ein viktig bidragsytar til 1000-årsjubileet for Kristenretten i 2024, gjennom støtte til nytt sogespel med premiere 2016.
- Støtte opp om det viktige arbeidet utført av mange frivillige i gruvene på Litlabø, eit arbeid som er med på å sikre ivaretaking av viktig industrihistorie.
- Tilrettelegge for meir fysisk aktivitet i den vidaregåande skule.
- I satsinga på Dialogsenteret i Bergen understreker vi behovet for meir open dialog og forståing mellom menneske og religionar i Bergen. Innvandring av menneske frå heile verda gjer vår del av vestlandet global. Ufordringane i Europa er våre. Og vi skal løysa dei med openheit og dialog.

Administrasjon:

- Vi ber rådmannen utgreie innsparingar på utgifter knytt til konferanse og intern reiseverksemd.
- Venstre/MDG ber om at det for alle investeringar innan nye system eller anlegg skal synast kva effekt det har på drifta.

Fylkestinget er øvste organ i Hordaland Fylkeskommune. Vi skal bidra til lågare klimagassutslepp, betre føresetnader for å ta vare på det biologiske mangfaldet i heile fylket, og betre livsvilkår for den oppveksande generasjonen.

Budsjettframlegget til Venstre/MDG tar utgangspunkt i fylkesrådmannens framlegg, men med følgjande tillegg og endringar:

	Beløp
UTGIFT	
Samferdsel og miljø	
Auka midler til klimaplan	3
El-bil fordel på ferje	1
Takstfrys månedskort	12
Forum Nye Bergen	0,2
Auke ruteproduksjon i distriktene	1,45
Enhetstakst Arna-Bergen	12
Begrense auke i billettpris	14
Sum	48
Kultur	
Hordaland Teater	0,2
Cornerteateret	0,26
Dialogsenteret	0,5
Friluftsrådet Vest	0,05
BOF	0,1

Kystpilgrimsleia	0,2
Bokbåten	0,7
Litteraturhuset	0,1
Espeland Fangeleir	0,25
Edvard Grieg kor	0,2
Bømlo teater - ein ny dag 1000 års jubileum 2024	0,2
Kultur Vest	0,3
Gruvene på Litlabø	0,1
Vidareføring av gratis leige av HFK bygg	0,2
Bergen nasjonale opera	0,35
Prosjektmidler Folkemusikk	0,2
Kystsogevekene	0,3
Raftostiftelsen	0,2
Handlingsprogram Museum	1
SUM	5

Opplæring

Tiltak fleire lærlinger	1
Elev og lærlingeombud	0,65
Tiltak auka gjennomføring yrkesfag	3
Samarbeid- næring/skule	0,29
Sum	4,94

INNTEKTER

Reg.avd.	4
BRB	3
Disp.fond	4
Omorganisering samferdsel	2
(Driftsfinansierte inv.)	20
Innsparing møtevirksomhet	1
Arealøkonomisering	5
(Udisp.midler)	19
Sum	54
Balanse	0

INNTEKTER INVESTERING

Disposisjonsfondet	2,5
Sum	

UTGIFTER INVESTERING

Kjøp av fylkeskommunale EL bilar jf. pk. 5.10 i handlingsprogrammet 2016	2,5
--	-----

Sum	2,5"
-----	------

Terje Kollbotn (R) sette fram slikt forslag:

"Endrings- og tilleggsframlegg til fylkesutvalet si innstilling

Verbaldel:

1. Fylkestinget vil halde fast på og utvikle dagens fylkeskommune (alternativ til avsnitt 2 «Vi vil erstatta dagens fylkeskommune med regionar, med vestlandsfylka som pilotregion».
2. Ved fylkeskommunale oppdrag / anbod skal hovedregelen vere at det stillast krav om både å vere godkjend lærebedrift og ha lærling(ar).
3. Hordaland fylkeskommune har som mål at flest mogleg tilsette skal vere fast tilsette, og vil difor praktisere den tidlegare Arbeidsmiljølova paragraf 14-9.
4. Hordaland fylkesting ser ingen gevinst verken økonomisk eller for lærarar og elevar ved administrativ samanslåing av skular (t.d. i Norheimsund og Øystese eller i Arna).

Taldel budsjett:

1. Ingen takstauke innan kollektivtrafikken (frys-vedtak 2016) istadenfor prisvekst 2,5 %.
Finansiering: Auka billettinntekter som fylgje av enno fleire reisande.
2. Styrking av utdanningskapitlet til m.a. kompetanseheving og tiltak mot fråfall i skulen.
Finansiering: Auka statlege overføringar pr. elev ved mindre fråfall.
3. Auka støtte til FFO kr. 165.000
Finansiering: Rammereduksjon kr. 165.000 politisk kapittel."

Terje Kollbotn (R) sette fram slik protokollmerknad:

"Ved framtidige budsjettmøter i fylkestinget bør alle forslag leggje fylkesutvalet si innstilling til grunn. Det er denne innstillinga som har vore ute på høyring før dagens budsjettmøte, i samsvar med kommunelova."

Terje Kollbotn (R) trekte punkt 3 i "verbaldel".

Røysting

Kollbotn sitt endra budsjettforslag fekk 1 røyst (R) og fall.

Tomren sitt forslag fekk 6 røyster (MDG, V) og fall.

Søviknes sitt forslag fekk 7 røyster /Frp) og fall.

Nilsen sitt forslag fekk 12 røyster (H) og fall.

Kårbø sitt forslag (a) vart vedteke mot 25 røyster (H, Frp, MDG, V).

Kårbø sitt forslag (b) vart vedteke mot 3 røyster (MDG).

Søviknes sitt verbalforslag A. vart vedteke mot 4 røyster (V, R).

Søviknes sitt verbalforslag B. vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Budsjett for Hordaland fylkeskommune 2016

Fylkestinget vedtek fylkesrådmannen sitt forslag til budsjett med slike endringar:

Klimaufordringa er global, men mange av løysingane finst her lokalt. Vi har eit sjølvstendig ansvar for at Hordaland blir meir miljøvenleg. Ap, KrF, Sp og SV vil difor innan kollektivfeltet sikra eit meir tenleg tilbod slik at fleire vel å reisa kollektivt og let bilen stå. Vi stoppar veksten i prisane ut over prisveksten i samfunnet, sikrar einingstakst for dei reisande frå Arna til Bergen sentrum og set av midlar til endå fleire buss- og baneavgangar i Bergen. Vidare startar vi arbeidet med ein overordna strategi for kollektivtrafikk på sjøen, og vi slår fast at rutene må tilpassast ei ny kvardag etter kvart som nye vegar opnar.

Vi vil ta i bruk fylkeskommunen som ein positiv samarbeidsarena for kommunane, for nabofylka våre og for næringslivet. Vi vil leggja ned dagens fylkeskommune og erstatta den med regionar, med vestlandsfylka som pilotregion. Vi treng sterke kommunar som spelar på lag med næringslivet og utdanningsinstitusjonane på heile Vestlandet.

Idrett og kultur er limet i samfunnet vårt, uavhengig av kvar du bur i fylket vårt. Ap, KrF, Sp og SV har alltid framheva dugnadsarbeid i lag og organisasjonar som ein avgjerande bærebjelke i samfunnet vårt. Ulike arenaer for aktivitet er like viktig både sentralt og lokalt.

Fråfall i den vidaregåande skulen er ei omfattande samfunnsutfordring. Ap, KrF, Sp og SV vil vidareutvikla den vidaregåande skulen med utgangspunkt i nærleik, kvalitet i undervisninga og bærekraft. Skuletilbodet til ungdommen skal byggja på forutsigbarheit. Likeeins er det viktig å ha omsorg for elevane sine rettigheter og trong for helsetenester. Ap, KrF, Sp og SV vil innføra eit tilbod om skulepsykologar og setja av midlar til elev- og lærlingombod.

Miljø og samferdsel

Partia vil syta for at heile Hordaland skal vera eit attraktivt fylke med framtidretta transportløysingar både for folk og næringsliv. Vi skal ha eit kollektivtilbod som er eit reelt alternativ til bilen og eit vegnett som legg til rette for auka verdiskaping.

Kollektivreiser må vera ein viktig berebjelke i transportløysingane i heile Hordaland. Folk må kunna reisa kollektivt til og frå jobb, barnehage og skule. I tettbygde område og spesielt Bergen må vi betra luftkvalitet og redusera køar med å få mange fleire til å reisa kollektivt. Då må vi ha eit kollektivtilbod som er brukarvennleg, bra på kvalitet og rimelig i pris.

Einingstakst NSB Arna-Bergen sentrum

For å sikra at folk som reiser mellom Arna og Bergen sentrum får like rimeleg kollektivtrafikk som bergensarar for øvrig, dekkjer vi inn heile kostnaden med einingstakst på tog mellom Arna og Bergen sentrum. Etter gjennomgang i 2014 var dette tiltaket kostnadsrekna til 6 millionar. Etter ny gjennomgang er tiltaket kostnadsrekna til 10 millionar. Fylkesrådmannen skal ta opp att samtalan med NSB for å prøve å koma til einigheit om ei fordeling av kostnadene knytt til einingstaksten.

Samordning

Det er ei målsetjing å få mest mogeleg aktivitet/tenesteyting ut av kvar fylkeskommunal krone. Dette krev kontinuerleg evne til endring. Samferdselsfeltet i HFK er i dag fragmentert, og delt opp i mange ulike einingar, som krev mykje koordinering på tvers. Det er hensiktsmessig med ein grundig gjennomgang av heile samferdselsfeltet administrativt, og ber fylkesrådmannen leggja fram ei utgreiing som drøftar ulike måtar å organisera feltet på. Målsetjinga må vera å få meir effektiv ressursutnytting, og dermed meir ressursar til tenesteytinga.

Ferjer

Snittalderen på ferjene i Hordaland er over 25 år, og fleire nærmar seg 40 år. Det er heller ikkje alle som stettar krava om universell utforming. Det er naudsynt å stilla tydelegare miljøkrav for å få til ei fornying/modernisering av flåten i neste anbodsperiode. Ein bør mellom anna leggje opp til at det kan nyttast hybride løysingar der til dømes batteri og hydrogengass vert ein del av teknologien for å få ned utsleppa.

Ved anbodsinnhenting skal det stillast krav om at også fylkesvegferjesamband skal ha lærlingeplassar.

Fyllestasjon for hydrogen og hydrogenbilar

Hydrogen er ein energiberar som kan produserast frå fornybar energi og nyttast til drivstoff eller som innsatsfaktor i industrien utan utslepp. Utvikling av ei næringskjede for hydrogen i fylket vil vere ein mogleg strategi for å redusera utslepp innan transport. Fylkestinget løyver 4 millionar til etablering av ein

fyllestasjon for hydrogen på Danmarks plass. Av dei to millionane som er sett av til innkjøp av el-bilar til fylkeskommunen skal det kjøpast inn to hydrogenbilar.

Omdisponering innanfor Bergensprogrammet

Fylkeskommunen skal gå i dialog med Bergen kommune og Statens Vegvesen og sjå på moglegheitene for omprioriteringar i Bergensprogrammet frå investering til styrking av kollektivtrafikken.

Omdisponeringane skal sjåast i eit kort perspektiv, dei skal øyremerkast kollektivtrafikk i Bergensområdet og skal virka fram til neste byggetrinn av Bybanen er i gang.

Busslinje Varden

Fylkestinget ber Skysst gå i dialog med innbyggjarane på Varden som har engasjert seg for å få tilbake busslinja, for å finna ei minneleg løysing på dei utfordringane som har oppstått ved omlegging av rutestrukturen.

Kollektivtrafikk på sjø

Fylkestinget ber fylkesrådmannen om å laga forslag til ein ny overordna strategi for kollektivtrafikk på sjøen. Fylkestinget ber fylkesrådmannen få vurdert ekstra kapasitet på snøggbåtruta mellom Bergen og Askøy.

Snøggbåttilbodet til Ølen

Fylkestinget bed om at nedlegging av snøggbåttilbodet til Ølen vert utsett til 1. mars slik at avklaring av rammer for mogeleg vidare drift vert klare, i samråd med Rogaland fylkeskommune. Fylkestinget ber om sak til fylkesutvalet om eventuell vidareføring av tilbodet.

Konsekvensar av endra infrastruktur

Ved endring av infrastruktur, som opning av nye vegar som gir kortare køyretid, må Skysst endra rutene fortløpande for å gje dei reisande ein mest mogleg effektiv rutestruktur.

Kollektivknutepunkt

Det er viktig å tilretteleggja for effektive kollektivknutepunkt. Med nye samferdselløysingar er Jondal eit slikt knutepunkt. Fylkestinget føreset at det vert avsett naudsynte midlar til å ferdigstillast arealet på kaien med servicebygg.

Bisyklar

Fylkestinget ber fylkesrådmannen gå i dialog med Bergen kommune med sikte på å etablere eit samarbeid om etablering av bisyklar i Bergen. Fylkestinget ber fylkesrådmannen kome tilbake med ei sak der ulike modellar for eit slikt samarbeid vert drøfta.

Masfjordbrua

Fylkestinget er positivt til eit forsøk med en konseptutlysing for Masfjordbrua, dvs. ei anbudsutlysing basert på ei rein funksjonsbeskriving. Prosjektet vil kunne verta realisert dersom fylkeskommunal eigenandel ikkje vert for mykje utover ferjeavløysing og momskompensasjon i samband med prosjektet. Fylkestinget ber fylkesrådmannen leggja fram ei sak som drøftar dette snarast (1. kv. 2016).

Klimaplan

Klimaplanarbeidet vert styrkt med 2 millionar.

Midlar til punktutbetring/Trygge skulevegar

Fylkestinget set av 31,3 millionar til punktutbetringar på fylkesvegnettet.

Fylkesrådmannen skal til fylkestingsmøtet i mars fremje ei sak med aktuelle vegstrekningar prioritert regionvis, med mulighet for rask realisering. Trafikksikring av skulevegar skal ha høg prioritet.

Opplæring og helse

5. I samarbeid med Klima- og naturressursseksjonen skal kvar avdeling gå gjennom korleis fylkeskommunen kan få til naudsynte årlege kutt i klimagassutslepp.
6. Klimagassutslepp skal vere eit tema i alle vegutbyggingsprosjekt.

7. Anbudsrundane for bussdrift i Bergen 2020 må førebuast no med tanke på eit lågutsleppsalternativ.
8. Tiltaka for grøn mobilitet i Klimaplanen må utviklast vidare i samråd med Samferdselsavdelinga og skalerast opp.
9. Byggeprosjekt i fylkeskommunen skal BREEAM-sertifiserast. Fylkesrådmannen vert beden om å kome tilbake med ei eiga sak som utdjuar dette.

Saksprotokoll i utval for opplæring og helse - 10.11.2015

Representanten **Roald Stenseide** sette fram følgjande forslag på vegner av FRP/H:

«Pkt. 5.8 Rushtidsavgift: Utgår.

Strategi B: *Nytt punkt*: Der kommuner bygger VA-anlegg langs fylkesveier bør det bli anlagt gang og sykkelveier samtidig.

Pkt. 5.16: Differensierte bompenger: Utgår.»

Røysting

Stenseide sine forslag pkt. 5.8 og pkt. 5.16 fekk 5 røyster (FRP/H) og fall.

Stenseide sitt forslag til *Nytt punkt* vart samrøystes vedteke saman med fylkesrådmannen sitt forslag.

Innstilling

1. Fylkestinget vedtek Klimaplanen sitt handlingsprogram for 2016 slik det går fram av saka.
2. Økonomisk ramme for klimaplanen sitt handlingsprogram for 2016 (klimabudsjettet) vert handsama i Fylkesbudsjettet for 2016.
3. Førebelts fordeling av midlar frå klimabudsjettet på dei einiskilde tiltaka er basert på kostnadsoverslag og går fram av handlingsprogrammet.
4. Fylkesrådmannen får fullmakt til å gjere mindre vesentlege justeringar.
5. I samarbeid med Klima- og naturressursseksjonen skal kvar avdeling gå gjennom korleis fylkeskommunen kan få til naudsynte årlege kutt i klimagassutslepp.
6. Klimagassutslepp skal vere eit tema i alle vegutbyggingsprosjekt.
7. Anbudsrundane for bussdrift i Bergen 2020 må førebuast no med tanke på eit lågutsleppsalternativ
8. Tiltaka for grøn mobilitet i Klimaplanen må utviklast vidare i samråd med Samferdselsavdelinga og skalerast opp.
9. Byggeprosjekt i fylkeskommunen skal BREEAM-sertifiserast. Fylkesrådmannen vert beden om å kome tilbake med ei eiga sak som utdjuar dette.
10. Der kommuner bygger VA-anlegg langs fylkesveier bør det bli anlagt gang og sykkelveier samtidig.

Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 11.11.2015

Gustav Bahus sette på vegne utvalet fram forslag til nytt pkt 7.

Omgrepet «lågutsleppsalternativ» vert endra til «nullutsleppsalternativ».

Marthe Hammer la fram oversending.

Natalia Golis sette fram forslag til nytt pkt 6.

Klimabudsjett skal følgje alle vegutbyggingsprosjekt

Røysting

Gustav Bahus sitt forslag vart samrøystes vedteke

Natalie Golis sitt forslag fekk 6 røyster (MDG, H, FRP, V) og fall.
Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling med endra pkt 7 vart samrøystes vedteke.

Innstilling

1. Fylkestinget vedtek Klimaplanen sitt handlingsprogram for 2016 slik det går fram av saka.
2. Økonomisk ramme for klimaplanen sitt handlingsprogram for 2016 (klimabudsjettet) vert handsama i Fylkesbudsjettet for 2016.
3. Førebels fordeling av midlar frå klimabudsjettet på dei einskilde tiltaka er basert på kostnadsoverslag og går fram av handlingsprogrammet.
4. Fylkesrådmannen får fullmakt til å gjere mindre vesentlege justeringar.
5. I samarbeid med Klima- og naturressursseksjonen skal kvar avdeling gå gjennom korleis fylkeskommunen kan få til naudsynte årlege kutt i klimagassutslepp.
6. Klimagassutslepp skal vere eit tema i alle vegutbyggingsprosjekt.
7. Anbodsrundane for bussdrift i Bergen 2020 må førebuast no med tanke på eit nullutsleppsalternativ.
8. Tiltaka for grøn mobilitet i Klimaplanen må utviklast vidare i samråd med Samferdselsavdelinga og skalerast opp.
9. Byggeprosjekt i fylkeskommunen skal BREEAM-sertifiserast. Fylkesrådmannen vert beden om å kome tilbake med ei eiga sak som utdjupar dette.

Oversending frå Marthe Hammer (SV).

Endre punkt 7 til:

7) Fylkestinget ynskjer ei raskare innfasing av utsleppsfri motorteknologi for kollektivtrafikken
a) Framlegg til milepælar for redusert utslepp av Klimagass og lokal luftforureining for kvart andre år frå 2015 frem til 2025.

b) Ny anbodsrunde for kollektivtilbodet i Bergensregionen skal leggje til grunn at Trolleybussnettet vert utvida i tråd med forslaga i Trolleybusmeldinga og få inn Euro 6 motorteknologi med bruk av biogass.

c) Samlet planoversikt for Bergensområdet med sikte på at trolleybuss skal bli tungt matebussalternativ.

d) Plan for utviding av trolleybussnettet frå Paradis og Indre Sædal til Birkelundstoppen og frå Strandkaian til Oasen vert lagt fram for politisk handsaming før sommaren 2016.

Nytt punkt 10) Ordninga med tidsdifferensierte bompengar i Bergen bør endras slik at ordninga gir ekstra inntekter til drift av kollektivtilbodet.

11) Fylkestinget ber om at all planlegging av Rullebane 2 på Flesland vert stoppa

13) Til tiltak "5.7 Miljøvenleg framdriftsteknologi av ferjer og snøggåtar Punkt D. tiltak 19. Ved framtidige anbod på kollektivtrafikk, ferjer og snøggåtar i Hordaland skal fylkeskommunen krevje bruk av fornybar energi der det er mogleg."

Til saka som vert framlagt for fylkesutvalet i januar om anbodsgrunnlaget så skal det krevjes bruk av fornybar energi der det er mogleg. Det skal også i saka verte framlagt ein plan for korleis ein ser for seg tilførsel av energi (m.a. infrastruktur og tilførsel av straum), og om dette skal vere innanfor eller utanfor anbodet.

Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 11.11.2015

Rosalind Fosse (Frp) sette fram slikt forslag til vedtak:

«Nytt pkt 10. :
Pkt. 5.8 Rushtidsavgift utgår.

Tema 5: Areal og transport»

Rosalind Fosse (Frp) sette fram slikt forslag til vedtak på vegner av Frp og H:

«Nytt pkt. 11
Strategi B
Der kommuner bygger VA-anlegg langs fylkesveier bør det bli anlagt gang og sykkelveier samtidig.
Nytt pkt. 12
Pkt. 5.16 Differensierte bompenger utgår»

Røysting

Fosse sitt forslag til nytt pkt.10 fekk 2 røyster (Frp) mot 11 røyster og fall.
Fosse sitt forslag til nytt pkt.11 og 12 fekk 6 røyster (Frp, H og V) mot 7 røyster og fall.
Fylkesrådmannen sitt forslag pkt. 1 – 9 vart samrøystes vedteke.

Innstilling

1. Fylkestinget vedtek Klimaplanen sitt handlingsprogram for 2016 slik det går fram av saka.
2. Økonomisk ramme for klimaplanen sitt handlingsprogram for 2016 (klimabudsjettet) vert handsama i Fylkesbudsjettet for 2016.
3. Førebels fordeling av midlar frå klimabudsjettet på dei einskilde tiltaka er basert på kostnadsoverslag og går fram av handlingsprogrammet.
4. Fylkesrådmannen får fullmakt til å gjere mindre vesentlege justeringar.
5. I samarbeid med Klima- og naturressursseksjonen skal kvar avdeling gå gjennom korleis fylkeskommunen kan få til naudsynte årlege kutt i klimagassutslepp.
6. Klimagassutslepp skal vere eit tema i alle vegutbyggingsprosjekt.
7. Anbodsrundane for bussdrift i Bergen 2020 må førebuast no med tanke på eit lågutsleppsalternativ.
8. Tiltaka for grøn mobilitet i Klimaplanen må utviklast vidare i samråd med Samferdselsavdelinga og skalerast opp.
9. Byggeprosjekt i fylkeskommunen skal BREEAM-sertifiserast. Fylkesrådmannen vert beden om å kome tilbake med ei eiga sak som utdjuar dette.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 19.11.2015

Terje Søviknes sette fram slikt forslag:

"Punkt 5.8 Rushtidsavgift: Utgår.

Strategi B: *Nytt punkt:* Der kommuner bygger VA-anlegg langs fylkesveier bør det bli anlagt gang- og sykkelveier samtidig.

Pkt. 5.16: Differensierte bompenger: Utgår."

Kari Sørensen Bernardini sette på vegner av A, V, MDG, Sp, KrF og SV fram slikt forslag:

"Endra punkt 6:
Klima- og miljøbudsjett skal følgje alle vegutbyggingsprosjekt."

Aud Karin Oen sette fram slikt forslag:

"Tillegg til punkt 7:
a) Fylkestinget ynskjer ei rask innføring av utsleppsfri motorteknologi for kollektivtrafikken.

- b) Framlegg til milepælar for redusert utslepp av Klimagass og lokal luftforureining for kvart andre år frå 2015 fram til 2025.
- c) Ny anbudsrunde for kollektivtilbodet i Bergensregionen skal leggje til grunn at Trolleybussnettet vert utvida i tråd med forslaga i Trolleybussmeldinga og få inn Euro 6 motorteknologi med bruk av biogass.
- d) Samla planoversikt for Bergensområdet med sikte på at trolleybuss skal verte tungt matebussalternativ.
- e) Plan for utviding av trolleybussnettet frå Paradis og Indre Sædal til Birkelundstoppen og frå Strandkaien til Oasen vert lagt fram for politisk handsaming før sommaren 2016.

Nytt punkt 10) Ordninga med tidsdifferensierte bompengar i Bergen bør endrast slik at ordninga gir ekstra inntekter til drift av kollektivtilbodet.

11) Fylkestinget ber om at all planlegging av Rullebane 2 på Flesland vert stoppa.

13) Til tiltak 5.7 Miljøvenleg framdriftsteknologi av ferjer og snøggåtar Punkt D. tiltak 19. Ved framtidige anbod på kollektivtrafikk, ferjer og snøggåtar i Hordaland skal fylkeskommunen krevje bruk av fornybar energi der det er mogleg."

Tom Sverre Tomren sette fram slikt forslag (a):

"Hordaland fylkeskommune beklager at fylkeskommunens klimagassutslipp øker og at det blir stadig større sprik mellom målene som er satt fra utslippsreduksjon og faktisk utvikling.

Hordaland fylkeskommune uttrykker uro for at den framlagte klimaplanen ikke er egnet til å innfri fylkeskommunens klimamålsettinger."

Tom Sverre Tomren sette fram slikt forslag (b):

"Hordaland fylkeskommune vedtar en intensjon om at klimahandlingsplanen i fremtiden skal overordnes andre fylkeskommunale planer."

Røysting

Fylkesordføraren la innstillinga frå utval for miljø og samferdsel til grunn for røystinga.

Bernardini sitt forslag vart vedteke som innstilling til fylkestinget mot 1 røyst (Frp).

Innstillinga punkt 7 med Oen sitt tilleggspunkt a) vart vedteke som innstilling til fylkestinget mot 5 røyster (H, Frp).

Oen sitt tilleggspunkt 7 b) fekk 2 røyster (SV, MDG) og fall.

Oen sitt tilleggspunkt 7 c) fekk 6 røyster (SV, MDG, H, V) og fall.

Oen sitt tilleggspunkt 7 d) fekk 3 røyster (SV, MDG, V) og fall.

Oen sitt tilleggspunkt 7 e) fekk 3 røyster (SV, MDG, V) og fall.

Oen sitt tilleggspunkt 10 fekk 2 røyster (SV, MDG) og fall.

Oen sitt tilleggspunkt 11 fekk 2 røyster (SV, MDG) og fall.

Oen sitt tilleggspunkt 13 vart vedteke som innstilling til fylkestinget mot 2 røyster (Frp).

Søviknes sitt forslag fekk 5 røyster (Frp, H) og fall.

Tomren sitt forslag punkt (a) fekk 3 røyster (MDG, SV, V) og fall.

Tomren sitt forslag punkt (b) fekk 3 røyster (MDG, SV, V) og fall.

Innstillinga punkt 1-5 og 8-9 vart samrøystes vedteken som innstilling til fylkestinget.

Innstilling til fylkestinget

1. Fylkestinget vedtek Klimaplanen sitt handlingsprogram for 2016 slik det går fram av saka.
2. Økonomisk ramme for klimaplanen sitt handlingsprogram for 2016 (klimabudsjettet) vert handsama i fylkesbudsjettet for 2016.
3. Førebels fordeling av midlar frå klimabudsjettet på dei einskilde tiltaka er basert på kostnadsoverslag og går fram av handlingsprogrammet.

4. Fylkesrådmannen får fullmakt til å gjere mindre vesentlege justeringar.
5. I samarbeid med klima- og naturressursseksjonen skal kvar avdeling gå gjennom korleis fylkeskommunen kan få til naudsynte årlege kutt i klimagassutslepp.
6. Klima- og miljøbudsjett skal følgje alle vegutbyggingsprosjekt.
7. Anbudsrundane for bussdrift i Bergen 2020 må førebuast no med tanke på eit nullutsleppsalternativ. Fylkestinget ynskjer ei rask innfasing av utsleppsfri motorteknologi for kollektivtrafikken.
8. Tiltaka for grøn mobilitet i klimaplanen må utviklast vidare i samråd med samferdselsavdelinga og skalerast opp.
9. Byggeprosjekt i fylkeskommunen skal BREEAM-sertifiserast. Fylkesrådmannen vert beden om å kome tilbake med ei eiga sak som utdjupar dette.
10. Til tiltak 5.7 Miljøvenleg framdriftsteknologi av ferjer og snøggåtar Punkt D. tiltak 19. Ved framtidige anbod på kollektivtrafikk, ferjer og snøggåtar i Hordaland skal fylkeskommunen krevje bruk av fornybar energi der det er mogleg.

Saksprotokoll i fylkestinget - 09.12.2015

Marthe Hammer (SV) sette fram slikt forslag:

"Tillegg til punkt 7:

- b) Framlegg til milepælar for redusert utslepp av Klimagass og lokal luftforureining for kvart andre år frå 2015 fram til 2025.
- c) Ny anbudsrunde for kollektivtilbodet i Bergensregionen skal leggje til grunn at Trolleybussnettet vert utvida i tråd med forslaga i Trolleybussmeldinga og få inn Euro 6 motorteknologi med bruk av biogass.
- d) Samla planoversikt for Bergensområdet med sikte på at trolleybuss skal verte tungt matebussalternativ.
- e) Plan for utviding av trolleybussnettet frå Paradis og Indre Sædal til Birkelundstoppen og frå Strandkaia til Oasen vert lagt fram for politisk handsaming før sommaren 2016.

Nytt punkt 10) Ordninga med tidsdifferensierte bompengar i Bergen bør endrast slik at ordninga gir ekstra inntekter til drift av kollektivtilbodet.

- 11) Fylkestinget ber om at all planlegging av Rullebane 2 på Flesland vert stoppa."

Tom Sverre Tomren (MDG) sette på vegner av MDG, V og SV fram slikt forslag:

1. "Fylkestinget vedtek Klimaplanen sitt Handlingsprogram for 2016 slik det går fram av saka, med følgjande merknader:
 - a) HFK beklager at fylkeskommunens klimagassutslipp øker og at det blir stadig større sprik mellom målene som er satt fra utslippsreduksjon og faktisk utvikling.
 - b) Hordaland fylkeskommune vedtar en intensjon om at ein framtidige planer ligger 1,5- graders målet til grunn for fylkets klimamålsettinger.
 - c) Hordaland fylkeskommune legger til grunn formuleringen «Klimaplanen skal ligge til grunn for andre fylkeskommunale planer slik at planens målsettinger i fremtiden skal overordnes andre fylkeskommunale mål og planer."

Terje Kollbotn (R) sette fram slikt forslag:

"Tilleggsforslag:

1. Hordaland fylkesting stiller seg positiv til prosjektet Vestlandsbanen (tidlegare Haukelibanen) – eit framtidsretta lyntogprosjekt mellom sørvestlandet og austlandet som vil avlaste både flytrafikken, godstrafikken og privatbilismen og redusere klimagassutsleppa.
2. Hordaland fylkesting vil be administrasjonen leggje fram ei sak om korleis Hordaland fylkeskommune kan medverke til realisering.
3. Hordaland fylkesting vil invitere til ein open fylkeskonferanse i løpet av 2016 om korleis industrien i Hordaland kan medverke aktivt til reduksjon av klimagassutslepp. Industrilokomotivet TiZir blir invitert spesielt for å leggje fram sitt unike prosjekt for korleis klimagassutsleppa kan reduserast med 90%."

Marthe Hammer (SV) sette fram slik protokollmerknad:

"Til tilleggsforslag frå Raudt punkt 1 og 2:
SV stiller seg positiv til å etablere høg fartstog som er konkurransedyktig med flytrafikken mellom dei store byane i Sør-Noreg, men vil ikkje ta stilling til traséval slik forslaget legg opp til."

Geir Angeltveit (V) sette på vegner av V, MDG og SV fram slikt forslag:

"Nye punkt:

(a) Tiltak under tema 3, energi:

Fylkestinget ber om at det i handlingsprogrammet vert sett mål om at alle gateljos langs fylkeskommunale veger skal skiftast ut med LED-ljos.

(b) Tiltak under tema 4, Bygningar:

Nytt punkt 4,5 i handlingsprogrammet

Alle nye store fylkeskommunale byggeprosjekt skal byggjast i null- eller plussstandard.

(c) Tiltak under tema 5, areal og transport:

Tilleggsforslag strategi B, punkt 7. (etter «høg prioritet»..)

... rydding av fylkeskommunale gong- og sykkelvegar skal sikrast for å tilretteleggja for miljøvenleg ferdsel, med særskild fokus på gangbare tettstadar og sykkelbyar.

(d) Nytt punkt strategi B:

Fylkestinget ber om at det vert særskild fokusert på god gatebelysning langs fylkeskommunale skulevegar."

Silje Hjemdal (Frp) sette fram slikt forslag:

"(a) Punkt 5.8 Rushtidsavgift: Utgår.

(b) Strategi B: *Nytt punkt*: Der kommuner bygger VA-anlegg langs fylkesveier bør det bli anlagt gang- og sykkelveier samtidig.

(c) Pkt. 5.16: Differensierte bompenger: Utgår."

Tom Sverre Tomren (MDG) sette fram slik protokollmerknad:

"Fylkestinget vil minne om at tinget tidlegare har vedtatt at: "Klimaplanen bør i framtida kvantifisere klimagassutsleppa i forhold til sektorar og i forhold til vedtekte målsettingar" og ber om at dette blir implementert i framtidige planer og handlingsprogram."

Røysting

Hjemdal sitt forslag (a) fekk 20 røyster (Frp, H, R) og fall.

Hjemdal sitt forslag (b) vart vedteke mot 28 røyster (A, KrF, Sp).

Hjemdal sitt forslag (c) fekk 8 røyster (Frp, R) og fall.

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Hammer sitt forslag punkt 7 og 11 fekk 10 røyster (SV, V, MDG, R) og fall.

Hammer sitt forslag punkt 10 fekk 9 røyster (SV, MDG, V) og fall.

Angeltveit sitt forslag (a) fekk 22 røyster (V, H, SV, R, MDG) og fall.

Angeltveit sitt forslag (b) fekk 22 røyster (V, H, SV, R, MDG) og fall.
Angeltveit sitt forslag (c) vart vedteke mot 28 røyster (A, KrF, Sp).
Angeltveit sitt forslag (d) vart samrøystes vedteke.
Tomren sitt forslag a) fekk 10 røyster (MDG, SV, R, V) og fall.
Tomren sitt forslag b) fekk 10 røyster (MDG, SV, R, V) og fall.
Tomren sitt forslag c) fekk 10 røyster (MDG, SV, R, V) og fall.
Kollbotn sitt forslag punkt 1 fekk 1 røyst (R) og fall.
Kollbotn sitt forslag punkt 2 fekk 1 røyst (R) og fall.
Kollbotn sitt forslag punkt 3, 1. setning fekk 10 røyster (MDG, SV, R, V) og fall.

Vedtak

1. Fylkestinget vedtek Klimaplanen sitt handlingsprogram for 2016 slik det går fram av saka.
2. Økonomisk ramme for klimaplanen sitt handlingsprogram for 2016 (klimabudsjettet) vert handsama i fylkesbudsjettet for 2016.
3. Førebels fordeling av midlar frå klimabudsjettet på dei einiskilde tiltaka er basert på kostnadsoverslag og går fram av handlingsprogrammet.
4. Fylkesrådmannen får fullmakt til å gjere mindre vesentlege justeringar.
5. I samarbeid med klima- og naturressursseksjonen skal kvar avdeling gå gjennom korleis fylkeskommunen kan få til naudsynte årlege kutt i klimagassutslepp.
6. Klima- og miljøbudsjett skal følgje alle vegutbyggingsprosjekt.
7. Anbudsrundane for busstransport i Bergen 2020 må førebuast no med tanke på eit nullutsleppsalternativ.
Fylkestinget ynskjer ei rask innføring av utsleppsfri motorteknologi for kollektivtrafikken.
8. Tiltaka for grøn mobilitet i klimaplanen må utviklast vidare i samråd med samferdselsavdelinga og skalerast opp.
9. Byggeprosjekt i fylkeskommunen skal BREEAM-sertifiserast. Fylkesrådmannen vert beden om å kome tilbake med ei eiga sak som utdjupar dette.
10. Til tiltak 5.7 Miljøvenleg framdriftsteknologi av ferjer og snøggåtar Punkt D. tiltak 19.
Ved framtidige anbod på kollektivtrafikk, ferjer og snøggåtar i Hordaland skal fylkeskommunen krevje bruk av fornybar energi der det er mogleg.
12. Tiltak under tema 5, areal og transport:
Tilleggsforslag strategi B, punkt 7. (etter «høg prioritet»..) ... rydding av fylkeskommunale gong- og sykkelveggar skal sikrast for å tilretteleggja for miljøvenleg ferdsl, med særskild fokus på gangbare tettstadar og sykkelbyar.
11. Strategi B: Der kommuner bygger VA-anlegg langs fylkesveier bør det bli anlagt gang- og sykkelveier samtidig.
13. Strategi B:
Fylkestinget ber om at det vert særskild fokusert på god gatebelysning langs fylkeskommunale skuleveggar.

Protokollmerknad frå SV

Til tilleggsforslag frå Raudt punkt 1 og 2:

SV stiller seg positiv til å etablere høg fartstog som er konkurransedyktig med flytrafikken mellom dei store byane i Sør-Noreg, men vil ikkje ta stilling til traséval slik forslaget legg opp til.

Protokollmerknad frå MDG

Fylkestinget vil minne om at tinget tidlegare har vedtatt at: "Klimaplanen bør i framtida kvantifisere klimagassutsleppa i forhold til sektorar og i forhold til vedtekne målsettingar" og ber om at dette blir implementert i framtidige planer og handlingsprogram.

PS 105/15 Regional plan for vassregion Hordaland 2016 - 2021

Forslag til innstilling

1. Fylkestinget vedtar Regional plan for vassregion Hordaland 2016- 2021. Planen vert sendt til Klima- og miljøverndepartementet for godkjenning.
2. Fylkestinget vedtar Tiltaksprogram for vassregion Hordaland 2016-2021.
3. Fylkestinget vedtar Handlingsprogram for vassregion Hordaland 2016-2018.

Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 11.11.2015

Beate Husa (Krf) sette fram slikt forslag til vedtak på vegner av Krf, H, Frp, Sp og A:

«Nytt pkt. 4.

Fylkestinget legg til grunn at det i denne planperioden ikkje vil bli fastsett miljømål som fører til redusert vasskraftproduksjon eller flomdemping.»

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag pkt.1 til 3 vart samrøystes vedteke.

Husa sitt forslag vart vedteke med 12 røyster mot 1 røyst (V).

Innstilling

1. Fylkestinget vedtar Regional plan for vassregion Hordaland 2016- 2021. Planen vert sendt til Klima- og miljøverndepartementet for godkjenning.
2. Fylkestinget vedtar Tiltaksprogram for vassregion Hordaland 2016-2021.
3. Fylkestinget vedtar Handlingsprogram for vassregion Hordaland 2016-2018.
4. Fylkestinget legg til grunn at det i denne planperioden ikkje vil bli fastsett miljømål som fører til redusert vasskraftproduksjon eller flomdemping.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 19.11.2015

Røysting

Innstillinga punkt 1, 2 og 3 vart samrøystes vedteken som innstilling til fylkestinget.

Innstillinga punkt 4 vart vedteken som innstilling til fylkestinget mot 4 røyster (SV, V, MDG, 1A).

Innstilling til fylkestinget

1. Fylkestinget vedtar Regional plan for vassregion Hordaland 2016- 2021. Planen vert sendt til Klima- og miljøverndepartementet for godkjenning.
2. Fylkestinget vedtar Tiltaksprogram for vassregion Hordaland 2016-2021.
3. Fylkestinget vedtar Handlingsprogram for vassregion Hordaland 2016-2018.
4. Fylkestinget legg til grunn at det i denne planperioden ikkje vil bli fastsett miljømål som fører til redusert vasskraftproduksjon eller flomdemping.

Saksprotokoll i fylkestinget - 09.12.2015

Innstillinga punkt 1, 2 og 3 vart samrøystes vedteken.

Innstillinga punkt 4 vart vedteken mot 9 røyster (SV, MGD, V).

Vedtak

1. Fylkestinget vedtar Regional plan for vassregion Hordaland 2016- 2021. Planen vert sendt til

Klima- og miljøverndepartementet for godkjenning.

2. Fylkestinget vedtar Tiltaksprogram for vassregion Hordaland 2016-2021.
3. Fylkestinget vedtar Handlingsprogram for vassregion Hordaland 2016-2018.
4. Fylkestinget legg til grunn at det i denne planperioden ikkje vil bli fastsett miljømål som fører til redusert vasskraftproduksjon eller flomdemping.

PS 106/15 Regional plan for vassregion Sogn og Fjordane 2016-2021

Forslag til innstilling

1. Fylkestinget vedtar Regional plan for vassforvaltning for Sogn og Fjordane vassregionen 2016- 2021 for dei areala som gjeld Hordaland. Planen vert sendt til Klima- og miljøverndepartementet for godkjenning.
2. Fylkestinget vedtar Tiltaksprogram for Sogn og Fjordane vassregion 2016-2021 for dei areala som gjeld Hordaland.
3. Fylkestinget vedtar Handlingsprogram for Sogn og Fjordane vassregion 2016-2018 for dei areala som gjeld Hordaland.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 19.11.2015

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

Innstilling til fylkestinget

1. Fylkestinget vedtar Regional plan for vassforvaltning for Sogn og Fjordane vassregionen 2016- 2021 for dei areala som gjeld Hordaland. Planen vert sendt til Klima- og miljøverndepartementet for godkjenning.
2. Fylkestinget vedtar Tiltaksprogram for Sogn og Fjordane vassregion 2016-2021 for dei areala som gjeld Hordaland.
3. Fylkestinget vedtar Handlingsprogram for Sogn og Fjordane vassregion 2016-2018 for dei areala som gjeld Hordaland.

Saksprotokoll i fylkestinget - 08.-09.12.2015

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

1. Fylkestinget vedtar Regional plan for vassforvaltning for Sogn og Fjordane vassregionen 2016-2021 for dei areala som gjeld Hordaland. Planen vert sendt til Klima- og miljøverndepartementet for godkjenning.
2. Fylkestinget vedtar Tiltaksprogram for Sogn og Fjordane vassregion 2016-2021 for dei areala som gjeld Hordaland.
3. Fylkestinget vedtar Handlingsprogram for Sogn og Fjordane vassregion 2016-2018 for dei areala som gjeld Hordaland.

PS 107/15 Regional plan for vassregion Rogaland 2016-2021

Forslag til vedtak

1. I medhald av Plan- og bygningslova § 8.4 vedtar Hordaland fylkeskommune følgjande dokument for dei areala som gjeld Hordaland:
 - Regional plan for vassforvaltning i vassregion Rogaland 2016-2021

- Regionalt tiltaksprogram for vassregion Rogaland 2016-2021
 - Handlingsprogram for 2016 – 2018 til regional plan for vassforvaltning i vassregion Rogaland 2016-2021
2. Hordaland fylkeskommune føresett at staten legg vassforvaltingsplanen og tiltaksprogrammet til grunn for alt vidare arbeid med vassforvaltning.
 3. Hordaland fylkeskommune ber staten om å følgje opp med økonomiske midlar slik at vassforvaltingsplanen lar seg gjennomføre i tråd med føringar i vassforskrifta.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 19.11.2015

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

Innstilling til fylkestinget

1. I medhald av plan- og bygningslova § 8.4 vedtar Hordaland fylkeskommune følgjande dokument for dei areala som gjeld Hordaland:
 - Regional plan for vassforvaltning i vassregion Rogaland 2016-2021
 - Regionalt tiltaksprogram for vassregion Rogaland 2016-2021
 - Handlingsprogram for 2016-2018 til regional plan for vassforvaltning i vassregion Rogaland 2016-2021
2. Hordaland fylkeskommune føreset at staten legg vassforvaltingsplanen og tiltaksprogrammet til grunn for alt vidare arbeid med vassforvaltning.
3. Hordaland fylkeskommune ber staten om å følgje opp med økonomiske midlar slik at vassforvaltingsplanen lar seg gjennomføre i tråd med føringar i vassforskrifta.

Saksprotokoll i fylkestinget -09.12.2015

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

1. I medhald av plan- og bygningslova § 8.4 vedtar Hordaland fylkeskommune følgjande dokument for dei areala som gjeld Hordaland:
 - Regional plan for vassforvaltning i vassregion Rogaland 2016-2021
 - Regionalt tiltaksprogram for vassregion Rogaland 2016-2021
 - Handlingsprogram for 2016-2018 til regional plan for vassforvaltning i vassregion Rogaland 2016-2021
2. Hordaland fylkeskommune føreset at staten legg vassforvaltingsplanen og tiltaksprogrammet til grunn for alt vidare arbeid med vassforvaltning.
3. Hordaland fylkeskommune ber staten om å følgje opp med økonomiske midlar slik at vassforvaltingsplanen lar seg gjennomføre i tråd med føringar i vassforskrifta.

PS 108/15 Regional plan for vassregion Vest-Viken 2016-2021

Forslag til innstilling:

1. Jamfør Plan- og bygningslova § 8.4 vedtek fylkestinget følgjande dokument for dei areala som ligg i Hordaland:
 - a. Regional plan for vannforvaltning i vannregion Vest-Viken 2016 - 2021 datert 2.11.15
 - b. Regionalt tiltaksprogram for vannregion Vest-Viken 2016 - 2021 datert 2.11.15

c. Handlingsprogram for vannregion Vest-Viken 2016 datert 2.11.15

2. Fylkestinget føreset at staten legg vassforvaltingsplanen til grunn for det vidare arbeidet med vassforvaltning og at plan- og bygningslova vert nytta som eit sentralt instrumentet for samordna vassplanlegging.
3. Fylkestinget føreset i samband med plangodkjenning at statlege styresmakter gir ei samordna framstilling av prioriteringar og ambisjonsnivå for statlege sektorars/departement sin eigen oppfølging av planen.
4. Fylkestinget føreset at alle styresmakter det vedkjem nyttar planen som grunnlag for gjennomføring av tiltak, budsjettering og enkeltvedtak
5. Fylkestinget ber fylkesrådmannen vurdere ressursbehov for oppfølging av planen ved handsaming av årleg budsjett.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 03.12.2015

Innstillinga vart samrøystes vedteken som innstilling til fylkestinget.

Innstilling til fylkestinget

1. Jamfør Plan- og bygningslova § 8.4 vedtek fylkestinget følgjande dokument for dei areala som ligg i Hordaland:
 - a. Regional plan for vannforvaltning i vannregion Vest-Viken 2016-2021 datert 02.11.2015
 - b. Regionalt tiltaksprogram for vannregion Vest-Viken 2016-2021 datert 02.11.2015
 - c. Handlingsprogram for vannregion Vest-Viken 2016 datert 02.11.2015
2. Fylkestinget føreset at staten legg vassforvaltingsplanen til grunn for det vidare arbeidet med vassforvaltning og at plan- og bygningslova vert nytta som eit sentralt instrumentet for samordna vassplanlegging.
3. Fylkestinget føreset i samband med plangodkjenning at statlege styresmakter gir ei samordna framstilling av prioriteringar og ambisjonsnivå for statlege sektorars/departement sin eigen oppfølging av planen.
4. Fylkestinget føreset at alle styresmakter det vedkjem nyttar planen som grunnlag for gjennomføring av tiltak, budsjettering og enkeltvedtak.
5. Fylkestinget ber fylkesrådmannen vurdere ressursbehov for oppfølging av planen ved handsaming av årleg budsjett.

Saksprotokoll i fylkestinget - 09.12.2015

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

1. Jamfør Plan- og bygningslova § 8.4 vedtek fylkestinget følgjande dokument for dei areala som ligg i Hordaland:
 - a. Regional plan for vannforvaltning i vannregion Vest-Viken 2016-2021 datert 02.11.2015
 - b. Regionalt tiltaksprogram for vannregion Vest-Viken 2016-2021 datert 02.11.2015
 - c. Handlingsprogram for vannregion Vest-Viken 2016 datert 02.11.2015
2. Fylkestinget føreset at staten legg vassforvaltingsplanen til grunn for det vidare arbeidet med vassforvaltning og at plan- og bygningslova vert nytta som eit sentralt instrumentet for samordna vassplanlegging.
3. Fylkestinget føreset i samband med plangodkjenning at statlege styresmakter gir ei samordna framstilling av prioriteringar og ambisjonsnivå for statlege sektorars/departement sin eigen oppfølging av planen.
4. Fylkestinget føreset at alle styresmakter det vedkjem nyttar planen som grunnlag for gjennomføring

av tiltak, budsjettering og enkeltvedtak.

5. Fylkestinget ber fylkesrådmannen vurdere ressursbehov for oppfølging av planen ved handsaming av årleg budsjett.

PS 109/15 Reklamefinansiert kollektivtransport - status og gjennomgang

Forslag til vedtak

Fylkesutvalet tek saka til orientering.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 03.12.2015

Aud Karin Oen sette på vegner av SV, A, KrF, Sp og MDG fram slikt forslag:

"Fylkestinget ber om at alle avtalar og tildelt kontrakt for reklame på bussar og Bybanen til JCDecaux vert avslutta. Det same vert gjort i sak om reklamefinansierte leskur og byromsmøblar."

Terje Søviknes sette på vegner av Frp, H og V fram slikt forslag (I):

"Delvis reklamefinansiering av kollektivsektoren er ein av fleire strategiar for å styrkja kollektivtilbodet i Hordaland. Dette byggjer også opp om målsettinga i Klimaplanen for Hordaland.

Prosjektet vil gje ei forventa inntekt på 20-37 mill. kr pr. år, tilsvarande 140-260 mill. kr i avtaleperioden på 7 år. Dette gjev t.d. potensiale for 200-370 nye bussavgangar dagleg i Bergen pr. år.

Hordaland fylkesting vedtek difor;

- a) Å stå ved inngått avtale med JCDecaux knytt til Fase 1 av prosjektet vedk. avgrensa reklame på buss og Bybanen.
- b) Arbeida vidare med Fase 2 vedk. reklame på leskur og byromsmøblar."

Terje Søviknes sette fram slikt forslag (II):

"Saka vert lagt fram for fylkestinget for endeleg avgjerd."

Røysting

Søviknes sitt forslag (II) vart samrøystes vedteke.

Fylkesrådmannen sitt forslag fekk 6 røyster (H, Frp, V) og fall.

Søviknes sitt forslag (I) fekk 6 røyster (H, Frp, V) og fall.

Oen sitt forslag vart vedteke som innstilling til fylkestinget mot 6 røyster (H, Frp, V).

Vedtak

Saka vert lagt fram for fylkestinget for endeleg avgjerd.

Innstilling til fylkestinget

Fylkestinget ber om at alle avtalar og tildelt kontrakt for reklame på bussar og Bybanen til JCDecaux vert avslutta. Det same vert gjort i sak om reklamefinansierte leskur og byromsmøblar.

Saksprotokoll i fylkestinget - 08.12.2015

Terje Søviknes (Frp) sette på vegner av Frp, H og V fram slikt forslag:

"Delvis reklamefinansiering av kollektivsektoren er ein av fleire strategiar for å styrkja kollektivtilbodet i Hordaland. Dette byggjer også opp om målsettinga i Klimaplanen for Hordaland.

Prosjektet vil gje ei forventa inntekt på 20-37 mill. kr pr. år, tilsvarande 140-260 mill. kr i avtaleperioden på 7 år. Dette gjev t.d. potensiale for 200-370 nye bussavgangar dagleg i Bergen pr. år.

Hordaland fylkesting vedtek difor;

- c) Å stå ved inngått avtale med JCDecaux knytt til Fase 1 av prosjektet vedk. avgrensa reklame på buss og Bybanen.
- d) Arbeida vidare med fase 2 vedk. reklame på leskur og byromsmøblar."

Røysting

Søviknes sitt forslag fekk 22 røyster (Frp, H, V) og fall.
Innstillinga vart vedteken mot 22 røyster (H, Frp, V).

Vedtak

Fylkestinget ber om at alle avtalar og tildelt kontrakt for reklame på bussar og Bybanen til JCDecaux vert avslutta. Det same vert gjort i sak om reklamefinansierte leskur og byromsmøblar.

PS 110/15 Ymse

Saksprotokoll i fylkestinget - 08. og 09.12.2015

SAKSBEHANDLING

Sakene vart behandla i slik rekkjefølgje:

- 8. desember: 89, 109, 91, 93, 94, 96-100/15.
- 9. desember: 90, 101-104, 95, 105-108, 104, 95/15.

OPNING AV FYLKESTINGET (08.12.2015)

Til å skriva under møteboka saman med fylkesordføraren vart Dan Femoen og Marthe Hammer valde.

Fylkesordføraren gjorde framlegg om at møteboka vert godkjend av fylkesordføraren og dei som vart opnemnde til å skriva under møteboka. Fylkestinget slutta seg til dette.

Det var kulturinnslag ved **slagverktrio frå Bergen Filharmoniske Orkester**. Dei utøvande var Peter Kates, Gard Garshol og Manuel Hofstätter.

Fylkesordføraren heldt minnetale over ofra etter terroren i Paris.

Ordføraren i Bergen, Marte Mjøs Persen helste fylkestinget.

Fylkesordføraren heldt opningstalen sin til fylkestinget.

Fylkesrådmannen heldt sin tale.

ORDSKIFTET ETTER TALANE

Etter talane var det ordskifte. 13 representantar hadde ordet.

I samband med talane sette **Aud Karin Oen** fram slikt forslag til fråsegn:

"Fråsegn vedkomande nedlegging av akuttfunksjonane ved Odda og Stord sjukehus
Hordaland fylkesting er sterkt uroa over Helseministeren sitt forslag om å leggja ned akuttberedskapen ved Odda og Stord sjukehus.

Sjukehus utan akuttfunksjon er som eit brannvesen utan tilgang på vatn og vil gje eit kraftig redusert helsetilbod i distrikta i Hordaland. Befolkningsgrunnlag som kriterium er berre eit av mange kriterium som må vektleggjast for kva slags funksjonar eit lokalsjukehus bør ha.

Dei generelle argumenta for å behalda akutttberedskapen ved fleire av dei lokale sjukehusa er at alle skal ha rett på eit likeverdig helsetilbod, uavhengig av bustad og postadresse. Noreg vil i tida framover koma til å trengja all den kapasiteten som desse sjukehusa har å tilby. Dei store sjukehusa er ikkje volummessig rusta til å overta all akuttfunksjonane frå dei små sjukehusa. I tillegg er den økonomiske vinsten høgst uklår.

I tillegg er det nokre heilt spesifikke årsaker knytt til at nettopp Odda og Stord sjukehusa framleis må bestå med fullverdige akuttfunksjonar til innbyggjarane:

Odda er eit samfunn med mykje tungindustri, der det fort kan skje alvorlege ulykker. Til tross for relativ kort transportveg til Haugesund veit vi at dei preoperative tenestene ikkje er tilstrekkeleg utbygd. Transportrutene, både til lands og med helikopter, er forholdsvis ofte stengt grunna ras eller dårleg flygever. Det medfører at Odda med omeign i periodar kan vera heilt isolert.

Til tross for at befolkningsgrunnlaget for Odda sjukehus er rekna til ca. 12.000, veit vi at det om sommaren aukar til 70.000, grunna turister som skal til Trolltunga. Det har i år vore fleire farlege redningsaksjonar der.

Stord har et befolkningsgrunnlag på 49.000, altså knappe 10.000 under det talet som er anbefalt for å oppretthalde akuttfunksjon, og er eit område med stadig befolkningsvekst. Den største arbeidsplassen er Aker Stord, som er heilt avhengig av akutttberedskap. I tillegg har Stord stor gjennomfartstrafikk, og det er i de nærmaste åra planlagt store vegbyggingsprosjekt, noko som vil medføra ein auka fare for ulykker. Stord har og ein flyplass og det har vore to store flyulykker der.

Stord kan med enkle grep frå Helse Fonna få tildelt funksjonar som gjer at de kjem over den anbefalte pasientpopulasjonen, slik Voss har fått frå Helse Bergen.

Hordaland fylkesting ber helseministeren og Stortinget om å skrinleggja desse planane og oppretthalda sjukehusa i Odda og Stord med akuttfunksjonar."

Forslaget vart behandla på slutten av tingsetet, 09.12.2015.

Fylkestinget vedtok samrøystes å realitetsbehandle forslaget til fråsegn og vedtok deretter samrøystes forslaget.

Vedtak

Fråsegn vedkomande nedlegging av akuttfunksjonane ved Odda og Stord sjukehus

Hordaland fylkesting er sterkt uroa over Helseministeren sitt forslag om å leggja ned akutttberedskapen ved Odda og Stord sjukehus.

Sjukehus utan akuttfunksjon er som eit brannvesen utan tilgang på vatn og vil gje eit kraftig redusert helsetilbod i distrikta i Hordaland. Befolkningsgrunnlag som kriterium er berre eit av mange kriterium som må vektleggjast for kva slags funksjonar eit lokalsjukehus bør ha.

Dei generelle argumenta for å behalda akutttberedskapen ved fleire av dei lokale sjukehusa er at alle skal ha rett på eit likeverdig helsetilbod, uavhengig av bustad og postadresse. Noreg vil i tida framover koma til å trengja all den kapasiteten som desse sjukehusa har å tilby. Dei store sjukehusa er ikkje volummessig rusta til å overta all akuttfunksjonane frå dei små sjukehusa. I tillegg er den økonomiske vinsten høgst uklår.

I tillegg er det nokre heilt spesifikke årsaker knytt til at nettopp Odda og Stord sjukehusa framleis må bestå med fullverdige akuttfunksjonar til innbyggjarane:

Odda er eit samfunn med mykje tungindustri, der det fort kan skje alvorlege ulykker. Til tross for relativ kort transportveg til Haugesund veit vi at dei preoperative tenestene ikkje er tilstrekkeleg utbygd.

Transportrutene, både til lands og med helikopter, er forholdsvis ofte stengt grunna ras eller dårleg flygever. Det medfører at Odda med omeign i periodar kan vera heilt isolert.

Til tross for at befolkningsgrunnlaget for Odda sjukehus er rekna til ca. 12.000, veit vi at det om sommaren aukar til 70.000, grunna turister som skal til Trolltunga. Det har i år vore fleire farlege redningsaksjonar der.

Stord har et befolkningsgrunnlag på 49.000, altså knappe 10.000 under det talet som er anbefalt for å oppretthalde akuttfunksjon, og er eit område med stadig befolkningsvekst. Den største arbeidsplassen er Aker Stord, som er heilt avhengig av akuttberedskap. I tillegg har Stord stor gjennomfartstrafikk, og det er i de nærmaste åra planlagt store vegbyggingsprosjekt, noko som vil medføra ein auka fare for ulykker. Stord har og ein flyplass og det har vore to store flyulykker der.

Stord kan med enkle grep frå Helse Fonna få tildelt funksjonar som gjer at de kjem over den anbefalte pasientpopulasjonen, slik Voss har fått frå Helse Bergen.

Hordaland fylkesting ber helseministeren og Stortinget om å skrinleggja desse planane og oppretthalda sjukehusa i Odda og Stord med akuttfunksjonar.

INNBYGGJARFORSLAG (08.12.2015)

I samband med behandling av PS 89/15 "Dimensjonering av Studiespesialiserande (ST) i Bergen" opplyste fylkesordføraren at Hordaland fylkeskommune har motteke innbyggjarinitiativ på vegner av elevar og foreldre ved Fana gymnas: "Innbyggerforslag, jfr Kommunelovens § 39 A. Mistillitt mot Fylkeskommuneadministrasjon og fylkestingets behandling av spørsmålet om nedleggelse av Fana Gymnas. Krav om utsettelse og uavhengig tilstandsvurdering."

IDRETTSPRISAR 2015 (09.12.2015)

Hordaland fylkeskommune sine **utviklingsstipend i idrett** for 2015 vart tildelt:

Kjerstin Boge Solås (f. 1997)	Handball	Tertnes Elite
Bjørnar Neteland (f. 1991)	Alpint	Fana IL
Erling Fagerbakke Fosse (f. 1997)	Langrenn	Voss IL
Harald Ivarsen (f. 1999)	Padling	Fana Kajakk klubb
Sigrid Borge (f. 1995)	Friidrett, kast	Osterøy IL

Kvart stipend er på kr 25 000. Utdelinga vart gjort av leiar i utval for kultur, idrett og regional utvikling, Beate Husa.

Fylkeskommunen sine utviklingsstipend innan idrett kan tildelast einskildutøvarar, trenarar og dommarar. Ein person kan berre få slikt stipend ein gong. Målet med stipenda er å gje mottakarane stimulans og høve til vidareutvikling i si idrettsgrein. Ved tildelinga av stipend vert det lagt vekt på: idrettsprestasjonar, potensial og planar for vidare satsing innan idretten.

Hordaland fylkeskommune si utmerking for **særlege idrettsprestasjonar** 2015 vart tildelt:

Mariann Vestbøstad Marthinsen	Langrennspigging friteknikk Sølvmedalje i sprint og bronsemedalje 12 km	VM i Cable USA 2015
Sverre Lunde Pedersen	Skøyter Allround Bronsemedalje	VM i Calgary 2015
Håkon Jarvis Westergård	Orientering Sølvmedalje i stafett	VM i Skottland 2015
Kristoffer Brun	Roing dobbeltsculler lettvekt Bronsemedalje	VM i Frankrike 2015
Marielle Lind	ITF Taekwondo	VM i Jesolo i Italia 2015

	Bronsemedalje i tradisjonell sparring	
Madeleine Lind	ITF Taekwondo Gullmedalje i mønster 2. dan og bronsemedalje i tradisjonell sparring	VM i Jesolo i Italia 2015
Ulrik Berntsen	Vannjet Pro Am Ski Stock Gullmedalje	VM i Lake Havasu Arizona 2015
Espen Drange	ITF Taekwondo Verdsmeister i sparring 63 kg	VM i Jesolo Italia 2015
Per Ivar Pahlm	Langbue Herrer 3D Gullmedalje	VM i Terni Italia 2015
Monica Engeseth	Kickboxing Sølvmedalje i Pointfighting 50 kg	VM i Antalya i Tyrkia 2015
Milton Galarreta	Kickboxing Bronsemedalje i fullkontakt 70 kg	VM i Antalya i Tyrkia 2015
Daniel Andersen	Pro ski stock limited Sølvmedalje	VM i Lake Havasu Arizona 2015
Stian Schjetlein	Sølvmedalje i pro ski slalom og bronsemedalje i pro ski lite	VM i Lake Havasu Arizona 2015

Hordaland fylkeskommune si markering av særlege idrettsprestasjonar er ei utmerking som heng svært høgt. Det er idrettsprestasjonen som kvalifiserer utøvarane til en slik utmerking. Kravet er medaljeplassering i verdsmeisterskap eller olympiske leikar. Verdsrekordar og siger i verdscupen samanlagt kvalifiserer også til fylkeskommunen si utmerking. Utøvarane må representere ein klubb frå Hordaland.

Fylkesordførar Anne Gine Hestetun overrekte utmerkinga.

ATTRAKTIVE FRILUFTSOMRÅDE (09.12.2015)

Herdla på Askøy og Vardetangen og Årvika i Austrheim vart kåra til Hordaland sitt mest attraktive friluftsområde. Dei to vinnarområda vart tildelt prisen mellom anna på bakgrunn av god tilrettelegging for ungdom og ny aktivitet.

Ordførar Terje Mathiassen i Askøy kommune og kulturleiar i Austrheim kommune, Kari Utkilen, tok imot prisen på vegner av kommunane. Prisen var på 15.000 kroner, eit bilete av Sveinung Iversen med friluftsmotiv og ei slakk line.

Ein fagjury har vurdert alle innkomne forslag, medan kåringa var gjort av utval for kultur, idrett og regional utvikling i Hordaland. Prisen vart delt ut av Agnes Bernes, leiar av Ungdommens fylkesting.

Kåringa er ein del av markeringa av Friluftslivets år 2015.

OPPFINNARPRISEN 2015 (09.12.2015)

Oppfinnarprisen skal bidra til å synleggjere og heidre kreativitet, innovasjon og verdiskaping i Hordaland. Dei som får oppfinnarprisen skal ha fast adresse i Hordaland. I tillegg må dei ha evne og vilje til å realisere og kommersialisere oppfinninga si.

Hordaland fylkeskommune sin oppfinnarpris for 2015 vart tildelt til Rolf Kahrs Hansen og Magne Tvinnereim i selskapet Spiro Medical AS for oppfinninga **ApneaGraph® Spiro**, som er eit instrument som målar lungetrykk og identifiserer blokkeringane som forårsakar pusteproblem under søvn. Data om trykk, pust, puls, lyd (som snorking) og oksygeninnhald i blodet vert automatisk analysert og gjort tilgjengeleg for legen.

Så mange som 20 % av oss lir av ei eller anna form for søvnrelatert pusteproblem. Med oppfinninga vil fleire få muligheit til riktig diagnose som gjer at fleire får tidlegare og rett behandling.

Prisen vart utdelt av fylkesordførar Anne Gine Hestetun. Oppfinnarprisen 2015 var på 100.000 kroner.

To oppfinnarteam fekk **heidarleg omtale**:

- Den første heiderlege omtalen gjekk til oppfinninga **Milla Says**, som er ein digital lærings- og kommunikasjonsplattform for Tegn-Til-Tale. Oppfinninga er retta mot born med forseinka språkutvikling, der dei kan bruke teikn til å kommunisere og lære ord og omgrep. Bak oppfinninga står oppfinnarteamet Aleksander Helmersberg, Runar Brøste og Are Bu Vindenes i selskapet Milla Says AS.
- Den andre heiderlege omtalen i gjekk til Bryggen Research AS, for deira oppfinning **GRASP**, som er ein steinliknande gjenstand som let seg klemme på. Grasp skal nyttast av personar som har vanskar og utfordringar med å nytte vanlege kartleggingsverky innan psykisk helse. Målgruppa er spesielt born, framandspråklege, rusmisbrukarar, eldre og folk med sterke psykiske plagar. Bak oppfinninga står oppfinnarteamet Tor Gjørseter, Jørund Fjøsne, Martin Lie og Aleksander Krzwinsky.

PRESENTASJONAR (09.12.2015)

Jernbaneverket v/strategidirektør **Lars Christian Stendal** og prosjektleiar **Hanne Dybwik-Rafto** orienterte om konseptvalutgreiing (KVU) for logistikknutepunkt i Bergensregionen.

Direktør i Skys, **Oddmund Sylta**, orienterte om neste generasjon ferjeambod.